



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Møteinnkalling

Utval: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtestad:
Dato: 15.03.2024
Tidspunkt: 13:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Det er bestilt eige møterom til teamsmøtet for dykk som deltek på styresamling i Innlandet denne dagen.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 9/2024	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 10/2024	Referatsaker		
RS	Ny veileder om oppfølging av ulovlige forhold i verneområder		2024/2162
RS	Artsliste - Jotunheimen NP - dispensasjon - innsamling av mose - Moseklubben		2022/7269
ST 11/2024	Delegerte vedtak		
1/2024	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Midlertidig dispensasjon - Motorferdsel - 2024 - Drift og vedlikehold av turisthytte - Memurubu Turisthytte		2022/3322
2/2024	Delegerte vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2024-2027- Motorferdsel i samband med drift av hytter - Lom fjellstyre		2024/559
ST 12/2024	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Prioritering av midlar til tiltak i verneområde - naturrestaurering - SNO-ressursar - 2024		2023/14151
ST 13/2024	Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - drift og vedlikehold av turisthytte - Memurubu Turisthytte		2022/3322
ST 14/2024	Jotunheimen NP - Ultaldalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2024 - 2028 - Oppsynsoppdrag og forvaltning av villrein - Vest-Jotunheimen Villreinutval		2024/3200
ST 15/2024	Klage på avslag - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - Dispensasjon - 2024-2027 - Kjentmannskøyring - Luster Røde Kors Hjelpekorps		2023/14852
ST 16/2024	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2024 - Montering av nye solcellepanel på hytta i Koldedalen		2023/14705
ST 17/2024	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2024 - Montering av nye solcellepanel på Fannaråkhytta - DNT Oslo og Omegn		2024/2603
ST 18/2024	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - rådgjevande utval - oppnemning - 2024 - 2027		2023/15410
ST 19/2024	Eventuelt		

ST 9/2024 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 10/2024 Referatsaker

Ny veileder om oppfølging av ulovlige forhold i verneområder 2024/2162

**Artsliste - Jotunheimen NP - dispensasjon - innsamling av mose - Moseklubben
2022/7269**

ST 11/2024 Delegerte vedtak

**1/2024 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Midlertidig dispensasjon - Motorferdsel
- 2024 - Drift og vedlikehold av turisthytte - Memurubu Turisthytte 2022/3322**

**2/2024 Delegerte vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2024-2027-
Motorferdsel i samband med drift av hytter - Lom fjellstyre 2024/559**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	12/2024	15.03.2024

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Prioritering av midlar til tiltak i verneområde - naturrestaurering - SNO-ressursar - 2024

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen registrerer at tildelt løyving til tiltak for tilrettelegging ligg på ca. 70 % av innmeldt behov/søknad, medan tildeling av skjøtselsmidlar er fullt i samsvar med søknaden. Det kan verta behov for å søke om tilleggsmidlar til tiltak dersom det blir opna for dette i løpet av året. Jotunheimen er eit svært trafikkert område med stort behov for tilrettelegging og stiskjøtsel for å førebyggje og reparere erosjonsskader. På fleire stistrekningar som i utgangspunktet var sterkt prega av trakk/slitasje medførte uværet «Hans» ytterlegare erosjon, slik at ein burde hatt ekstra midlar til å utføre vedlikehald der.

- Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvingane til drift av styre og til planarbeid.

Drift av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	kr. 340.000
Arbeid med forvaltningsplan / besøksstrategi	kr. 50.000
Kartlegging av sårbare verneverdiar og slitasje i Gjendeområdet	kr. 0
Grunnstøtte drift	Kr. 100.000*
Sum løyving under post 14.20.21	kr. 490.000

- Grunnstøtte drift på 100.000* løyvd over post 14.20.21 blir fordelt slik

Vedlikehalde og supplere tilrettelegging – jf. besøksstrategien	100.000
Fullføre og vedlikehalde tiltak ved innfallsportane	
- Utkikkspunkt Sognefjellet, kanaliseringstiltak / grusing av sti	12.000
- Fornyng av informasjonstavle, Koldedalen	8.000
- Utsifting av kartavler med revidert kart	20.000
Drift innfallsport Veodalen	6.000
Drift ved Sognefjellshytta, demontering og oppsett av rekkverk	4.000
Stiltak, forlenge kjetting på utsett parti ved Veslløyfte, Besseggen	10.000
Til disposisjon, vedlikehald/drift elles	40.000

- Drift av sekretariatet inngår i budsjetttramme for Statsforvaltarane i Innlandet og Vestland. Nasjonalparkstyret legg til grunn at løyvingane til sekretariat med ein forvaltar hos Statsforvaltaren i Innlandet og ein forvaltar hos Statsforvaltaren i Vestland blir tilpassa det behovet ein har for å kunne følgje opp arbeidet med kunnskapsbasert forvaltning av verneområda. Styret finn det uheldig dersom budsjettet ikkje gjev rom for å følgje opp med nødvendige synfaringar og deltaking på møte og samlingar som krev reiser. Budsjettet må ta høgde for at deltaking på landsdekkande fagsamlingar av og til vil krevje flyreiser og ekstra overnattingar – dette gjeld særleg for stillinga plassert på vestsida.

4. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer dei 1.100.000 kr. i tiltaksmidlar som er løyvd med økonomiansvar hos forvaltninga for 2024 slik:

A. Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen.	1.100.000
Fullføre reparasjon av Bessegg-stien etter uværet «Hans»	650.000
Oppgradering og sikringstiltak på sti Vetti-Vettismorki	450.000

Forvaltarane har fullmakt til å gjera mindre interne omprioriteringar mellom tiltak dersom det blir meir eller mindre forbruk enn stipulert. Styret blir orientert i påfølgjande møte.

5. Prioritering av skjøtselsmidlar forvalta av SNO Jotunheimen:

Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	290.000
Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	200.000
Styving/rising av alm og lind i heimre Utladalen	50.000
Krattrydding/vedlikehald kulturlandskap Øvre Utladalen	40.000
Styrt beiting (storfe) i Gjendebuområdet	100.000
Kratt og skogrydding / vedlikehald kulturlandskap Gjendebuområdet	35.000
Styrt beite ved Gjendebu (geit)	20.000
Slått av kve ved Gjendebu for ivaretaking av biologisk mangfald Blir i utgangspunktet gjennomført annakvart år – sist utført 2023	30.000
Sum skjøtselstiltak (direkte løyving SNO-budsjett)	765.000

SNO og forvaltarane har fullmakt til å gjera mindre interne omprioriteringar ved behov.

6. Plassering av dei tildelte ferdselsteljarane (eco-counter) blir prioritert slik:
- 1) Teljing ved Vetti opp mot Vettismorki, for å følgje utviklinga på tal besøkande før og etter tilrettelegging med nytt utsiktspunkt og ny sjølvbeteningshytte på Vettismorki.
 - 2) Galdhøpiggen frå Juvflye, for å få eit inntrykk av samla ferdsel mot Piggen på berrmark.
 - 3) Knutshøe, for å få oppdaterte tal i eit område med ferdselsutfordringar og forsøk på styring av ferdsel gjennom pilotprosjekt i UT.no
 - 4) Skagastølsdalen, for å få eit inntrykk av tal besøkande inn mot Hurrungane / Vest-Jotunheimen i sommarhalvåret
 - 5) Vesleløyfte, Besseggstien. Teljing på same plass som 2017-22, for å kunne følgje utviklinga ved Nasjonal Turiststi Bessegg over ein lengre periode.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Sak 37/2023 i møte 21.11.23 i Nasjonalparkstyret, med tilhøyrande bakgrunnsdokument
- E-post av 13.11.23 frå Miljødirektoratet - Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder – 2024.
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025
- Vågå fjellstyre - Rapport – Behov for kløppling/stilrettelegging Leirungsdalen. Stibefaring Leirungsdalen 13. sept 2023 – Oskar Pettersen
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen, godkjent 07.11.12, med seinare justeringar
- Søknad om tiltaksmidlar 2024, Elektronisk søknadssenter (ESS) 10.01.2023.
- Tildeling av tiltaksmidlar 2024, Miljødirektoratet (ESS), behandling.
- Tildeling av midlar til styret og planarbeid – Miljødirektoratet (ESS).
- Klima- og miljødepartementet - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene*
- Miljødirektoratet – *Strategi for bruk av tiltaksmidler 2020-2025*

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret vurderte i sak 37/2023 kva tiltak ein skulle søke om. Det vart søkt om større beløp for fullføring av stiltak på Besseggen-stien, fullføre opprusting av stien opp frå Vetti til Vettismorki og generelt vedlikehald av stinettet etter uværet «Hans». Det var også søkt om midlar til diverse opprusting og vedlikehald ved innfallsportar. Søknaden hadde eit svært nøkternt nivå, med nødvendig vedlikehald av eit stinett som har generelt stor belastning og ekstra stor erosjon i 2023 som følgje av uværet «Hans». Alle tiltak er sett opp med det ein ser som eit minimumsbehov for å oppretthalde nødvendig standard på stinettet.

Det vart søkt om totalt 2.325.000 kroner, fordelt på 1.560.000 til tiltak og 765.000 til skjøtsel. Søknad om skjøtselstiltak er innvilga fullt ut, i tråd med strategi for bruk av tiltaksmidlar, og blir utført under leing av SNO-Jotunheimen. Tiltak for tilrettelegging i regi av forvaltninga er tildelt vel 70 % av omsøkt beløp, eller 1,1 mill. kr. – jf. oversikt under. Det må gjerast ei streng prioritering innan løyvd ramme for tiltak.

På grunn av erosjon under uværet «Hans» på allereie slitte stistrekningar bør ein vurdere søknad om tilleggsloyping for nødvendige stiltak ved andre tildeling, etter at ein har gått over og planlagt eventuelle tiltak som evt. kan utførast til hausten, dersom ein får midlar da.

Midler til tiltak i verneområder (kap 1420 post 31)

Oversikt	Søknad	Saksbehandling	Rapport		
Pri.	Navn	Status	Innvilget beløp	Øk. ansvarlig	Kommentar
1	Utbetring av Besseggen-stien etter uværet "Hans"			Forvaltningsmyndighet	
2	Rekkverk på stien opp på Vettismorki frå Vetti.			Forvaltningsmyndighet	
3	Stiltak Jotunheimen – behov for utbetringar			Forvaltningsmyndighet	
4	Slått Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	OK	290 000	Lokalt SNO	
5	Styrt beite Skåri, Avdalen, Vetti i Utladalen	OK	200 000	Lokalt SNO	
6	Styving/rising av alm og lind	OK	50 000	Lokalt SNO	
7	Krattrydding/vedlikehald Øvre Utladalen	OK	40 000	Lokalt SNO	
8	Styrt beite ved Gjendebru (storfe)	OK	100 000	Lokalt SNO	
9	Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebruområdet	OK	35 000	Lokalt SNO	
10	Styrt beite ved Gjendebru (geit)	OK	20 000	Lokalt SNO	
11	Slått av seterkve ved Gjendebru	OK	30 000	Lokalt SNO	
12	Ferdselsteljarar			Lokalt SNO	
13	Samlet pott	OK	1 100 000	Forvaltningsmyndighet	
Antall: 13			1 865 000		

Søknad om midlar til styre og planarbeid vart innvilga i tråd med søknad. Søknad om midlar til kartlegging av sårbar natur vart avslått pga avgrensa rammer i statsbudsjettet.

Nytt frå 2024 er det det blir løyvd ein rund sum som grunnstøtte drift, og her fekk Jotunheimen / Utladalen tildelt 100.000 kr. Dette kan nyttast til mindre tiltak og vedlikehald.

Behovsinnmelding statsforvalteren

Oversikt	Søknad	Saksbehandling	Rapport
Navn	Status	Innvilget beløp	Kommentar
Drift Nasjonalparkstyret for Jotunheimen/Utladalen	Innvilget	440 000	Innvilget 340 000,- til drift av styret og 100 000,- i grunnstøtte drift.
Revisjon av forvaltningsplan og besøksstrategi	Innvilget	50 000	
Kartlegging av sårbar natur påverka av ferdset	Avslag	490 000	

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, og forvaltar verneområda i medhald av vedtekter, sist revidert 19.01.2024. Siste avsnitt i pkt. 6.6 i vedtektene gjev slike føringar: *«Nasjonalpark-/verneområdestyret tildes etter søknad til Miljødirektoratet årlig midler til skjøtsel og forvaltning til prioriterte tiltak i henhold til vedtatte forvaltnings- og skjøtelsesplaner. Tildelingene skjer ut ifra de budsjettmessige rammer det enkelte året. Nasjonalpark/verneområdestyret prioriterer bruken av de tildelte midlene. Alle tiltak skal være i tråd med godkjent forvaltnings- og tiltaksplan for verneområdene og andre relevante styringsdokumenter.»*

Vurdering

I sak 37/2023 var det vedteke å søke om tiltaksmidlar for følgjande formål:

- Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategi og forvaltningsplan
- Utsjekk og eventuell fornying av tiltak ved av innfallssportane - stell og vedlikehald ved informasjonstavler, m.m.
- Formidling av ulike verneverdiar gjennom temabrosjyrar, naturstig og liknande.
- Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen.
- Rekkverk på stien opp på Vettismorki frå Vetti. Utskifting og supplering på utsette punkt.
- Vedlikehald og førebyggjande tiltak på stistrekningar med registrert slitasje / erosjon: Øvre Leirungsdalen langs Knutshøe, sti frå Gjendebeu mot Svartdalen, stinett rundt Gjendebeu og mot Storådalen, Bessegg-stien, og evt. andre lokalitetar som blir meldt inn.

Reparasjon av Besseggen-stien

På grunnlag av søknad datert 01.09.2023 løyvde Miljødirektoratet 450.000 kroner til reparasjon av Besseggenstien. Det vart etter utlysing sett i gang arbeid på den mest øydelagte strekinga på stien opp frå brygga ved Gjendeosen, men arbeidet måtte avsluttast i slutten av oktober pga tele i bakken. Det vart søkt om ny løyving i 2024 for fullføring av påbegynt arbeid, i tråd med signert kontrakt av 09.10.23 med utvald entrepenør. Arbeidet er mengderegulert, og gjenstående arbeid er stipulert til ca. 660.000 kroner. Samla kostnad har auka som følge av at arbeidet måtte avbrytast slik at det vart doble riggekostnader. Arbeidet skal setjast i gang att i mai/juni, så snart det er mogleg. Planen er fullføring før sesongstart på Gjendebåten.

Stien Vetti-Vettismorki

Utsiktspunkt Vettisfossen med ny plattform vart ferdigstilt hausten 2022. I 2023 vart det utført stiltak/steinsetting ved hjelp av sherpaer på stien opp frå Vetti mot Vettismorki, og brua over Morkaelvi vart skrifton ut til ei meir solid bru med tosidig rekkverk og tilfredsstillande forankring på begge sider av elva. Gamle stiløp og dei nedslitne partia rundt den tidlegare utsiktsplassa vart revegetert og sett i stand før opninga i juni 2023. Det som står att er utskifting/supplering av rekkverk/vaier som har vore sett opp tidlegare på stien opp frå Vetti.

Alt rekkverk bør få lik utforming, i tråd med formingsrettleiar utarbeidd av Dronninga Landskap i 2021/22. Med dette vil heile strekninga få eit heilskapleg uttrykk som harmonerer med materialval og utforming av alle tiltak fram til utsiktsplassa som vart opna i juni 2023. Avgrensa ressursar har gjort at ein har fordelt investeringane over tid, med planlegging 2020-21, bygging av plattform i 2022, og fullføring av stiltak og terrengarbeid i 2023 og 2024. Det vart søkt om 500.000 til rekkverk, som av omsyn til fugleliv og friluftsliv/turisme må utførast på hausten. Da vil ein også ha endeleg rekneskap på Besseggenstien og kan disponere resten på tiltak rekkverk.

Andre stiltak

Tiltaksmidlane må i år gå til dei to større tiltaka som er påbegynt, men det er årleg behov for vedlikehald av stinettet for å hindre og førebygge erosjon på strekingar med høg ferdsel og slitasje. Løyvinga ein har fått strekk ikkje til for innleige av sherpaer, og ut frå rapportert slitasje bør ein vurdere å søke om tilleggsmidlar ved andre tildeling i 2024. Det er m.a. innmeldt behov for utbetring av stien frå Gjendebu mot Svartdalen, og stinettet elles rundt Gjende er prega av generell slitasje og påfølgande erosjon etter store nedbørsmengder.

Knutshø-stien på retur gjennom Øvre Leirungsdalen er svært opptrakka i enkelte blaute parti, og det er inngått avtale med Vågå fjellstyre om utlegging av gangbaner, i tråd med tiltaksliste i rapport frå september 2023 frå Oskar Pettersen i Vågå fjellstyre. Det blir uttransport av gangbaner med snøskuter i vår, og montering ut på sommaren. Det er umerka sti, men tiltak blir utført for å hindre at trakkete spreier seg utover i sårbar vegetasjon nede i dalen.

Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien:

Fornyng av informasjonstavler til nytt design ved alle sentrale innfallsportar har vore gjennomført trinn for trinn, i tråd med besøksstrategien. Tabellen under viser status for dei ulike innfallsporene, med tiltak utført i tråd med merkevaren (grøn), under arbeid (lysegrøn) og tiltak planlagt (lyseblå). Utan farge er punkt for vidare vurdering:

Utkikkspunkt	
Pilot innfallsport Sognefjellshytta	Pilotsatsing, inkl. gangbru og opparbeidd sti, 2018. Reklamasjon på glastavler, erstatta med aluminiumstavler i 2021. Rekkverk utskifta med ei ny løysing som blir demontert kvar haust for å unngå snøskader.
Pilot innfallsport Sognefjellshytta, tilpassing og ferdigstilling rundt ny terrasse	Gangveg på austsida av turisthytta vart utsett i påvente av ny terrasse på Sognefjellshytta. Traseen for god kanalisering mot brua frå aust vart ferdigstilt i 2023. 12.000 kr til grusing blir dekt over grunnstøtte drift.
Sikteskive på utsiktstopp	Ferdigstilt 2023, reklamasjon på oppripa aluminiumsplate.
Startpunkt	
Skiltstativ med nye stålskilt Krossbu Turtagrø	Del av pilotprosjektet, Utført 2018. Reklamasjon på glastavler, erstatta med nye aluminiumstavler i 2021.
Skilt på stativ samlokalisert med andre Nye tavler ved Gjendeosen og Reinsvangen	Samarbeid med Nasjonale Turistveger, 2019

Nye skilt på eksisterande stativ Juvflya Gjendebu og Memurubu Koldedalen	Del av pilotprosjektet, utført 2018 Utskifting gamle skilt Gjendebu og Memurubu 2018, falma skilt fornya 2023 Utskifting av falma skilt i 2024 – grunnstøtte drift
Eidsbugarden	Erstatta øydelagt skilt med eitt i nytt design 2020. Format tilpassa kommunal informasjonstavle. Øydelagt skilt må skiftast i 2024 – grunnstøtte drift
Glitterheim ved bom i Veodalen	Erstatta portstolpar med markørar i nytt design 2020. Utskifting skilt, eksisterande stativ 2019-21
Utladalen / Hjelle	Forprosjekt om informasjon frå parkering og inn til Utladalen, utarbeidd 2019. Tiltak utført 2020-2021
Spiterstulen/Visdalen Leirvassbu	Ombruk av stativ/skifertavler. Trykk 2021, montert i 2022
Utsiktsplattform Vettisfossen	Forprosjekt 2020. Prosjektering 2021. Bygging 2022. Opning juni 2023
Nye tavler og andre tiltak med utforming etter merkevaren	
Bygdin	Tavle ved brygga, gammal design, bør skiftast når endeleg plassering av brygge er avklara i reg.plan
Vargebakkane og Valdresflya?	Avhengig av ev. infopunkt i regi av Turistvegprosjektet
Eidsbugarden / Tyinkrysset (Fv. 53)	Samarbeid med Statens vegvesen?
Vegaskjelet kryss Fv 55 mot Leirvassbu	Samarbeid med Turistvegprosjektet ?
Infopunkt Beitostølen	Det har vore kontakt med Langsua NP, med tanke på å få etablert nasjonalparkinformasjon på reiselivsdestinasjonen som kanalisere mange besøkande inn i verneområda. Samarbeidsmøte gjennomført i 2021, og tiltaket bør følgjast opp vidare.
Felles infopunkt i Gaupne	Samarbeid med Jostedalbreen og Breheimen NP-styre
Nye kartplakatar med oppdatert informasjon	Kartplakatane bør oppdaterast med informasjon om dei to nye nasjonalparksentera. Dekke over grunnstøtte drift.

Andre infopunkt

Utskifting av tavler ved brygga på austsida av Bygdin er sett på vent, inntil ein får sett framdrift på ei planlagt flytting av brygga. Andre nye informasjonspunkt langs Fv. 51 kan bli vurdert. Infopunkt ved Tyinkrysset (Fv. 53) må vurderast i samarbeid med Statens Vegvesen.

Andre publikumsretta informasjonstiltak

Utvida informasjon retta mot dei reisande på turistvegstrekinga fv. 55 er ønskt frå reiselivet. Sikteskive på utsiktstopp i tilknytning til gangvegen ved innfallsport Sognefjellshytta vart ferdig våren 2023. Frå utsiktstoppen ser ein mot Smørstabbtindane, Hurrungane og Fannaråken, og namn på fjelltoppane er gravert på sikteskiva.

Ved Krossbu er det lagt til rette for geologivandring inn mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbreen, da det her er svært tydelege kvartærgeologiske formasjonar som eignar seg for formidling. Tiltaket er eit spleiselag mellom fleire aktørar, der Norsk fjellsenter har leia oppfølging av ei tidlegare avtale om informasjon langs Fv. 55 over Sognefjellet.

Naturstigen langs Gjende mot Hamnsanden er eit lågterskeltilbod som vart etablert i 2013. Tavlene bør reviderast og utformast i tråd med gjeldande designmanual når ein får ressursar.

Det er i 2024 starta eit arbeid med ny natursti langs Vettisvegen i Utladalen, i samarbeid med Utladalen nasjonalparksenter. Her ønskjer vi å formidle kunnskap om natur-, kultur- og landskapsverdiane i området.

Temabrosjyre dyre- og planteliv

Det er fleire som ønskjer informasjon om dyre- og planteliv. Ein hadde tidlegare ein brosjyre om fuglelivet i verneområdet. Nå definert som tiltak utanfor postformål av Miljødirektoratet.

Drift, m.m.

Drift av etablerte tiltak (m.a. toalett ved parkering i Veodalen) krev om lag 5.-10.000 årleg. Tilsyn med, og vedlikehald av den nye utsiktsplattforma ved Vettisfossen og oppstramming / nedtaking av vaier på sikringsgjerdet er førebels stipulert til 5.-10.000 årleg. Rekkverk ut mot gangbrua over Fantesteinvatnet må takast ned kvar haust og monterast opp ved sesongstart. Kostnader blir dekt over grunnstøtte drift.

Oppsummering tiltak:

Finansiering av utsiktsplattforma har vore ressurskrevjande, og det har vore avgrensa midlar til anna tiltaksarbeid. I søknad for 2024 vart stiarbeid prioritert, for fullføring av igangsette tiltak og nødvendige tiltak der ein har registrert slitasje og stor erosjon etter uværet «Hans».

Skjøtsel (skjøtselsbudsjett administrert av SNO):

Skjøtsel ved Gjendebu og i Utladalen vert planlagt vidareført, i tråd med strategi for bruk av tiltaksmidlar som seier at igangsett skjøtsel må ha prioritet. Skjøtsel ved Gjendebu skjer i tråd med tilrådingane i evalueringsrapport frå Miljøfaglig Utredning frå 2011. Det er her etablert eit godt samarbeid med Storådalen beitelag, Lom fjellstyre og verten på Gjendebu.

Å ta vare på kulturlandskapet er ein viktig del av verneformlået med Utladalen landskapsvernområde. Skjøtselstiltaka i Utladalen har derfor gått over fleire år og er omfattande. Arbeidet blir utført i nært samarbeid med Utladalen Naturhus. Skjøtsel i Øvre Utladalen vart i 2021 utvida til å omfatte kulturlandskapet rundt Skogadalsbøen, i tillegg til vedlikehald av kulturlandskapet ved dei gamle sela i Guridalen.

Det vart i 2022 utført detaljert kartlegging av lindebestanden med styving-/risingstre ovafor Hjelle. Rapport levert i januar 2023 viser at ei eventuell utviding av styvingsområdet med lindetre vil vera ressurskrevjande i høve til det ein kan oppnå med betring av artsmangfaldet. Det blir derfor ikkje tilrådd å auke omfanget av styving her. Styving av alm innunder Avdal Gard held fram, da dette har høgare verdi både i høve til biologisk mangfald og formidlingsverdi overfor besøkande. Her er det og behov for meir detaljert kartlegging.

Skjøtsel av kulturmark er svært ressurskrevjande, og krev innsats over tid. Prioritering mellom tiltaksområde bør vere fagleg forankra i skjøtselsplanen, og vurderast konkret sett i høve verneformålet. Ved behov for strengare prioriteringar må verneverdi/verneformål vektleggast. Tiltak i samarbeid med aktive drivarar i landbruket har stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

Ein oppdatert skjøtselsplan vil danne grunnlaget for korleis ein bør prioritere områda med aktiv skjøtsel innan Utladalen LVO. Revidert skjøtselsplanutkast som vart ferdigstilt i 2022 manglar formell godkjenning. Vi ønskjer å prioritere arbeidet i 2024.

Forslag til fordeling av skjøtselsmidlane er i tråd med søknad og tildeling.

Nettsider

Publikumsretta nettside www.jotunheimen.info vart etablert i 2020, med tekst på norsk, engelsk og tysk. Det er inngått avtale med eit firma om teknisk vedlikehald. Dette og evt. tenestekjøp for redigering vert dekt innan drift/styre. Forvaltarane driftar nettstaden www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen/ som er styret sine heimesider.

Ferdselsteljing

Ferdseleksregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje bruksmønster og hauste erfaringar, for å kunne vurdere tiltak for å skjerme sårbare område og styre ferdsel til mindre sårbare periodar. Vi vonar å kunne disponere 5 teljarar også i 2024. Det er ønskeleg med kontinuitet på teljingane over Besseggen, på Knutshøe og i området mot Vettisfossen. Ein legg opp til teljing over minst to år på andre prioriterte punkt, for å unngå tilfeldige utslag.

Det er interessant med teljing ved Vetti gard i Utladalen for å skaffe betre oversikt i eit svært trafikkert utfartsområde. Ein vil veksle mellom teljing på stigen opp mot Morki og på nedre stigen mot foten av Vettisfossen for å danne seg eit betre bilete av ferdselsmønsteret frå der vegen sluttar. Teljingane her må også sjåast i samanheng med ny utsiktsplattform og ny DNT-sjølvbetningshytte på Vettismorki som vart opna i 2023. Registreringane bør gå over tid for å sjå om dette medfører auke i den totale ferdsla og om det vil endre ferdselsmønsteret mot Vettismorki og topp/fot av fossen.

Vest-Jotunheimen villreinutval arbeider med revisjon av bestandsplan for villreinområdet, og spurde hausten 2019 om det var brukarundersøkingar som viser ferdsel i områda rundt Fanaråken-Skogadalsbøen-Vetti, men også Skogadalsbøen-Leirvassbu-Eidsbugarden. Det vart utført teljing ved Ekrehytta i 2007-08, før stien deler seg mot Utladalen og Fannaråken, og teljar var sett opp på same plass i 2020 og 2021. Teljar vart flytta til Skagastølsdalen i 2022, og bør følgjast opp i same området i 2023, for kvalitetssikring av tala. Det er tekniske problem med teljar her, og må avklarast nærare med SNO.

Der ein har hatt ferdselsregistreringar har vi registrert ein vesentleg auke i Jotunheimen det siste tiåret, og det er viktig for forvaltninga å få nye tal for dei mest sentrale innfallsportane.

Det var teljar på stigen frå Spiterstulen mot Galdhøpiggen i 2018 og i 2021. For å få samla trafikketal for Galdhøpiggen var det teljing på ruta frå Juvvasshytta i 2022 og 2024. Denne må også følgjast opp i 2024, for å få betre kvalitet på tala.

Ferdsla over Knutshøe har dobla seg frå 2015-16 med rundt 6500 passeringar til 2021-22 da ferdselsregistreringane viste over 13.000 passeringar. Det er i dag stor utfart over Knutshøe i juni, som er ein sårbar periode – jf. *Sårbarheitsvurdering for fugl i Aust-Jotunheimen - 2015*, som viser nedgang i hekkesuksess etter kvart som trafikken har auka. Dette viser at det er behov for å arbeide for å styre ferdselen meir mot seinsommaren og hausten, når fuglelivet er mindre sårbart overfor forstyrningar. Gjennom eit pilotprosjekt i samarbeid med UT.no vart det i 2022 lagt ut OBS-varsel med oppmoding om å unngår ferdsel til etter 1. juli, av omsyn til fuglelivet. Kampanjen fekk noko respons, men har til nå ikkje gjeve merkbart utslag på ferdselsmønsteret. For å ha ferske tal på eit område med stor merksemd frå media, forskarar og studentmiljø, bør teljinga her halde fram, for å kunne vurdere om det finst moglege verkemiddel for styring av ferdsel bort frå den mest sårbare tida for fuglelivet.

Besseggen har vore sett i samanheng med *Nasjonal Turiststi Besseggen* og dei pågåande arbeida ved Gjende knytt til *Nasjonale Turistveger*, og det har vore årleg teljing i 2017-2023 for å følgje utviklinga som skjer i takt med ulike andre tiltak i området. Fortsatt teljing er viktig for å følgje utviklinga ved Nasjonal turiststi Besseggen. Det var ein naturleg nedgang i trafikk i åra 2020 og 2021 som følgje av restriksjonar under koronaepidemien. Trafikken har ikkje teke seg opp att i åra etterpå, og det er eit spørsmål om flytting av parkeringa frå Gjendeosen til Reinsvangen – som skjedde i same tidsrom - kan ha medverka til nedgangen.

Trafikketal på ferdselsteljar og passasjertal på Gjendebåten ligg 15.-20.000 under tala før korona-restriksjonar og flytting av hovudparkering.

Generell oppsummering – Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien

Oppfølging av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 har vore prioritert, og innføring av nytt design i tråd med merkevaren «*Norges Nasjonalparker*» blir gjennomført trinn for trinn.

Det er svært mange som gjestar Jotunheimen, og ein må derfor leggje stor vekt på tiltak som kan bidra til verdiskaping utan forringing av verneverdiane, og til å gje besøkande gode naturopplevingar. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for berekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet. Den samla tilrettelegginga langs Fv. 55 gjev eit synleg og godt døme på merkevaren *Norges nasjonalparker*. Her er utkikkspunkt Sognefjellet eit hovudelement med gangbru og opparbeidd gangveg ved Fantesteinvatnet og ein avstikkar til ein lett tilgjengeleg utsiktstopp der det er etablert ei sikteskive med namn på fjelltoppar i 2023. Tilrettelegginga ved Sognefjellshytta er supplert med startpunkta Turtagrø og Krossbu. Frå Krossbu mot Bøverbrean er det gjennom eit samarbeidsprosjekt etablert ein naturstig med særleg vekt på kvartærgeologi. Mange besøkande er interesserte i å koma på synfaring til piloten for merkevaren og til besøksenteret Norsk fjellsenter.

Brukarundersøking utført i 2019 har bidrege til å avdekke kva tiltak som er særleg etterspurt av brukarane, jf. rapport frå undersøkinga. Arbeidet med revisjon av forvaltningsplan og besøksstrategi og er dessverre forseinka, men er nå i gang att.

I områda med størst besøkstrykk trengst årlege ressursar for reparasjonar og restaurering av stinettet. Dette gjeld særleg i områda Besseggen/Gjende, Galdhøpiggen og Vettisfossen, men også på utsette strekningar langs Fv. 55, der mange stoppar og tek ein avstikkar eller lengre tur inn mot nasjonalparken. Det same gjeld frå Fv. 51 over Valdresflye. Elles vil ein kvart år registrere punkt som krev oppfølging, avhengig av slitasje og erosjon etter smeltevatn. Sentrale punkt får utplassert ferdselsteljarar for å kunne følgje utviklinga over tid.

Annan informasjon – samarbeid med andre

Reiselivslaga etterspør informasjon som kan bidra i marknadsføring og verdiskaping. Fokus på bestemte område kan også ha kanaliseringseffekt frå område som blir mindre profilert. Nasjonalparkforvaltar på knutepunktet i Lom har vore involvert i arbeidet med Berekraftig reisemålsutvikling hos Nasjonalparkriket Reiseliv og Visit Jotunheimen.

Ein bør følgje opp spørsmål om nasjonalparkinformasjon ved nytt informasjonspunkt på Beitostølen i samarbeid med Langsua nasjonalpark og Øystre Slidre kommune .

Det har vore ønskjeleg å ha temabrosjyrer til dei som ønskjer meir utfyllande informasjon om naturkvalitetane i området, men dette er nå definert utanom postformål. Ein ambulerande natursti til bruk ved arrangement og overfor skuleklasser har vore på tiltakslista over tid, og vil bli arbeidd vidare med ettersom ein får kapasitet. I tillegg til tradisjonell informasjon med plakatar og brosjyre, er det lagt til rette med presentasjon av opplevingar i verneområda gjennom dei nye besøksretta nettsidene, på norsk, engelsk og tysk.

Informasjonssenter er eit element som bør utviklast. Samarbeid med Norsk Fjellsenter om ymse informasjonstiltak kan prioriterast høgare når revisjon av forvaltningsplanen er fullført. Godt samarbeid med dei to nye informasjonssentra i vest, i Fortun og ved Utladalen Naturhus, er viktig og bør prioriterast i oppstartfasen. Fortun Bygdalag tek sikte på opning i 2025, medan nasjonalparksenteret i Utladalen planlegg opning sommaren 2024.

Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar

Det er stort behov for auka kunnskap om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar omfattande kartleggingar av biologisk mangfald og brukarinteresser, som er standard i nye verneplanprosessar. Sårbarheitsvurdering og kartlegging av rovfugl som dekkjer heile verneområdet er teke inn som eit ledd i

forvaltningsplanarbeidet. Kartlegging av rovfugl bør fullførast i områda som manglar. Ein har kartlegging i Aust-Jotunheimen og Utladalen. Vest-Jotunheimen manglar god kartlegging.

Oppdatering av eldre kartleggingar utført etter DN-handbok13 er viktig, særleg i område med høg ferdsel på vegetasjonstypar som er særleg utsette for slitasje.

Ein har også fått utført betre samanstilling av kunnskapsgrunnlaget for villrein, og eit grunnlagsarbeid knytt til endra reglar for sykling og organisert riding. Rundt Gjende er det gjort ein del sårbarheitsvurderingar for å kunne følgje med på korleis høg ferdsel verkar inn på ulike verneverdiar. Med desse utgreiingane vil ein ha eit betre kunnskapsbakgrunn for revisjon av forvaltningsplanen, men det er fleire fagområde som bør få betre registreringar etter kvart som ein har kapasitet og ressursar. . Det gjeld t.d. i området ved Turtagrø – Hurrungane når det gjeld villrein og ferdsel.

Det er t.d. ønskjeleg å arbeide meir med kulturminneregistreringar i samarbeid med dei respektive fylkeskommunane, både for å ta vare på kulturminna og for å kunne formidle historia til besøkande.

Også kartlegging med verdivurdering av geologiske førekomstar vil vera viktig.

Arkivsaksnummer: 2022/3322-15

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 08.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	13/2024	15.03.2024

Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - drift og vedlikehold av turisthytte - Memurubu Turisthytte

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen fornyar løyvet for motorferdsel knytt til drift og vedlikehold av Memurubu turisthytte for perioden 2024-27. Innhald og vilkår er som i tidlegare løyve. Ein føresetnad for å ha fleirårig løyve er at rapportering skal følgjast opp i tråd med fastsette vilkår. Når vilkår om rapportering m.m. er oppfølgt det enkelte året, har forvaltar fullmakt til sende nytt køyreløyve med køyrebok/transportlogg for det komande året.

Nasjonalparkstyret viser til vurderingar i tidlegare sak, og gjev med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen § 3 pkt. 6.3 c), f), h), j), k), l), m) og o) løyve til motorferdsel i samband med drift og vedlikehold av Memurubu Turisthytte.

Detaljert innhald og spesifiserte vilkår i løyvet går fram av vedlegget.

Løyvet gjeld for eitt år om gongen for perioden 2024-2027, og blir fornya for komande år så snart vilkåra i løyvet blir fylgd opp med årleg rapportering. Det skal førast transportlogg/køyrebok som dokumenterer transportvilkåra, med innsending av rapport innan 1. mai for vintersesongen, og innan 1. november for sommarsesongen.

Dersom vanskelege eller manglande isforhold på Gjende gjer det umogleg med transport som er heimla i forskrifta § 3 pkt. 6.3. c) i det fleirårige løyvet, som berre opnar for bruk av beltekjørety, får nasjonalparkforvaltarane delegert fullmakt til å ta rask avgjerd for bruk av traktor (naturmangfaldlova § 48, jf. § 4 i verneforskrifta) eller for bruk av helikopter (verneforskrifta § 3 pkt. 6.3. c). Slik endring krev enkel søknad ved e-post eller SMS, med dokumentasjon av dei ekstraordinære isforholda og det aktuelle behovet.

Vi gjer merksam på at krav om rapportering gjeld i alle dispensasjonssaker, og oppsynet har også minna om at køyrebok og vedtaksoppfølging er ein del av deira kontrolloppgåve.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Tidlegare motorferdselløyve for Memurubu Turisthytte, sak 21/2022 i nasjonalparkstyret
- Brev av 06.04.22 med melding om vedtak i sak 54/2017 og utsending av køyreløyve og skjema for køyrebok / transportlogg.
- Diverse purringar på rapportering, i 2024 med følgjande e-postutveksling:

- E-post av 15.02.24 - *Jotunheimen NP - Motorferdsel - Drift og vedlikehald - Memurubu Turisthytte - Melding om utgått løyve - Krav til søknad og rapportering*
- Søknad av 20.02.24 - *Søker med dette om motorferdsel knytt til drift av Memurubu.*
- E-post av 23.02.24 - Stadfesting av motteken søknad og påminning om krav til rapportering i tråd med vilkåra som er sett i sak 21/2022 i nasjonalparkstyret.
- Søknad av 25.02.24 om motorferdsel knytt til drift av Memurubu med melding om at det hastar.
- E-post av 26.02.24 med orientering om at delegeringsvedtak gjort av styret 11.05.2016 føreset at sekretariatet berre kan behandle saker av kurant karakter, og at manglande oppfølging av vilkår som er stilt i vedtaket frå nasjonalparkstyret gjer at ein ikkje kan behandle søknaden administrativt.
- Søknad av 27.02.24 om midlertidig dispensasjon levert saman med utfylt transportlogg for driftstransport 2023.
- Delegert vedtak av 28.02.2024 - *Jotunheimen NP - Midlertidig dispensasjon - Motorferdsel - 2024 - Drift og vedlikehald - Memurubu Turisthytte*
- Søknad av 29.02.24 om fornya dispensasjon, vedlagt utfylt transportlogg for gjestettransport i 2023

Saksopplysningar

Memurubu Turisthytte har etter varsel om utgått løyve og diverse e-postutveksling om rapporteringskrav m.m. fått eit midlertidig dispensasjon for motorferdsel knytt til drift av turisthytta, inntil fullstendig løyve for all motorferdsel kan behandlast av nasjonalparkstyret.

Det er i vedtak frå nasjonalparkstyret i sak 21/2022 stilt krav om årleg rapportering, men dette vart til trass for puringar ikkje fylgd opp i tråd med vilkåra. I e-postutvekslinga vart det derfor ved e-post av 26.02.24 frå forvaltar gjort greie for følgjande: *«Når det gjeld løyve for drift av turisthytta, så er det slik at desse fleirårige motorferdselløyva for turisthyttene i utgangspunktet skal behandlast av nasjonalparkstyret. Dette er fastsett i delegeringsvedtak gjort av styret 11.05.2016. Saker delegert til sekretariatet er saker av kurant karakter. Sidan vilkår som er stilt i vedtaket frå nasjonalparkstyret ikkje er fylgd opp, blir det feil å behandle saka administrativt. Det er styret som må ta stilling til eventuell oppfølging av registrerte avvik frå deira vedtak. Vi har som kjent gjort forsøk på å følgje opp administrativt ved å etterlyse tilbakemelding på manglande rapportar, utan resultat. Dette til orientering.»*

Etter dette kom 27.02.24 ein søknad om midlertidig dispensasjon, vedlagt transportlogg for driftstransport i 2023. Dette gav grunnlag for ein midlertidig dispensasjon ved delegert vedtak av 29.02.24. Ved søknad av 29.03.24 er det også lagt ved transportlogg for gjestettransport i 2023, og vilkåra for å kunne behandle ein fornya søknad er dermed til stades. I søknaden av 27.02.24 har søkjar også også kommunisert at rapporteringskravet vil bli fylgd opp for 2024.

Søknaden av 29.02.24:

Søker med dette om motorferdsel knytt til drift av Memurubu. Også søknad om transport av gjester til Memurubu. Dette gjeld snøskuter, beltebil, atv, utv og traktor. Det som egner seg best for transporten. Søknaden gjeld den samme som De andre årene.

Disse snøskuterene kan bli brukt: JN 6412, SL 8785, HX 2300, VT 4841, XJ 6748, VT 9276, XW 2415.

I tillegg er det en atv med belter som kan bli brukt ved behov. VT 9630.

Beltebil og traktor er det ikke skilte på i dag.

Det vart i e-posten med søknaden lagt til følgjande: *«Korrigerer at atv, 4 hjuling med belter har vært i Lom for reperasjon. Denne blir kjørt inn igjen nå på vinteren. Og Kanskje brukt til transport på isen og inne på Memurubu.»*

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert frå 19.01.2024.

Verneformål – forskrift

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i Jotunheimen nasjonalpark (§ 3, 6.1):

«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3 pkt. 6.3 gje løyve til:

- c) *Bruk av beltekøyrety på vinterføre eller luftfartøy for transport av brensel, proviant, varer og utstyr til turisthytter, hytter og setrer.*
- f) *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar.*
- h) *Bruk av motorbåt på Gjende for drift av turisthytter, medrekna transport av personale, i samsvar med forvaltningsplan.*
- j) *Bruk av motorbåt med hastigheit høgare enn 8 knop på Gjende, i samsvar med forvaltningsplan.*
- k) *Bruk av beltekøyrety på vinterføre for utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper.*
- l) *Bruk av traktor på traktorvegar for transport av varer og utstyr til drifta av turisthyttene Memurubu og Gjendebu.*
- m) *Transport 2 gonger i veka på vinterføre av gjester som ligg fast, til turisthyttene Memurubu, Gjendebu og Glitterheim i samsvar med forvaltningsplan.*
- o) *Køyring på barmark med traktor eller beltekjøretøy i samband med vedlikehald og reparasjon av kraftanlegg til Memurubu.*

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Generell føring i planen er at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, og omfang av motorferdsel skal derfor haldast på så lågt nivå som mogleg. Motorferdsel kan forstyrre fugle- og dyrelivet, og er i tillegg eit uønskt element i høve til ålmentas ønskje om å oppleve urørt natur og det enkle friluftslivet, jf. siste ledd i formålsparagrafen, § 1:

«Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging»

Memurubu ligg innan såkalla «brukssone» i det rettleiande utkastet til forvaltningsplan frå 2008. Om desse sonene står m.a.:


«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»

Motorferdsel knytt til turisthytter har følgjande føringar i kap. 8.15.2 (relevante utdrag): «- - - Også innafor ei turistbedrift sitt område (spesiell sone for tilrettelegging og inngrep) skal omfanget av motorferdsel haldast på lågast mogleg nivå, og det er berre transport av varar/tungt utstyr det vil bli gjeve løyve til. - - - Motorkjøretøy er framandelement i verneområda, og med mange motoriserte kjøretøy er det vanskeleg å halde kontroll med ulovleg bruk av desse.

For betjente hytter som ligg inne i verneområda er det behov for å kunne transportere personalet som driv hyttene. Dette gjeld Skogadalsbøen, Glitterheim (vegtilknytning), Memurubu (båttransport) og Gjendebu (båttransport). Med "transport av personale til turisthyttene" forstås forvaltningsstyresmakta inn- og utfrakting av personale når dei reiser og når dei kjem for arbeidsperioden sin. Dette gjeld både sommar og vinter. - - - Med "drift" av turisthyttene - - - meinast naudsynt transport av varer, personale, handverkarar og tyngre utstyr som ikkje kan transporterast med rutebåten på Gjende. For - - - bruk av traktor - - - vil det berre bli tillate med køyring for transport av varer, tyngre reiskap og andre tyngre oppgaver der maskinkraft er naudsynt. Køyring utover dette vil ikkje bli tillate.»

(Merknad: strekane i sitatet er sett i staden for referering til ulike paragrafar i forslaget til verneforskrift som fylgde planutkastet frå 2008, da desse nummera ikkje er lik nummereringa i endeleg vedteken verneforskrift frå 2014.)

Kartutsnittet under viser sonedelinga i forslaget til forvaltningsplan, og Memurubu ligg i teig 6:



Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Det er fleire næringsutøvarar i nasjonalparken, og forvaltningspraksis bør vera mest mogleg lik for alle. Dette gjeld også øvre fartsgrense for båtar på Gjende. Det er etablert praksis å gje fleirårige løyve for nødvendig motorferdsel knytt til drift av turistbedriftene i Jotunheimen.

Vurdering

Memurubu har lang tradisjon som turistbedrift, og har gradvis utvikla seg frå fjellturisme knytt til setra som tilhøyrrer garden Sveine i Lom og fram mot eit moderne turistbedrift ved foten av den mest populære fotturen i Jotunheimen – Besseggen. Memurubu er knytt til stinettet som går mellom turisthyttene i Jotunheimen, der det både er DNT-hytter og private hytter som m.a. Memurubu. Over tid har det skjedd ei utvikling i friluftslivet – frå den tidlege fjellturismen med hovudvekt på hytte-til-hytte-vandringar, til dagens turisme med fleire gjester som heller ønskjer ein base med høve til dagsturar eller mindre rusleturar i nærområdet. Memurubu utpregar seg med lett tilkomst via Gjendebåten og gode og varierte turmoglegheiter, slik at

bedrifta appellerer til alle typer gjester – frå barnefamiljar og pensjonistar – til topptursamlarar og fjellvandrarar.

Det er behov for transport av varer og utstyr til alle hyttene som er tilgjengelege for fotturistar, og forvaltninga vil følgje ein mest mogleg lik praksis for motorferdseløyve for alle aktørane i verneområdet. Det vil samstundes vera behov for tilpassing ut frå lokalisering og driftsmønster. Dei større hyttene som ligg inne i verneområdet har i tillegg til varetransport også behov for transport av drivarar og personale på grunn av lang avstand til bilveg. På vinterføre er det aktuelt å frakte både varer og utstyr med snøskuter, medan Gjendebåten dekkjer mesteparten av transportbehovet om sommaren for bedriftene ved Gjende. Helikopter har berre vorte brukt i naudsituasjonar som følgje av at isen har gått opp før vintersesongen har vore avslutta, og bruk av luftfarty inngår derfor ikkje i det generelle løyvet. Nasjonalparkforvaltar kan gje løyve som delegert vedtak dersom det oppstår akutt behov pga. isforholda på Gjende.

Vurdering av dei ulike punkta etter pkt. 6.3, og behovet for justering og presiseringar:

- Bruk av beltekøyretøy på vinterføre for transport av brensel, proviant, varer og utstyr til turisthytta (pkt. c) har godt innarbeidde rutinar, men vilkår om rapportering må følgjast opp. Ved tidlegare fornying av løyve formidla eigaren av Memurubu eit ønskje om å nytte traktor som alternativ når det ikkje er snødekke på isen, slik at det er problematisk å bruke snøscooter. Pkt. c) spesifiserer køyretøy til beltekøyretøy eller luftfartøy. Dersom ein skal bruke traktor må det vurderast som eit særleg behov som oppfyller vilkåra til ein dispensasjon etter forskrifta § 4 , jf. § 48 i naturmangfaldlova. Dette blir ikkje innarbeidd som eit generelt vilkår i det fleirårige løyvet, da det vil betyr ei utholing av gjeldande verneforskrift. Men ein ser at det under særleg vanskeleg føreforhold kan vera relevant å opne for at forvaltarane kan gjera administrativt vedtak for andre transportmiddel i vintersesong når det oppstår ekstraordinære føreforhold på Gjende.
- Bruk av beltekøyretøy på vinterføre for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar (pkt. f) vil få løyve som før, men rapportering må følgjast opp ved sesongslutt (1. mai for vintersesong og 1. november for sommarsesongen)
- Motorbåt kan brukast når det ikkje er rutegåande transport. Bruk av eigen motorbåt på Gjende (pkt. h) har i gjeldande løyve ingen føringar om motorstyrke eller maksimal fart, men hastigheit høgare enn 8 knop på Gjende skal godkjennast av forvaltninga (pkt.6.3 j). Båten som blir mest nytta kan ha ein fart på 20 knop; dvs. om lag som nye Gjendebåten, medan den store båten kan køyre heilt opp mot 42 knop. Fart på 20 knop betyr ca. eit kvarter på turen frå Gjendebu til Memurubu, og ein kan ikkje sjå at det er særleg grunn som tilseier at det skal kunne køyrast meir enn dobbelt så fort så lenge det ikkje gjeld liv og helse. Forskrifta fastset ei grense på 8 knop, og ein dispensasjon for høgare fart skal fylle eit særskild behov, der fordelane samla sett må vera vurdert større enn ulempene. Det driftsmessige behovet for transport vil vera dekt ved at det blir gjeve høve til å nytte eigen båt som supplement til Gjendebåten, men ein vel samtidig å opne for høgare fart enn 8 knop for å spare noko tid på transport. Dette må også vurderast opp mot ulempene som følgjer av svært høg fart på ein innsjø i eit verneområde, der det også er fleire andre brukarar. Transport knytt til drift av turisthytta må derfor følgje same fartsavgrensing som for øvrig næringstransport på Gjende, dvs. *maksimalt 20 knop*.
- Bruk av beltekøyretøy på vinterføre for utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper (pkt. k) gjeld merking av løypa frå Gjendesheim til Memurubu. Løypa skal ikkje preparerast, men kan kvistast om det er ønskjeleg (evt. mogleg).
- Bruk av traktor på traktorveg for transport av varer og utstyr (pkt. l) er avgrensa til varetransport, og opnar ikkje for transport av personar mellom bygningar og anlegg. Det blir sett vilkår om at berrmarkskøytinga må følgje dei opparbeidde vegane, og det kan ikkje lagast nye køyrespor eller vegar i terrenget. Forskrifta spesifiserer type køyretøy – traktor. ATV registrert som traktor blir vurdert å koma inn under punktet, medan t.d. ATV

registrert som motorsykkel kjem utanom definisjonen. Spesifiserte punkt i verneforskrifta opnar ikkje for løyve til persontransport, og evt. ønskje om persontransport fyller heller ikkje vilkåra for å kunne vurdere løyve etter nml § 48.

- Transport av gjester som ligg fast i vintersesongen (pkt. m) er avgrensa til 2 gonger i veka. Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjevast løyve til fleire turar i veka. Omgrepet «2 gonger i veka» kan tolkast til å vera knytt til vekenummer, og med god planlegging er det mogleg å yte service til gjester som har bestilt opphald på førehand og som har særleg behov for transport. Dersom det kjem fleire gjester samstundes, kan det køyrast to scooterar med slede i følgje som ein tur.
- Køyring på berrmark med traktor eller beltekøyretøy i samband med vedlikehald og reparasjon av kraftanlegg til Memurubu (pkt. o) gjeld naudsynt transport opp til eksisterande inntak ved kote 1114 i Hestbekken, og berrmarkskøyringa skal følgje eksisterande køyrespor.

Kjennskapen til andre interesser knytt til Gjendeområdet er i hovudsak god (§ 8 i naturmangfaldslova om kunnskapsgrunnlaget). Det er ikkje registrert særleg sårbare naturverdiar på den aktuelle transportstrekninga Gjendesheim-Memurubu eller internt på bedriftsområdet. Ut frå føre-var-prinsippet sett i naturmangfaldlovas § 9 og føringane knytt til økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) er det viktig å vise aktsemd både overfor dyreliv og overfor folk som ferdast i området, og å halde motorferdsla på eit lågast mogleg nivå. Påverknaden på andre interesser, både naturverdiar og friluftslivsinteresser, er avhengig av metode for transport og tidspunkt. T.d. vil vegetasjon og landskapsverdiar bli sterkt påverka ved omfattande motorferdsel på berrmark. Det er derfor ikkje opna for berrmarkskøyring utanom opparbeidde vegar (jf. § 12 i naturmangfaldslova om Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode). Einaste berrmarkskjøring som er tillate utanom veg er nødvendig kjøring etter fast kjørespor knytt til drift av kraftanlegget i Hestbekken, opp til kote 1114. § 11 om at kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar opnar for at forvaltningsstyresmakta kan påleggje reparasjon av terrengskadar som følgjer av berrmarkskjøring – jf. landskapsanalyse frå 2004.

Rapporteringsbehovet

Transport av faste overnattingsgjester på vinterføre 2 gonger i veka

Det har vore fleire runder med søknader på dette punktet, alle med avslag. Søknad om utvida tal turar for gjestettransport har også vore til klagebehandling i Miljødirektoratet (før: Direktoratet for Naturforvaltning), med stadfesting på avslaget. Det er konferert med jurist om korleis forskrifta § 3 pkt. 6.3. m) må forståast, og det at forskrifta viser konkret til 2 turar betyr at det ikkje er noko skjønnsrom for forvaltninga her. Å bruke § 48 i naturmangfaldlova for å opne for fleire turar enn dei 2 spesifiserte turane pr. veke som forskrifta opnar for, vil vera ei utholing av verneforskrifta, og det er stadfesta av Miljødirektoratet at unntaksheimelen i § 48 kan ikkje brukast på denne måten.

Dette er einaste punktet i løyvet der det er fastsett maksimalt tal turar. Det er frå Statens Naturoppsyn påpeikt at dispensasjonar må vera konkrete og utforma slik at dei kan etterprøvast. Med maksimalt ta turar må det difor stillast krav om at det blir ført kjørebok med utfylling ved start på kvar enkelt tur, i tråd med tilsendt skjema.

Annan transport, der det ikkje er stilt grense for maksimalt tal turar

Det er vurdert som lite hensiktsmessig å prøve å fastsetja eksakte tal turar når det gjeld transport av varer og personell, da dette kan variere nokså mykje – avhengig av gjestetrafikk og andre forhold. Det er likevel stilt krav om ein transportlogg for å kunne følgje utviklinga i motorferdsel innan nasjonalparken – jf. krav om kunnskapsbasert forvaltning og omsynet til økosystemtilnærming og samla belastning. Her vil det vera snakk om ganske mange turar per år, og dermed behov for litt forenkling. Det blir derfor ikkje etterspurt transportlogg for traktorbruken internt etter vegane innan bedriftsområdet – dvs. mellom brygga, turisthytta, kraftstasjonen og lagerbygningane. Transportloggen vil dermed omfatte bruk av snøscooter

på strekninga Gjendesheim – Memurubu i samband med varetransport i vinterhalvåret, og bruk av eigen båt på Gjende og kjøring opp til inntaket av kraftverket for sommarsesongen.

Kravet om rapportering er også sett ut frå generelle krav til oppfølging av dispensasjonar gjeve av forvaltingsmyndigheita. Det er vanleg praksis å sette krav om rapportering av motorferdselløyve, både for å sjå til at løva blir etterfølgt, men også for å følgje med på utviklinga av motorisert ferdseil innanfor verneområda over tid – både lokalt og på landsbasis. Også ut frå kravet om likebehandling blir det sett krav om rapportering. Ein ventar difor at tiltakshavar for komande år følgjer opp dispensasjonen og rapporterer i tråd med fastsette vilkår, tilsvarande som andre søkjarar må gjere i andre liknande tilfelle.

Oppsummering

Det er i utgangspunktet forbod mot motorferdseil i nasjonalparken. Forvaltningsstyresmakta må derfor følgje ein generelt streng praksis, men noko motorferdseil knytt til drift av turisthytter er nødvendig. Det er ein fordel at hovudtyngda av transportbehovet i sommarsesongen blir dekt av Gjendebåten, da dette gjev ei god samordning av ulike transportbehov på Gjende. Hovudtyngda av transport i eigen regi skjer på vinterføre og på vegar innan bedriftsområdet, og supplert med motorbåt på Gjende til tider når det ikkje er rutegåande transport. Motorferdseil medfører utslepp og noko støy i eit kort tidsrom, men samla belastning på naturmiljøet blir vurdert som akseptabel i høve til nytteverdien dersom vilkåra i løyvet blir fylgd.

Innstilling og vurderingar i denne saka er dei same som i sak 21/2022, men med endra tidspunkt og oppdatering av ordlyd i tråd med endringar som har skjedd sidan sist (endra kontaktopplysningar for SNO-Jotunheimen, o.l).

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen:

Vedlegg til sak ___/2024 – Arkivsak 2022/ 3322

Dispensasjon - Motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av Memurubu turisthytte og kvisting av vinterrute – 2024 - 2027

Memurubu turisthytte får dispensasjon frå det generelle forbodet mot motorferdsel i Jotunheimen nasjonalpark (§ 3 pkt.6.1). Løyve er gjeve med heimel i § 3 pkt. 6.3 i verneforskrifta for Jotunheimen, jf vedtak i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen 15.03.2024

Dispensasjonen gjeld i høve til verneforskrifta.

Lom og Vågå kommunar er forvaltningsstyresmakt etter Lov om motorisert ferdse i utmark og vassdrag, og vurderer om delar av løyvet også krev behandling etter motorferdsellova. Det er vidare ein føresetnad med samtykke frå grunneigar – jf motorferdsellova § 10.

Med "oppsynet" meinast Statens naturoppsyn (SNO) eller samarbeidande fjelloppsyn.

1. Generelt om motorferdselsløyvet

Løyvet gjeld:

- A) Transport til og frå turisthytta på strekninga Gjendeosen - Memurubu:
 - transport av naudsynte varer og utstyr til drift av Memurubu turisthytte, § 3 pkt. 6.3 c), sjå spesifikke vilkår knytt til dei enkelte transportmidla og formåla i pkt. 2.1 – 2.6.
 - transport av styrar med næraste familie og betjening på strekninga Gjendesheim-Memurubu
 - transport av handverkarar, reiskap og bygningsmateriale i samband med vedlikehaldsarbeid, og tilsynspersonar (mattilsyn, branntilsyn m.m.), 6.3 f).
 - oppsynsturar til turisthytta.
- B) Kvisting av vinterruter
 - gjeld bruk av snøskuter på ruta Gjendesheim-Memurubu (Løypa Memurubu-Leirvassbu går fram av eiga sak, kan stikkast til påske)

Generelle vilkår for all transport:

- Med næraste familie meinast ektefelle/sambuar og barn.
- Det er ikkje lov med berrmarkskøyning utanom opparbeidd veg
- Dei som utfører motorisert transport skal alltid søkje å redusere transportomfanget mest mogleg gjennom planlegging og samordning av all transport.
- Bruk av beltekøyretøy i samband med tilsyn med turisthytta og kraftanlegget i Hestbekken utanom den ordinære driftssesongen (mars-april) skal varslast SNO før avreise, for at oppsynet skal ha nødvendig oversikt over lovleg motorferdsel utanom sesong. SNO v/ Stein Windingstad, skal ha melding om dato og køyretøy seinast dagen før - e-post stein.olav.windingstad@miljodir.no eller SMS til 957 09 933.
- All motorferdsel skal loggførast før ein reiser, på eit fast skjema (dato, rute, formål) som skal takast med på turen. Oppsynet skal kunne kontrollere loggen på staden.
- Samlerapport og alle loggane skal kvart år sendast inn til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen innan 1. mai for vintersesongen og 1.november for berrmarkssesongen.
- Det skal i størst mogleg grad prøvast å unngå motorferdsel i helg, heilag dagar, i fellesferien, i påskeferien og når det elles er særleg stor utfart i fjellet.

2. Spesielle løyve og vilkår:

2.1 Bruk av snøskuter / beltekøyretøy på isen av Gjende og opp til turisthytta, jf. 1 A)

2.2 Bruk av motorbåt på Gjende

- C) Memurubu turisthytte har følgjande båtar
 - 2 fiskebåtar
 - 1 transportbåt 14,5 fot med 30hk motor
 - 1 transportbåt 22 fot med 150hk motor
- D) Bruk av fiskebåtane i samband med utøving av fiskerett er direkte heimla i forskrifta § 3 pkt. 6.2. g) (under 10 hk motor og under 8 knop fart)
- E) Ved bruk av transportbåt til frakt av varer og utstyr og frakt av styrar med næraste familie og betjening (§ 3 pkt.6.3 h) kan det opnast for større fart enn den generelle grensa på 8 knop (§ 3 pkt. 6.3 j), men ikkje over 20 knop. Løyvet for bruk av motorbåt omfattar ikkje annan persontransport enn dei som er knytt til drifta eller husstanden.

2.3. Bruk av traktor på traktorveger i Memurubu.

- Memurubu turisthytte kan nytte traktor til transport av varer, utstyr og bagasje for overnattingsgjester på traktorvegen mellom turisthytta og brygga (§ 3 pkt.6.3 l). .
- Transporten skal følgje eksisterande veg og omfattar ikkje persontransport.

2.4. Bruk av traktor eller beltekøyretøy for vedlikehald og reparasjon av kraftanlegg:

- Gjeld naudsynt transport opp til inntaket i Hestbekken, og skal følgje eksisterande kjørespor. Gjeld berre køyretøy registrert som traktor (dvs. ikkje ATV som er registrert som motorsykkel)

2.5. Transport av faste overnattingsgjester på vinterføre 2 gonger i veka

- § 3 pkt 6.3 m) avgrensar gjestetransporten til maks. 2 gonger i veka. Dette blir tolka til 2 turar i kvart vekenummer, dvs. ny vekestart på måndagen.
- Gjeld inntil 2 beltekøyretøy som køyrer samla ved behov.
- Det skal førast køyrebok for kvar av desse turane i tråd med vedlagt skjema.

2.6. Anna.

- Transport knytt til redning- eller ambulanseoppdrag kan skje med direkte heimel i forskrifta § 3 pkt. 6.2.1 a), men må koordinerast av AMK/Operasjonssentralen. Alle slike oppdrag skal meldast til 113, og varslast til SNO så snart som råd etter utført oppdrag.
- Ved særskild vanskelege isforhold på Gjende (ikkje snø til beltekøyretøy), kan det sendast ein enkel søknad om å nytte traktor i staden for beltekøyretøy. Avgjerd er delegert til forvaltar, for rask behandling når særleg vanskeleg føre er dokumentert.
- Maskinar som ikkje er i bruk skal lagrast innandørs.
- ATV registrert som traktor kan nyttast i staden for traktor

3. Vilkår for stikking av vinterruter

- All motorferdsel knytt til kvisting skal varslast til oppsynet på førehand, jf. generelle vilkår i pkt.1. Det kan berre nyttast kvist av norske lauvtre i nasjonalparken.
- Kvisting må skje i samband med innkøyring av varer og utstyr, avgrensa til perioden frå 25. februar og fram til 1. mai. Kvistinga skal leggjast opp slik at motorferdsla blir minst mogleg
- Dei løypene som kan kvistast vil inngå i forvaltingsplanen – temakart løyper.

- Etter vind og snøfokk kan det vere behov for inspeksjon og re-kvisting. Det skal vere stort sannsyn for at kvistinga er øydelagt før ein startar tiltak.
- Re-kvisting skal avsluttast når turisthytta stenger etter vintersesongen.

4. Andre vilkår

- Ved innleige av snøskutersjåfør til transportoppdrag, bør den kommunale ordninga for leigekøyning vurderast dersom slik ordning er oppretta.
- Motorferdsel knytt til nye tiltak (utanom mindre vedlikehaldsarbeid) krev særskild dispensasjon etter søknad. Arbeid som krev særleg stor transportkapasitet skal ha ein eigen transportplan. Planen skal i hovudtrekk vise talet på turar og når transporten er planlagd gjennomført.
- All transport skal i størst mogleg grad samordnast slik at den motoriserte ferdsla vert minst mogleg. Transportøren kan ta med utstyr for andre, men skuterfører/båtfører er da ansvarleg for å forsikre seg om at ligg føre skriftleg løyve til transporten
- Det skal ikkje vere med andre personar på transporten enn dei som er naudsynte for å gjennomføre oppdraget
- Motorisert transport skal i størst mogleg grad leggjast utanom stader og delar av året det er størst fare for uroing av fugle- og dyrelivet

5. Tida for dispensasjonen m.m.

- Dispensasjonen gjeld for eitt år om gongen, i perioden 2024-2027. Ein føresetnad for eit fleirårig løyve er årleg rapportering. Når vilkår om rapportering m.m. er oppfølgt det enkelte året, har forvaltar fullmakt til sende nytt køyreløyve med køyrebok/transportlogg for det komande året.
- Brot på vilkåra kan medføre sanksjonar.

Arkivsaksnummer: 2024/3200-2

Saksbehandlar: Eldrid Nedrelo

Dato: 08.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	14/2024	15.03.2024

Jotunheimen NP - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel – 2024 – 2028 - Oppsynsoppdrag og forvaltning av villrein - Vest-Jotunheimen Villreinutval

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd får Vest-Jotunheimen Villreinutval dispensasjon for lågtflyging med helikopter for teljing av villrein i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld inntil 2 dagar i året; 1 dag i perioden februar – 1. april, og 1 dag 15. juni – 31. juli.
- Ved behov kan det etter dialog med nasjonalparkforvaltar gjevast løyve til inntil 2 dagar ekstra for bruk av helikopter, ein dag i samband med vårteljing og ein dag i samband med kalveteljing.
- Lågtflyging skal berre brukast til å koma inn på flokkane for nødvendig oversikt. Eventuell landing kan berre skje i samband med avliving, kontroll og prøvetaking av sjuke eller daude dyr.
- Løyvet gjeld for perioden 2024-2027.
- Ved flyging skal det takast omsyn til fugle- og dyrelivet og til andre brukarar av området.
- Løyvet til bruk av helikopter gjeld også for personell frå NINA som opptre på vegner av Villreinutvalet i Vest-Jotunheimen.
- Det skal gjevast melding til lokalt SNO, e-post stein.olav.windingstad@miljodir.no eller SMS til 957 09 933, seinast dagen før.
- Løyvet til motorferdsel og køyrebok skal vere med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- Køyrebok skal sendast forvaltingsmyndigheita innan 1. desember kvart år.
- Forvaltingsmyndigheita skal ha tilsendt resultat av teljingane etter at teljingane er avslutta.

Det er lagt særleg vekt på at bruken av helikopter er den mest effektive metoden og avgrensa i tid, den samla belastinga vil vere akseptabel og løyvet vil ikkje medføre presedens.

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ avslår Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen søknaden frå Vest-Jotunheimen Villreinutval om bruk av

snøskuter til oppsyn og registrering av villrein i verneområda. Grunngevinga for avslaget er at det ikkje er heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd for å gje løyve til slik bruk av snøskuter.

I vurderinga er det lagt særleg vekt på at omsøkt tiltak vil kunne kome til skade for verneverdiane og verneformålet, jf. verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde §§ 1. Føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova §9), og prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning (naturmangfaldlova § 10) er vektlagt i vurderinga. Ein dispensasjon vil også kunne skape uheldig presedens for seinare saker og medføre fare for stor samla belating i desse sårbare områda over tid.

I den grad det er behov for å nytte snøskuter som eit ledd i førebuinga av strukturteljinga med helikopter, vil det vera positivt at søkjar samordnar søknaden med teljing med helikopter og grunnjev behovet konkret. Søkjar skriv i e-post av 28.02.24 at «Registrering med snøskuter for 2024 er ivaretatt av SNO ifm sporing av jerv.»

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om løyve til bruk av snøskuter og helikopter til oppsynsoppdrag og forvaltningen av villrein i Vest-Jotunheimen villreinområde, datert 28.02.2024
- Tilleggsopplysningar ved e-post med førespurnad om bruk av drone av 05.03.24

Saksopplysningar

Søknad om løyve til bruk av snøskuter og helikopter til oppsynsoppdrag og forvaltningen av villrein i Vest-Jotunheimen villreinområde, datert 28.02.24

Vestjotunheimen villreinutval er ein samanslutning av alle grunneigarane i Luster og Årdal kommune med rettar i vestjotunheimen villreinområde.

Utvalets oppgåver er praktisk forvaltning av villreinstammen i samarbeid med Villreinnemnda. Vi har ansvar for organisering av oppsyn, utarbeiding av bestandsplanar, høyringspart i saker som berører villreinområdet og telling.

*Vi er komen i ein situasjon der vi ikkje lenger kan leige inn oppsyn i same omfang frå Fjellstyra i Årdal og Luster som tidligare. Tidligare har vi hatt eit samarbeid der oppsyn for Fjellstyret har også hatt "auga" for villrein på sine oppsynstyrar. Luster Austre Fjellstyre selger ikkje lenger denne tjenesten til oss. Dei har og redusert sine oppsynsaktivitetar, det betyr at vi ikkje får samkøyrte oppsyn for Fjellstyret og Villreinutvalet. Vi har heller ikkje økonomi til å leige oppsyn til oppgåver knytta til overvåking og registreringar. **

Vi utarbiedar for tida ein ny bestandsplan for Ves-Jotunheimen villreinområde, det kreves årleg totaltelling og kalvetelling i oppfølgingen av planen. Tellingane føregår i februar/mars og i juni/juli. Planperioden er på 5 år, 2024-2028

Snøskuterløyve

Vi søker løyve på at villreinutvalet får tildelt løyve til bruk av snøskuter ifm med registrering og oppsyn av villrein innanfor heile Vestjotunheimen Villreinområde.

Vi ynskjer løyve til å nytte to skuterar til oppsyn med stammen i forkant av tellingar og om det skulle vere naudsynt å rykke ut ifm registrering av ulovleg tamreinbeite i villreinområde.

Vestjotunheimen villreinutval vil ikkje gå til innkjøp av snøskuter men inngå avtale med lokalkjente

grunneigarar, redningskorps eller idrettslag. Det er viktig at vi har dei rette personane til å utføre oppdraget, dei skal og representere utvalet om situasjonar oppstår.

Steinar Mørkrid og son (i Luster kommune) vil vere to vi vil kunne nytte, dei har utstyr og er kjent i fjellet. Dei utøver i dag oppdrag med løypemerking og transport til Skogadalsbøen. Dette er oppdrag som kan samordnast men vi treng likevel å kunne rykke ut utanom desse områdene **

Motorferdselen ifm våre oppgåver vil ikkje verte større en det som tidligare år har vore nytta ifm oppsynsteneste for villreinutvalet.

Vi har i tillegg eit godt samarbeid med SNO der dei rapporterer inn observert rein til oss ifm andre oppdrag. I tillegg vil dei kunne bistå oss noko ifm registrering. Det vil redusere vår bruk av snøskuter. ***

Helikopterløyve

Helikopter er naudsynt til bruk under totaltelling i februar/mars og under kalvetelling i juni/juli. Da det kan oppstå bomtur ber vi om at vi har to turar for kvar teljing. Totalt fire flygingar i året. Det vert normalt ikkje landa i villreinområdet under teljinga da må det oppstå ein uventa situasjon. For å kunne få gode registreringar vil vi måtte flyge lågare en 300 m over bakken når vi flyg inn på rein. Vi må derfor ha dispensasjon frå Forskrift om Utladalen landskapsvernområde, Luster og Årdal kommunar, Vestland § 3.Vernereglar 6.1 lågtflyging under 300 m over bakken.

Ifm kvalitetsnormen for villrein er det bestemt at NINA skal bidra med telling av kalv. NINA kan gjere seg nytte av vårt løyve om dei får høve til teljingar enkelte år.

Oppsummert ber vi om godkjenning av løyve for bruk av **to snøskuterar** i det området av Årdal kommune som ligg innanfor Vesttjotunheimen villreinområde. Også det som ligg innanfor Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen Landskapsvernområde.

Ber om dispensasjon til bruk av helikopter til teljinga i to periodar av året, februar/mars og juni/juli i same område. Litt usikker på om kommunane skal handsame løyve til bruk av helikopter da vi ikkje landar. Avgang vert frå etablerte helikopterplassar i Årdal og /eller Luster.

Ber om at løyve vert gjeve for heile planperioden, på 5 år.

Syner til kart og beskrivelse av området i vedlegg.

Likelydande søknad går til Luster og Årdal

Tilleggsopplysningar ved e-post med søknad om bruk av drone av 05.03.24

Ein annan ting som vi har diskutert er bruk av droner. Det skulle vert med i søknaden da vi planlegger å gjere oss kjente med bruken og ta det i bruk under telling spesielt. Det er miljøvennleg, mindre ressurskrevande og langt billigare. Samtidig vil ein redusere forstyrningar av villrein under tellingen.

Kan du legge det til søknaden? Det vert truleg prøvd i sommar og haust men da ikkje inne i verneområda. Det vert fyrst i 2025 når og om vi finn at dette er teneleg for oss.

Vi vil skaffe oss avtale med nokon som har godkjent sertifikat og drone eller at vi utdannar eigne folk i utvalet og kjøper inn drone. Det vil vi finne ut etter uttasting til sommaren

Bruk av drone i samband med teljing av villrein er relativt nytt. Det vil kunne vere effektivt og kan fungere som erstatning for bruk av helikopter. For å handsame ein søknad om bruk av drone treng vi meir konkrete opplysningar om behovet (område, omfang, tidsrom) knytta til teljingane. Vi rår til at villreinutvalet sender ein konkret søknad med nærare opplysningar om behovet når de har testa bruken utanfor verneområdet.

* Forvaltar viser til avsnittet «Vurdering» lenger ned i saka om at SNO er jamleg ute i området i samband med tilsyn og kontroll: Villrein er ein nasjonal ansvarsart som SNO er pålagt å føre tilsyn med. SNO driv også med jervesporing både i Luster og i Årdal innanfor verneområda, også på desse turane held SNO auga med villrein. Elles fører SNO frå Innlandet tilsyn i grenseområda mellom Breheimen og Jotunheimen. Tidlegare oppsyn i Luster Austre Fjellstyre hadde først og fremst tilsyn med villrein i samband med jerveregistrering i området. Ein kan såleis ikkje sjå at den samla innsatsen frå oppsynet si side er vesentleg redusert, sjølv om Luster Austre Fjellstyre har redusert aktiviteten.

** Dei nemnde personane har løypestikking til Skogadalsbøen etter avtale med DNT Oslo og Omegn. Transporten knytt til dette er svært avgrensa i tid og rom, dvs. at det ikkje er aktuelt å samordne bruk av snøskuter med desse til nemnde oppdrag.


*** Nasjonalparkstyret handsama likelydande søknad om bruk av snøskuter for registrering og oppsyn av villrein innanfor heile Vest-Jotunheimen villreinområde i 2021.

Nasjonalparkstyret gjorde den gong slikt vedtak: «Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde § 4 fyrste alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ avslår Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen søknaden frå Vest-Jotunheimen Villreinutval om bruk av snøskuter for tilsyn med villrein.

I vurderinga er det lagt særleg vekt på at omsøkt tiltak vil kunne kome til skade for verneverdiane og verneformålet, jf. verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde §§ 2. Føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova §9), omsynet til samla belastning (naturmangfaldlova § 10), og faren for presedens for andre liknande tilfelle».

Vedlegg til søknaden

Vest–Jotunheim villreinområde avgrenses mot vest og sør av henholdsvis Lusterfjorden og Årdalsfjorden–Øvre Årdal. Fra Øvre Årdal mot Tyin er grensen sammenfallende med Rv. 53 til Tyinvatnet, og derfra sammenfallende med fylkesgrensen mot Oppland til Liabrevatnet. Fra Liabrevatnet går grensen i sørvestlig retning over Liabrekulen til Liaflui. Derfrå går grensa i rett linje til Åsete i Fortunsdalen og vidare ned Fortunsdalen til Lusterfjorden. I 1993 ble det bestemt at villreinområdet skulle deles i to geografiske soner, med Utle/ Storutladalen som grense mellom dei.



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av vedtekter, sist revidert 19.01.2024.

Verneformål – forskrift

Formålet med Utladalen landskapsvernområde er « - - å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.

- - -

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde, er motorferdsel på land og i vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken forbode (verneforskrifta § 3 pkt. 6.1), med unntak gjeve i pkt. 6.2 og 6.3. Det er ikkje nokon spesifisert unntaksregel for motorferdsel knytt til oppsynsoppdrag og forvaltning av villrein i regi av Vest-Jotunheimen Villreinutval i verneforskrifta for landskapsvernområdet. Det er heller ikkje ein spesifisert heimel for bruk av snøskuter eller helikopter for teljing av dyr, og dispensasjonssøknaden må difor behandlast etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ.

Formålet med Jotunheimen nasjonalpark er «å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfal, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi.
- - - -
- Leveområde for villreinen
- Klturminne

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, er motorferdsel på land og i vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken forbode (verneforskrifta § 3 pkt. 6.1), med unnatak gjeve i pkt. 6.2 og 6.3.

Det er ikkje nokon spesifisert unntaksregel for motorferdsel knytt til oppsynsoppdrag og forvaltning av villrein i regi av Vest-Jotunheimen Villreinutval i verneforskrifta for nasjonalparken. Det er heller ikkje ein spesifisert heimel for bruk av snøskuter eller helikopter for teljing av dyr, og dispensasjonssøknaden må difor behandlast etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ.


Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjonen *må* ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Det skal gjerast ei konkret vurdering i den einskilde saka, og skjønns og retningsliner frå overordna styresmakter er del av vurderinga samstundes som ein skal vektlegge tilrettelegging for verdiskaping. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller heilt spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Forvaltningsplan (Utkast 2008)

I forvaltningsplanen er det presisert at «Det er generelt ønskeleg å halde omfanget av motorferdsel i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernornåde så lågt som mogleg, både når det gjeld vinter og sommar, på land og på vatn, og i lufta. Også lovleg motorferdsel skal haldast på eit så lågt nivå som mogleg, og må avgrense seg til det som er naudsynt.»

Forvaltningsplanen deler verneområdet inn i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tek ein sikte på å bevare områda markert med grønt på forvaltningsplankartet mest mogleg uforstyrra. Soneinndelinga gjeld både i høve til tekniske inngrep og ulike aktivitetar, som bruk av motorferdsel.

Kartet nedanfor viser soneinndelinga i forvaltningsplanen, med grønne teigar som skjerma:



Motorferdsla det her er søkt om for tilsyn med villrein vil i utgangspunktet gjelde følgjande område i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde:

- Teig 4 (grøn sone)
- Delar av teig 8 (brukssone)
- Teig 9 (brukssone)
- Teig 10 (brukssone)
- Teig 11 (brukssone)
- Brukssone

I brukssone er det opna for ein viss aktivitet så lenge ein tek omsyn til sårbare artar og andre verneverdiar.

I e-post av 17.03 vert det opplyst om at det mest truleg ikkje vert noko køyring i nasjonalparken og landskapsvernområdet då teljinga stort sett er utanfor desse områda. Det vert presisert at «*motorferdsel i nasjonalparken og landskapsvernområdet er mest aktuelt knytt til situasjonar der det kjem tamrein inn i villreinområdet. Dette gjeld òg i Årdal Austre Statsallmenning.*»

Dette gjeld først og fremst teig 8 og 9.

Naturmangfaldlova

Søknaden skal vurderes etter naturmangfoldlova. Etter naturmangfoldlova § 7 skal prinsippa i lova §§ 8-12 legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet som berører naturmangfold, og vurderinga og vektlegginga skal gå fram av vedtaket.

Presedens

Ein er ikkje kjend med at det er vanleg praksis innanfor verneområda i andre villreinområde at villreinutvalet har eit eige løyve til bruk av snøskuter for å kunne rykke ut ved samanblanding mellom tamrein og villrein. Det er heller ikkje etablert praksis å gi løyve til uavgrensa bruk av snøskuter for registrering av villrein innanfor verneområda. Det er til saman 24 villreinområde i Norge og vi meiner at bruk av snøskuter til ei form for privat oppsyn vil kunne skape uheldig presedens.

Vi meiner avgrensa bruk av helikopter for teljing av villrein ikkje vil skape uheldig presedens då Vest-Jotunheimen Villreinutval si hovudoppgåve er å telje og registrere villrein i området.

Vurdering

Noreg har eit spesielt ansvar for villreinen som art, og det har svært mykje å seie at leveområdet for villreinen blir sikra mot inngrep og forstyringar. Vest-Jotunheimen villreinområde er eitt av dei siste villreinområda i Europa, eitt av 24 villreinområde på fastlandet i Noreg.

Å ta vare på leveområde for villreinen er eit av dei spesifikke formåla med vernet i Jotunheimen nasjonalpark. Ei av hovudoppgåvene til villreinutvalet er knytt til bestandsforvaltning med gjennomføring av årlege teljingar og registreringar som grunnlag for fastsetjing av fellingskvotar. God kunnskap om villreinstammen, slik som teljingar, er heilt grunnleggande for å kunne utarbeide ein bestandsplan og å drive ei god forvaltning. Bruk av helikopter for teljing av villreinen i Vest-Jotunheimen har vore vanleg praksis i ei årrekke tidlegare. Siste perioden Villreinutvalet har hatt eit eige løyve til dette formålet var åra 2018-2021. Men å drive oppsyn med villrein er ikkje ei oppgåve som ligg til villreinutvalet.

Søklar ønskjer rask behandling av søknaden om helikopterløyve og opplyser at teljinga er tenkt gjennomført så snart som råd før villreinen trekker til kalvingsområdet, og med omsyn den mest sårbare perioden for villrein. Gode flytilhøve er ein føresetnad, og det bør helst vera nysnø. Fostringsflokken for villrein trekker vanlegvis frå Hurrunganeområdet mot kalvingsområdet rundt 10. april, før kalvinga startar noko seinare i slutten av april – starten av mai. I denne perioden er villrein særleg sårbar og dyra bør ikkje stressast/uroast.

Det er generelt svært viktig å minimere uroing av villrein og andre dyre- og fugleartar i nasjonalparken og landskapsvernområdet, og det er viktig at motorferdsel vert avgrensa til det som er strengt naudsynt. SNO er jamleg ute i området i samband med tilsyn og kontroll. Villrein er ein nasjonal ansvarsart som SNO er skal føre tilsyn med, og observasjonar vert registrert og er tilgjengelege i artskart, dvs. på [Kart \(artsdatabanken.no\)](https://artsdatabanken.no). SNO har oppsynsturar med særskilt villrein for auga i det aktuelle området. SNO driv også med jervesporing både i Luster og i Årdal innanfor verneområda, også på desse turane held SNO auga med villrein. Og SNO frå Innlandet fører tilsyn i grenseområda mellom Breheimen og Jotunheimen.

SNO vil såleis kunne gje villreinutvalet opplysningar om observasjonar av villrein, også knytt til område der det kan vere fare for samanblanding med tamrein. Det er viktig med god informasjonsflyt mellom oppsynet og villreinutvalet for å redusera motorferdsel knytt til tilsyn med villrein.

I søknaden er det elles synt til at privatpersonar som kan drive tilsyn på vegner av villreinutvalet har andre oppdrag m.a. til Skogadalsbøen som vil kunne kombinerast med tilsyn med villrein, men at det er viktig å kunne rykke ut utanom desse områda. Det er som nemnt svært viktig at ein samordnar aktivitet knytt til motorferdsel så langt råd er, og vi ser ikkje at det er behov for eit eige løyve til bruk av snøskuter ved fare for samanblanding mellom tamrein og villrein i inneverande år sidan tamreinen no er i Lomseggenområdet. Etter påske vil tamreinen bli flytta frå Lomseggen over Høydalen, via Bøverkinnhalsen og Leirvassbu og til kalvingsområdet i Smådalen. Ved evt. fare for samanblanding mellom tamrein og villrein må det dessutan liggje føre løyve frå Miljødirektoratet for at ein evt. skal kunne jage villrein.

Vi er elles kjend med at tidlegare fjelloppsyn i Luster først og fremst hadde tilsyn med villrein i samband med jerveregistrering i området. Slik sett kan ein ikkje sjå at moglegheita for målretta tilsyn med villrein har gått særleg ned dei siste åra. Som nemnt ovanfor vil SNO kunne gje villreinutvalet opplysningar om observasjonar av villrein. I e-post av 28.02.2024 med oversending av søknaden om løyve til bruk av snøskuter, opplyser søklar at «*registrering med snøskuter for 2024 er ivaretatt av SNO ifm sporing av jerv*». Med bakgrunn i den samla oppsynsaktiviteten i området i regi av SNO kan vi heller ikkje sjå at Villreinutvalet skal ha behov for ubegrensa bruk av 2 eigne snøskuterar i forkant av framtidige teljingar innanfor Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde for registrering av

villrein.

Det er ikkje ein eigen heimel i verneforskriftene for å gi løyve til bruk av snøskuter for privat tilsyn med villrein. Det er heller ikkje ein eigen heimel i verneforskriftene for behov knytt til teljing av villrein, men bruk av helikopter for teljing av villreinen 1 dag om våren og ein dag om sommaren (kalveteljing) i Vest-Jotunheimen har vore vanleg praksis i ei årrekke. Kalveteljinga føregår vanlegvis utanfor nasjonalparken sine grenser om sommaren, men villreinen kan forflytte seg raskt og kan nytte seg av område som han vanlegvis ikkje har nytta. Det kan derfor vera behov for dispensasjon for lågtflyging innanfor nasjonalparken også i samband med kalveteljinga.

Søknaden må vurderast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ. Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkåra må vera oppfylt. Vi meiner det ikkje kan gjevast løyve til bruk av snøskuter i *heile* nasjonalparken og landskapsvernområdet for å kunne rykke ut ved evt. fare for samanblanding mellom tamrein og villrein då det vil kunne vere til skade for verneverdiane og verneformålet, jf. verneforskriftene §§ 1.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, Naturbase, Artsdatabanken, oppsyn i området ved Statens naturoppsyn, og etter mange års forvaltningspraksis, jf. nml § 8 (kunnskapsgrunnlaget). Det er god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. Det vart gjennomført sårbarheitskartlegging for fugl i Vest-Jotunheimen i 2018, med særleg fokus på rovfugl, og data om villrein er godt dokumentert ved oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for villrein i arbeidet med kvalitetsnormen i 2023 (tilgjengeleg på www.villrein.no).

Bruk av snøskuter tidleg på vinteren vil m.a. kunne forstyrre trua og sårbare artar av rovfugl i etableringsfasen før- og tidleg i hekkinga. I akutte situasjonar ved evt. samanblanding mellom villrein og tamrein, veit ein ikkje på førehand kva rute som er aktuell å ta. Av omsyn verneverdiane og med bakgrunn i føre-var-prinsippet meiner vi difor at søknad om bruk av snøskuter i slike situasjonar bør avklarast når situasjonen oppstår, jf. naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet). Ved konkret behov etter formell varsling frå Lom Tamreinlag til Villreinutvalet, vil forvaltar i samråd med styreleiar kunne gje eit hasteløyve som er avgrensa i tid og rom til konkret formål. Ein kan ikkje jage villrein utan at det føreligg eit vedtak om det frå Miljødirektoratet, og det må leggjast til grunn at tamreinlaget sjølve styrer sin flokk tilbake til eige område.

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast, jf. naturmangfaldlova § 10. Det er opplyst om at privatpersonar som kan drive oppsyn på vegner av Villreinutvalet har andre oppdrag til m.a. Skogadalsbøen som vil kunne kombinerast med tilsyn av villrein. Avtalen mellom dei aktuelle aktørane og DNT Oslo og Omegn som det er vist til er avgrensa i tid og rom og vil mest sannsynleg ikkje dekke behova til villreinutvalet knytt til teljing av dyr. Det er i alle tilfelle viktig å halda motorferdsel på eit så lågt nivå som råd innanfor verneområda, og det er vanleg praksis ved dispensasjonar å sette vilkår om samordning av oppdrag i området. Omsøkt tiltak vil elles kunne skape uheldig presedens (sjå vurdering ovanfor), ikkje berre i verneområda i Jotunheimen, men også i andre nasjonalaparkar som er leveområde for villrein. I den grad det er behov for å nytte snøskuter som eit ledd i førebuinga av strukturteljinga med helikopter, vil det vera positivt at søkjar samordnar søknaden med teljing med helikopter og grunngevev behovet konkret. Søkjar skriv i e-post av 28.02.24 at «Registrering med snøskuter for 2024 er ivare tatt av SNO ifm sporing av jerv.»

Villreinbestanden i vest-Jotunheimen er liten og utsett for svingingar. Det er derfor viktig å ha god oversikt over struktur og kalvetilvekst t.d. i samband med fastsetting av jaktkvotar, jf.

nml. § 8. Då teljing av dyra krev at ein kjem inn på dyra, vil dei bli forstyrra. Det er derfor viktig å avgrense omfanget av motorferdsel og slik forstyrring så langt råd er, og det blir derfor sett vilkår om at teljinga skal skje på ein dag for kvar av teljingane. Det er sett vilkår om at teljinga om vinter/vår skjer før den mest sårbare tida for villrein, og teljinga om sommaren må skje etter den mest sårbare tida for både villrein og hekkande fugl, dvs. etter 15. juni, jf. nml. § 9 og 10 (føre-var-prinsippet og økosystemtilnærming og samla belastning). Nasjonalparkstyret har lagt seg på ei restriktiv linje for tildeling av motorferdselløyve i såkalla vernesone, og særleg i Hurrungane på grunn av villreinen, jf. forvaltingsplan. Bruk av helikopter for teljing av dyr vert vurdert som nødvendig motorferdsel for å kunne forvalte bestanden, og med vilkår om å avgrense flyginga til 1 dag for vårteljing og ein dag for kalveteljing blir den samla belastninga vurdert som akseptabel, jf. nml. § 10. Vi meiner bruk av helikopter for teljing av villrein ikkje vil skape uheldig presedens då Vest-Jotunheimen Villreinutval si hovudoppgåve er å telje og registrere villrein i området. Alternativet til totalteljing med helikopter er omfattande bruk av snøskuter. Helikopter vert vurdert som den raskaste og mest effektive måten å gjennomføre tiltaket på, jf. nml. § 12 (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder). Det er ikkje relevant å vurdere naturmangfaldlova § 11 nærare.

Etter ei samla vurdering meiner forvaltar at teljing av villrein ved bruk av helikopter i eit avgrensa tidsrom, til det som er nødvendig, ikkje vil vere i strid med verneformålet og verneverdiane. Det er lagt vekt på at bruk av helikopter er den mest effektive metoden, at den samla belastninga vil vere akseptabel og at løyvet ikkje vil medføre presedens.

Villreinutvalet viser til at dei arbeider for tida med ein ny bestandsplan for villrein og at planperioden er fem år. Vanleg praksis er å gi fleirårige løyve for inntil fire år om gongen innanfor Jotunheimen NP og Utladalen LVO, innanfor styreperioden.

Konklusjon

Med bakgrunn i vurderingane i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, samt naturmangfaldlova §§ 8-12, tilrår vi å avslå søknaden frå Vest-Jotunheimen Villreinutval om bruk av snøskuter for oppsynsoppdrag og forvaltning av villrein. I vurderinga er det lagt særleg vekt på omsynet til verneverdiane og verneformålet, jf. verneforskriftene §§ 1. Føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9), omsynet til samla belastning i området (naturmangfaldlova § 10) og faren for presedens i andre liknande saker er også vektlagt.

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd får Vest-Jotunheimen Villreinutval dispensasjon for lågtflyging med helikopter for teljing av villrein i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Det er lagt særleg vekt på at bruken av helikopter er den mest effektive metoden og avgrensa i tid, den samla belastninga vil vere akseptabel og løyvet vil ikkje medføre presedens.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2023/14852-8

Saksbehandlar: Eldrid Nedrelo

Dato: 07.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	15/2024	15.03.2024

Klage på avslag - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - Dispensasjon - 2024-2027 - Kjentmannskøyering - Luster Røde Kors Hjelpekorps

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen opprettheld vedtak av 09.02.2024 om avslag på søknad om gjennomføring av ID 26, bruk av snøskuter for vurdering av snøskredfare i området som er dekket av ID 26.

Grunngjevinga for avslaget er at det ikkje er heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd for å gje løyve til bruk av snøskuter for vurdering av snøskredfare innanfor nasjonalparken.

Villreinen i Hurrunganeområdet er særleg sårbar i tida frå 1. mai og framover, og tiltak som kan forstyrre villrein kan gå ut over verneverdiane, og vere i strid med verneformålet. Vi viser til vilkår sett i naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ om at dispensasjon berre kan gjevast for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkåra må vera oppfylt.

Prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning (nml. § 10) og føre-var-prinsippet (nml § 9) er vektlagt i vurderinga. Ein dispensasjon vil også kunne skape uheldig presedens for seinare saker og medføre fare for stor samla belastning i desse sårbare områda over tid.

Klagen har ikkje tilført saka nye moment som ikkje var kjent på vedtakstidspunktet.

Klagen blir med dette ikkje teken til følgje, og blir sendt til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Klage på vedtak om avslag på ID 26 i øvingsplan for 2024-2027 motteken per e-post den 23.02.24 frå Luster Røde Kors Hjelpekorps med 2 vedlegg, jf. vedlegg 1 til denne saka.
- Svar på e--post frå Vest politidistrikt av 27.02.2024.
- E-post frå forvaltar til Vest politidistrikt av 26.02.2024 med spørsmål om ny vurdering av øvingsplanen.

- Sak 11/2024 i Luster Austre Statsallmenning, Motorferdselløyve til Luster Røde Kors Hjelpekorps i samband med øvingsplan 2024-2027.
- Sak 9/2024 i Lom Fjellstyre, om godkjenning av øvingsplan for Luster røde kors hjelpekorps.
- Jotunheimen NP – Utladalen LVO – Dispensasjon – 2024 – 2027 – Kjentmannskøyering – Luster Røde Kors Hjelpekorps, vedtak fatta av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen den 09.02.24, utsendt den 14.02.24.
- Jotunheimen NP – Utladalen LVO – Dispensasjon – 2024 – 2027 – Kjentmannskøyering – Luster Røde Kors Hjelpekorps, Saksprotokoll 7/2024, godkjent den 13.02.24, Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
- Øvingsplan vinter 2024 – 2027 for Luster Røde Kors Hjelpekorps med vedlegg, vedtak gjort av Vest politidistrikt, datert 20.11.2023
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder, brev frå Klima- og Miljødepartementet datert 15. mai 2020.
- Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark, Lom, Vågå, Vang, Luster og Årdal kommunar, Innlandet og Vestland, av 14. november 2014
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltingsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, Fylkesmennene si tilråding etter høyring (juli 2008)

Saksopplysningar

Naturforvaltaren i Luster kalla inn til orienteringsmøte den 20. oktober 2023 på Rådhuset i Luster, der Luster Røde Kors Hjelpekorps orienterte om sin aktivitet og sine behov knytt til søknaden i Luster. Naturforvaltaren, Miljøkoordinatoren i Vest Politidistrikt og nasjonalparkforvaltarane for Jostedalsbreen-, Breheimen- og Jotunheimen nasjonalpark deltok i møtet.

Vest politidistrikt sende over politiet sitt vedtak om øvingsplan for Luster Røde Kors Hjelpekorps med politiet si godkjenning/vurdering av planen til nasjonalparkstyret ved e-post den 30.11.2023.

Søknad frå Luster Røde Kors Hjelpekorps vart handsama av nasjonalparkstyret, sak 4/2024, i møte den 9. februar 2024, sjå vedlegg 1. Vedtak vart sendt ut ved e-post den 14.02.24.

Luster Røde Kors Hjelpekorps klaga på vedtaket som vart gjort av nasjonalparkstyret den 9. februar 2024 ved e-post av 23.02.24. Klagefristen på tre veker er dermed halden. Klagen blir vurdert av nasjonalparkstyret som forvaltingsmyndigheit. Dersom klagen ikkje vert imøtekomen heilt eller delvis, blir saka sendt vidare til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Omsøkt aktivitet frå Luster Røde Kors Hjelpekorps er planlagt gjennomført i Hurrungane innanfor Jotunheimen nasjonalpark. Dette området er del av Vest-Jotunheimen villreinområde. Ved Vest-politidistrikt si handsaming av søknaden vart det derfor etterspurt uttale frå Villreinnemnda for Sogn og Fjordane, men politiet mottok ikkje nokon uttale frå dei.

Nasjonalparkforvaltar har vidaresendt klagen til Vest politidistrikt med førespurnad om dei vil sjå på saka på nytt, men politiet kan ikkje sjå at det er grunnlag for det, då sjekk av snøforhold ligg utanfor det som har med øvingsaktivitet å gjere. Politiet viser til at det er kommunen som evt. kan gi løyve til slik aktivitet etter motorferdsselforskrifta § 6. Søknad om denne aktiviteten er også gått til kommunen, og ikkje til politiet.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane har ansvar for Vest-Jotunheimen villreinområde, og nasjonalparkforvaltar vidaresende klagen frå LRKH til villreinnemnda den 28.02.24 saman med vedtaket nasjonalparkstyret gjorde i saka den 09.02.24. Sekretæren for villreinnemnda i

Sogn og Fjordane melder tilbake i e-post den 05.03.24 at han har eit par tilbakemeldingar frå villreinnemnda, og «nemnda stiller seg bak nasjonalparkstyret si vurdering.»

Klage motteken per e-post den 23.02.24 frå Luster Røde Kors Hjelpekorps

Innhaldet i klagen blir referert avsnitt for avsnitt (*kursiv skrift*) nedanfor under overskrifta «Vurdering» der forvaltar kommenterer innhaldet i klagen. Klagen følgjer også som vedlegg til denne saka, vedlegg1.

Det er to vedlegg vedlagt klagen:

Vedlegg 1 til klagen frå LRKH - Uttale frå politiet i Sogn

LRKH har henta inn ein generell uttale frå politistasjonssjefen i Sogn politidistrikt om behova og rammene hjelpekorpsset har for å utøva tenesta si. Uttalen følgjer som vedlegg til denne saka saman med klagen.

Vedlegg 2 til klagen frå LRKH - Møteprotokoll – Plan- og forvaltingsutvalet i Luster, sak 3/24

Ved politisk behandling i sak 3/24 i Plan- og forvaltingsutvalet i Luster vart det gjeve løyve til ID 26 mdd 3 turar per år som skal gjennomførast innan pinsehelga, eller innan 1. juni dersom pinsa er i mai.

Vedtak i sak 9/2024 i Lom fjellstyre, om godkjenning av øvingsplan for Luster Røde Kors Hjelpekorps

Lom fjellstyre handsama godkjenning av øvingsplan for LRKH i sak 9/24, og påpeikar på at den samla aktiviteten knytt til kjentmannskøyring i verneområda er stor.

Sak 11/2024 i Luster Austre Statsallmenning, Motorferdselløyve til Luster Røde Kors Hjelpekorps i samband med øvingsplan 2024-2027

Luster Austre Fjellstyre handsama Motorferdselløyve til LRKH i samband med øvingsplan 2024-2027 i sak 11/2024, og godkjende øvingsplanen med særskilde vilkår om omsyn til villreinen og folk på tur.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltingsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark i medhald av vedtekter, sist revidert 19.01.2024.

Verneformål – forskrift

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til dyrelivet og friluftsliv som er mest relevant i dette tilfellet, jf. verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14 § 1.

Føremålet med Jotunheimen nasjonalpark er å «*ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

– *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*

– ---

– *leveområde for villreinen*

– ---

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

I utgangspunktet er det forbod mot all motorferdsel i nasjonalparken, jf. verneforskrifta § 3, pkt. 6.1.

Etter verneforskrifta pkt. 6.2 a) er reglane i pkt. 6.1 ikkje til hinder for «*Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskøyring.»*

Forskrifta opnar likevel for at forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon **til øvingskøyring** i medhald av § 3 pkt. 6.3.a): «**Øvingskøyring for formåla som er nemnde i pkt. 6.2 a).**»

I følgje klagen omfattar ID 26 skred-, føre- og framkommelegheitsvurdering for snøskuter i området Turtagrø - Dyrhaugsryggen - Ringsdalen - Lauvnostind – Bukkanosi i perioden mars tom. mai. Denne delen av søknaden frå Luster Røde Kors Hjelpekorps er ikkje rekna som «øvingskøyring», den er heller ikkje med i øvingsplanen som er godkjent av politiet.

Det er dermed ikkje ein eigen heimel i verneforskrifta for å gi løyve til bruk av snøskuter for vurdering av snøskredfare, og søknad om gjennomføring av ID 26 blir derfor behandla etter naturmangfaldlova (nml) § 48.

Forvaltingsplan

Forvaltingsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument.

8.15.4 Redningsteneste og øvingar


Når det gjeld redningsteneste i verneområde og hjelpekorpsa sin bruk av snøskuter er handteringa av dette i høve verneforskriftene er det i 1999 utarbeidd retningslinjer for arbeidet med slike saker i eit samarbeid mellom Direktoratet for naturforvaltning og Justisdepartementet. Også Røde Kors og Norsk Folkehjelp var trekte med i arbeidet. Hovudinnhaldet er her er at

- *Konkrete redningsaksjonar er unnateke frå forbodet med motorferdsel i verneområde, jf. Naturvernlova § 22 og framlegg verneforskrifter § 3.6.1 NP og § 3.5.1 LVO*
- *I tillegg kan t.d. naudsynt motorfersel i samband med avsperring eller skilting av særleg rasfarleg område og isforhold kome inn, noko som politiet er ansvarleg for å avgjere.*
- *All motorferdsel som kan leggjast utanfor eit verneområde skal foregå utanfor. Dette gjeld t.d.*

opplæring i bruk av snøskuter og sambandsutstyr

- Redningsøvingar, kjentmannskøyring og øvingskøyring med snøskuter krev særskilt løyve frå verneforskrifta. Løyvet kan gjevast av forvaltningsstyresmakta med bakgrunn i plan som er godkjend av politimeisteren. Ved behov kan løyve gjevast for fleire år. Søknader frå hjelpekorpsa skal såleis sendast om politimeisteren, og gjennomføring bør/skal skje i regi av lensmannen. Alle søknader vil bli vurdert med bakgrunn i området si sårbarheit, omsyn til dyrelivet, storleiken på området, bruk av området til friluftsliv, utskifting av folk i hjelpekorpsa osv. Også ved øvingar og kjentmannskøyring skal omfanget av motorferdsel og talet på snøskuterar haldast så lågt som råd.
- Ein plan må inneholde informasjon om øvingshyppigheit over tid, tal på snøscootere som skal delta, tidspunkt for gjennomføring og samarbeidspartnarar. Eit samarbeid med oppsynet og politiet om sjølve øvinga er ein føresetnad for løyve.
- Tilhøva endrar seg fort i vinterfjellet. Å vere kjend i fjellet ei veke er ikkje det same som å vere kjend i fjellet ei veke seinare. Dette tilseier at å gjere seg kjend bør gjelde nøkkelpersonell, og at ein i stor grad bør leggje vekt å vere kjend med fjellet og utstyret ein skal bruke under ulike tilhøve

Forvaltingsplanen deler verneområdet inn i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tek nasjonalparkstyret sikte på å bevare områda markert med grønt på forvaltningsplankartet mest mogleg uforstyrra. Sonene gjeld både for tekniske inngrep og ulike aktiviteter, for eksempel motorisert ferdsel og bruk av snøskuter. Hurrungane ligg i grøen sone med svært streng dispensasjonspraksis. Kartutsnittet under viser sonedelinga i forvaltningsplanen:



Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder, Klima- og Mjødepartementet, av 15. mai 2020

Utdrag

Kap. 3 Oversikt over gjeldende regler for motorferdsel i utmark og i verneområder

For de fleste verneområdene er det fastsatt i verneforskriftene at motorferdsel til lands og til vanns er forbudt. Det er imidlertid gjort unntak for kjøring til visse formål, blant annet for kjøring i forbindelse med ambulanse, politi, brannvern- og redningsvirksomhet. Det fremgår imidlertid normalt av verneforskriftene at unntaket ikke gjelder øvingskjøring. Det betyr at øvingsvirksomhet som hovedregel skal legges utenfor verneområdene.

For søknader om øvingsvirksomhet gjelder også de miljørettslige prinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12, jf. § 7.

Kap. 4 Forberedende redningstjeneste

For at redningsaksjoner kan gjennomføres så effektivt og sikkert som mulig, skal det legges til rette for at organisasjonene kan drive øvingskjøring med snøscooter i områder hvor det kan forventes mulige redningsaksjoner. Med øvingskjøring menes nødvendig kjøring med snøscooter under organisert redningsøvelse. Grunnopplæring i bruk av snøscooter inngår ikke i dette.

Øvingskjøringen skal ivareta behovene som den enkelte organisasjon har, slik at de kan gjennomføre en effektiv redningsaksjon med høy sikkerhet for egne mannskaper. Samtidig skal øving skje på en måte som ivaretar hensynet til naturmangfold, friluftsliv og naturopplevelser. Dette er særlig viktig innenfor verneområder, der områdets verneverdier skal beskyttes. All øvingsvirksomhet som kan legges utenfor et verneområde, **skal** derfor foregå utenfor verneområdet.

Innenfor vernede områder er utgangspunktet i de fleste verneområder at øvingskjøring er forbudt. Det er et overordnet mål i verneområder å redusere motorisert ferdsel til et minimum, derfor skal slik ferdsel begrenses til det som er strengt nødvendig. For å være i stand til å redde liv og ivareta egen sikkerhet ved redningsoperasjoner, vil imidlertid redningstjenesten til en viss grad være avhengige av mulighet for øvingskjøring og i praksis særlig kjøring for å bli kjent ("kjentmannskjøring") innenfor verneområder.

Øvingskjøring og kjentmannskjøring innenfor et verneområde kan skje dersom det gis dispensasjon fra verneforskriften etter den generelle dispensasjonsbestemmelsen i naturmangfoldloven § 48. Søknad om dispensasjon sendes forvaltningsmyndigheten for verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal vurdere slike søknader etter § 48 første alternativ, som gjelder dispensasjon for kjøring som ikke er i strid med verneformålet, eller som kan skade verneverdiene nevneverdig.

Ved vurdering av om tiltaket er i strid med verneformålet og om det påvirker verneverdiene nevneverdig, må det tas utgangspunkt i verneformålet slik det er angitt i formålsbestemmelsen for aktuelt verneområde. Det må vurderes konkret i hvilken grad motorferdsel vinterstid er i strid med de formål som er angitt, herunder påvirkning på naturtyper, arter mv. Dersom friluftsliv er del av verneformålet skal det i vurderingen her også legges vekt på at forebyggende redningstjeneste er viktig for allmennhetens friluftslivsutøvelse.

Forvaltningsmyndigheten skal som hovedregel bare kunne gi dispensasjon til øvingskjøring og kjentmannskjøring som er ledd i en øvingsplan. Se nærmere om innholdet i øvingsplaner i punkt 5 nedenfor. Dersom øvingsplanen er forankret sentralt (på nasjonalt nivå) hos Røde Kors Hjelpekorps, Norsk Folkehjelp, Norske redningshunder eller andre lignende større redningsorganisasjoner, og planen er i samsvar med vurderinger fra lokal redningssentral, skal forvaltningsmyndigheten normalt gi dispensasjon til kjøring som omsøkt i planen, herunder gi dispensasjon for flere år av gangen, såfremt dette ikke vil stride mot vernevedtakets formål og ikke vil påvirke verneverdiene nevneverdig. Kjøring som det er søkt om gjennom slike sentralt forankrede planer skal i utgangspunktet anses som strengt nødvendig kjøring, jf. at motorferdsel i verneområder skal begrenses til det som er stengt

nødvendig. Denne føringen gjør at forvaltningsmyndighetens skjønnsrom ved søknadsbehandling av slike sentralt forankrede øvingsplaner blir mindre.

..

For kjøring som ikke er fastsatt i øvelsesplan, kreves dispensasjon fra kommunen etter § 6 i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag i tillegg til dispensasjon fra forvaltningsmyndigheten.

..

Naturmangfoldlova

Søknad om dispensasjon for bruk av snøskuter i samband med snøskredvurdering for egne mannskap sin tryggleik krev løyve etter nml § 48 første alternativ.

Naturmangfoldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon evnetuelt kan vurderast, men åpnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt. Ein må ikke gje dispensasjon sjølv om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna myndigheiter er også ein del av vurderinga. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet, i første rekke bagatellmessige inngrep eller *forbigående forstyrningar*.

Miljødirektoratet sin rettleiar M106-2014 - Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter - viser m.a. til følgjande når det gjeld bruk av § 48 som unntaksregel: «*Det følger av forarbeidene til naturmangfoldloven at den generelle dispensasjonsbestemmelsen i § 48 ikke kan anvendes for å utvide den rammen som er trukket opp i vernevedtaket. Bestemmelsen skal være en sikkerhetsventil for tiltak som ikke kunne forutses eller spesielle/særskilte tilfeller som ikke ble vurdert på vernetidspunktet.*» ----

Tiltaket eller aktiviteten vil være i strid med verneformålet dersom en tillatelse vurderes å ha en negativ påvirkning på verneformålet samlet sett. I vurderingen av om tiltaket eller aktiviteten er i strid med verneformålet, er betydningen for verneformålet både på kort og lang sikt relevant. Et tiltak eller en aktivitet kan være i strid med verneformålet dersom tiltaket eller aktiviteten på sikt eller over tid kan ha negativ påvirkning på verneformålet.

Mange små inngrep kan over tid få store konsekvenser for verneformålet. Dersom det er mange eksisterende inngrep i et verneområde, vil den samlede belastningen på verneverdiene lettere kunne medføre at et tiltak eller en aktivitet vurderes å være i strid med verneformålet. Det følger av prinsippet om samlet belastning i naturmangfoldloven § 10 at en påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastningen som økosystemet er eller vil bli utsatt for. Dette innebærer at også planlagte tiltak vil ha betydning i vurderingen. Det må derfor vurderes hva som blir summen av belastningen på naturmangfoldet som følge av det omsøkte tiltaket, og andre kjente tiltak, nå og i fremtiden.

Ved usikkerhet om tiltakets virkninger for naturmiljøet skal det legges vekt på føre-var-prinsippet i naturmangfoldloven § 9. Det er også viktig å være oppmerksom på at selv om det omsøkte tiltaket eller aktiviteten ikke har direkte negativ betydning for verneverdier, kan tiltaket generere annen virksomhet som kan medføre skade.

Vilkåret om at tiltaket ikke skal påvirke verneverdiene nevneverdig innebærer en mer konkret vurdering av de enkelte verneverdiene som omfattes av verneformålet. I verneområder hvor verneformålet er bredt og mer generelt formulert vil man ofte måtte gå nærmere inn i forarbeidene til vernevedtaket for å finne mer informasjon. Verneverdiene som inngår i verneformålet er ofte nærmere beskrevet i den kongelige resolusjonen eller andre grunnlagsdokumenter. Hvilke verneverdier som berøres avhenger av den faktiske situasjonen og miljøtilstanden på det tidspunkt søknaden blir behandlet.

Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke nevneverdig innebærer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidig eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak. Bestemmelsen gir også klar anvisning på at hensynet til verneverdiene skal være overordnet for eksempel næringsinteresser. Ved usikkerhet om virkningene tiltaket eller aktiviteten kan ha for verneverdiene, bør føre-var-hensyn tillegges stor vekt i vurderingen.»

Søknaden skal vurderast etter naturmangfaldlova. Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lova §§ 8-12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit som berører naturmangfald, og vurderinga og vektlegginga skal gå fram av vedtaket.

Presedens

Dersom det blir opna opp for bruk av snøskuter til å gjennomføre skredvurderingar, må vi rekne med fleire slike søknader både frå andre hjelpekorps, men også andre sentrale aktørar som har installasjonar/infrastruktur innanfor verneområda som det t.d. skal førast tilsyn med. Det må i så tilfelle også reknast med at det kjem tilsvarande søknader i andre nærliggjande verneområde som t.d. Breheimen og Reinheimen.

Vurdering

Innhaldet i klagen blir referert avsnitt for avsnitt (kursiv skrift), med kommentarar for kvart avsnitt.

Luster Røde Kors Hjelpekorps

Vi vil med dette klage på vedtaket om avslag på ID26 i vår øvingsplan for perioden 2024-2027. ID26 omfattar skred-, føre- og framkommelegheitvurdering for snøskuter i området Turtagrø - Dyrhaugsryggen - Ringsdalen - Lauvnostind – Bukkanosi i perioden mars tom. mai.

Kommentar frå sakshandsamar

I følgje retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder, utarbeidd av Klima- og Miljødepartementet gjeld det at «*Forvaltningsmyndigheten skal som hovedregel bare kunne gi dispensasjon til øvingskjøring og kjentmannskjøring som ledd i en øvingsplan.*»

I opprinneleg søknad, øvingsplan godkjent av Vest politidistrikt den 20.11.23, var formålet med ID 26 definert som «*Snøskredvurdering for egenmannskaps sikkerhet. Resultat legges inn i regObs.*» Under merknad var det lagt til «*Nødvendig for å kartlegge skredfaren. Turene gjøres i forkant av utfartshelger frå mars-pinse.*» «Føre- og framkommelegheitvurdering», var altså ikkje ein del av formålet med denne ID-en då.

Den aktuelle aktiviteten, definert som ID 26 i klagen, er altså ikkje definert som kjentmannskjøring etter dei nemnde retningslinjene. Sjekk av snøforhold ligg utanfor det som har med øvingsaktivitet å gjere, og søknad om gjennomføring av ID 26 blir derfor behandla etter naturmangfaldlova § 48. Vi finn det likevel naturleg å sjå til retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder i vår vurdering, då det er relevant for saka.

«Føre- og framkommelegheitsvurdering» må vere del av ein øvingsplan som skal godkjennast av politiet. ID 13 dekkar det same området som ID 26, og ID 13 er godkjent gjennom øvingsplanen av politiet og nasjonalparkstyret i styremøte den 9. februar. Behova for føre- og framkommelegheitsvurdering i området skal såleis vera dekkja.

Luster Røde Kors Hjelpekorps

Øvingsplanen for 2024-2027 er i stor grad gjenbruk av tilsvarende plan for perioden 2020-2023, men med nokre tilpassingar der ein har erfart at toppturtrafikken har auka og at mengda redningsaksjonar har auka. Vi har redusert og fjerna turar der ein erfarer at behovet er mindre, m.a. inkluderte tilsvarende løyve i førre periode (ID18 i perioden 2020-2023) også traséen inn til Fanaråkbreen. Området som ID26 omfattar har særleg stor utfart blant toppturentusiastar, og trafikken er aukande utover mot slutten av skisesongen. Området ligg høgt, er delvis nordvendt og dette medfører at ein oftast har skitilhøve heilt fram mot pinse. Når skitilhøva minkar i resten av både området i Indre Sogn og elles i heile Sør-Noreg er dette området blant dei siste som framleis vert besøkte av toppturentusiastar, og trafikken vert med det stor i eit avgrensa område.


Med mykje folk på eit avgrensa område aukar òg talet redningsaksjonar i det same området. Våren (april-mai) 2023 var Luster RKH involvert i seks skarpe aksjonar i det aktuelle området, i tillegg kjem aksjonar som alpine redningsgrupper, luftambulanse- og redningshelikoptertenesta gjennomfører utan vår bistand.

Kommentar frå sakshandsamar

Vi er kjende med at Hurrungane er eit mykje nytta område til friluftsliv, særleg frå påske og framover våren, og at toppturaktiviteten i området har auka. Vi er også godt kjende med behovet til Røde Kors Hjelpekorps gjennom tidlegare søknader og dialog, og gjennom møtet vi hadde på Rådhuset i Luster den 20. oktober 2023 der både Luster Røde Kors Hjelpekorps, naturforvaltar i kommune, nasjonalparkforvaltarane for Jotunheimen, Breheimen og Jostedalsbreen og miljøkoordinatoren i Vest politidistrikt var tilstades.

Vi ønskjer å legge til rette for at Luster Røde Kors Hjelpekorps kan drive *øvingskøyning* med snøskuter i område der det kan ventast moglege aksjonar, slik som i Hurrungane, og meiner behovet skal vera vareteke gjennom godkjent øvingsplan for slik aktivitet, i tråd med tilrådinga frå Vest politidistrikt. Det er politiet som vurderer behovet for kjentmannskøyning i slike saker. Som vist til i e-post av 27.02.24 så ligg sjekk av snøforhold «utanfor det som har med øvingsaktivitet å gjere».

ID 13 er vist med raude område i kartet nedanfor, og er godkjende trasear for kjentmannskøyning i øvingsplanen (Godkjent av Vest politidistrikt og nasjonalparkstyret i sak 7/24). Der vart det gjeve løyve til bruk av 8 snøskuterar i 8 dagar i løyveperioden, veke 4-17. Areal med blå avgrensing viser områda som gjeld ID 26.



Luster Røde Kors Hjelperkorps

Det vert i grunngeving for avslaget m.a. vist til at «Observatørane som bidreg med målingar/opplysningar til snøskredvarslinga gjennomfører oppdraget utan motoriserte hjelpemiddel, og slik sett må ein kunne vente at også LRKH sine mannskap bør kunne gjere det når formålet er skredvurdering utanom oppdrag.» Dette er for det meste korrekt, sjølv om vi som ledd av våre turar òg har hatt med NVE/Varsom sine observatørar ved fleire tilfelle. Det som derimot er viktig å merke seg er at observatørane hjå Varsom har i skredsesongen som betalt arbeid å utføre arbeidet innanfor si eiga arbeidstid. Våre mannskap har for det meste heiltidsjobb utanfor sine roller i Røde Kors, og utfører arbeid for redningstenesta 100% på frivillig basis – på dugnad. I tillegg til aksjonar, øving på basiskunnskap som fyrstehjelp, samband, grunnleggande søk og redning og administrativt arbeid skal ein finne tid til turar som avslagne ID26. Det er fullstendig urealistisk å forvente at ein skal kunne utføre dette utan motoriserte hjelpemiddel, då ein tur som gjerne vil ta 2-3 lange dagar på ski kan gjennomførast på nokre kveldstimar med snøskuter.

Merknad frå forvaltar

Førebyggjande redningsteneste er viktig for allmenta si utøving av friluftsliv, og bruk av snøskuter for vurdering av snøskredfare vil vere effektivt for redningstenesta. Vi kan likevel ikkje sjå at det er «strengt nødvendig» at LRKH skal bruke snøskuter for å gjere eigne skredvurderingar i Hurrungane i perioden mars-mai, då vi allereie har ei fungerande teneste

for snøskredvarsling. Snøskredvarslinga utarbeider dalglege snøskredvarsel som beskriv faregrad, skredproblem og utsett terreng for kvart varslingsområde. Som nemnt i vår vurdering i sak 7/24 er *Hovudmålgruppene for tenesta friluftsliv og beredskap* (www.varsom.no), dvs. at redningstenesta er ei av målgruppene.

Samstundes som vi legg til rette for at LRKH kan drive øvingskøyning, inkludert kjentmannsturar, er det nasjonalparkstyret si oppgåve som forvaltingsmyndigheit å vurdere omsynet til verneformål og verneverdiar, som å ta vare på leveområde for villrein, i tråd med verneforskrifta. Dette er også i samsvar med dei nemnde retningslinjene: «*Øvingskjøringen skal ivareta behovene som den enkelte organisasjon har, slik at de kan gjennomføre en effektiv redningsaksjon med høy sikkerhet for egne mannskaper. Samtidig skal øving skje på en måte som ivaretar hensynet til naturmangfold, friluftsliv og naturopplevelser. Dette er særlig viktig innenfor verneområder, der områdets verneverdier skal beskyttes. All øvingsvirksomhet som kan legges utenfor et verneområde, skal derfor foregå utenfor verneområdet.*» Det må også vektleggast at eit skuterspor kan bidra til å leie fleire folk inn i området i ein sårbar periode.


Luster Røde Kors Hjelpekorps

Det er mykje fokus på konflikt mellom vår ferdsel og villrein i aktuelle område, og avslaget fokuserer på unødige tiltak. Dette er viktig, men vi vil presisere at vi ikkje har opplevd faktiske slike konfliktrar dei seinare år – vi har ikkje møtt på villrein i dette området i aktuell periode som ID26 omhandlar. Samstundes er området i same perioden tett befolka av menneskeleg ferdsel på ski, på enkelte dagar kan det vere store trafikale problem rundt Turtagrø, langs Tindevegen og det er mange hundre menneske i området som ID26 berører. Å hevde at vår ferdsel kan definerast som unødig er difor urimeleg og samanlikna med øvrig menneskeleg ferdsel i området gjev våre turar sær marginal tilleggsbelastning.

Merknad frå forvaltar

Ferdsla er stor i Turtagrø – Hurrunganeområdet særleg på seinvinteren rundt april månad. Gjennom arbeidet med kvalitetsnormen for villrein er det definert såkalla fokusområde. Fokusområde er stader i villreinen sitt leveområde med arealinngrep og/eller menneskeleg aktivitet er på eit nivå som kan skape utfordringar for villreinen. Effektane av dette er ofte at reinen unngår å bruke heile eller delar av funksjonsområder som han elles ville ha brukt på den aktuelle årstida, eller ulik grad av hindringar av reinen sine naturlege trekk mellom ulike funksjonsområde. Dette kan vera grunnen til at LRKH ikkje har møtt på villrein i dette området dei seinare åra. Kartet nedanfor (henta frå www.villrein.no) viser avgrensinga av dette fokusområdet i Vest-Jotunheimen, Turtagrø-Hurrunganeområdet, med gul farge. Dei skraverte områda er fokusområde der arealunnviking kan vere ei utfordring.

Samstundes er det same området rekna å vere gode vinterbeite for villrein, sidan det ofte er mindre snø her, og det aktuelle området er eit viktig vinterbeiteområde for villrein i følge kvalitetsnormen.



Kartet viser fokusområde for villrein i Vest-Jotunheimen, der arealunnvikning kan vere ei utfordring for villrein (skravert område). Det skraverte området er dels overlappende med ID 26 i sørleg del av området. Grøn line viser nasjonalparkgrensa.

Vi viser elles til vurderinga ovanfor der det blir vist til at LRKH i øvingsplanen har fått godkjent kjentmannskøyring i det same området som dei søker om bruk av snøskuter til gjennomføring av skredvurderingar. Snøskredvarslinga utarbeider daglege snøskredvarsel som beskriv faregrad, skredproblem og utsett terreng for kvart varslingsområde. Hovudmålgruppene for denne tenesta er friluftsliv og **bereidskap**, som t.d. hjelpekorpsa. Sett i lys av dette meiner vi at bruk av snøskuter for gjennomføring av skredvurdering i regi av Luster Røde Kors Hjelpekorps vil kunne medføre unødig forstyrring av villrein. Vi viser elles til vurderinga om samla belastning (naturmangfaldlova § 10) og føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) nedanfor.

Røde Kors Hjelpekorps er ein stor og viktig del av redningstenesta i Noreg, og dei frivillige organisasjonane vert stadig skildra som ein bærebjelke i redningstenesta. For å kunne utføre aksjonane på vegne av helsetenesta, Politiet og Hovudredningssentralen på ein sikker og effektiv måte er det kritisk viktig at våre mennesk får høve til å førebu seg på hendingar som ein med stor sikkerheit veit vil oppstå, òg i framtida. I høve dette har vi innhenta uttale frå lokalt politi (vedlagt) som stadfestar vårt behov for å vere best mogleg førebudde til kommande aksjonar. Gjennomføring av ID26 bidreg nettopp til dette.

Merknad frå forvaltar

Luster Røde Kors Hjelpekorps har henta inn ein generell uttale frå politistasjonssjefen i Sogn politidistrikt om behova og rammene hjelpekorpsa har for å utøva tenesta si, og denne uttalen er ikkje basert på ei konkret vurdering i denne saka. Vest politidistrikt har tidlegare gått gjennom og vurdert øvingsplanen til Luster Røde Kors Hjelpekorps, og i den gjennomgangen er det vist til at sjekk av snøforhold ligg utanfor det som har med øvingsaktivitet å gjere.

Vi vil nemne at ID26 m.fl. vart handsama under møte i Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune 06.02.24. Den vart også der tilrådd avslegen med nesten identisk same grunngjeving som Nasjonalparkstyret for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde nytta, i all hovudsak at ein må kunne forvente at Luster RKH utfører arbeidet utan snøskuter. ID26 vart like fullt godkjent i Plan- og forvaltningsutvalet, men avgrensa til tre turar per år (mot søkte fire turar). Det kan vi leve greitt med.

Merknad frå forvaltar

Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune har gjeve dispensasjon til aktiviteten i medhald av § 6 i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag og etter

kommunale retningslinjer for handsaming av motorferdselsaker i Luster kommune slik LRKH viser til. Det følgjer av naturmangfaldlova § 48 tredje ledd at «*Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velje å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fastsettes etter verneforskriften, dersom ikkje annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.*» Av rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, Veileder M106 – 2014 går følgjande fram: «*Motorferdsel i verneområder krever tillatelse både etter verneforskriften og motorferdselloven.. Viss det er motstrid mellom bestemmelser, går normalt verneforskriften foran andre lover eller forskrifter. .. Normalt vil verneforskriftene ha strengere bestemmelser om bruk og tiltak i et verneområde enn det som gjelder etter annet lovverk.. For vedtak etter den generelle dispensasjonsbestemmelsen i naturmangfoldloven § 48 er det tatt inn en saksbehandlingsregel om at søknad om dispensasjon skal behandles av forvaltningsmyndigheten for verneområdet før den eventuelt blir behandlet etter annet regelverk, jf. naturmangfoldloven § 48 tredje ledd.*» Nasjonalparkstyret skal altså gjere ei sjølvstendig vurdering av søknaden etter verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, og må då gjere ei konkret vurdering av om aktiviteten kan kome i strid med verneformålet og verneverdiane som er skildra i verneformålet for nasjonalparken:

Søknad og klage vert vurdert etter naturmangfaldlova § 48 første ledd. Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i § 48 ikkje kan brukast for å utvide rammene gitt i vernevedtaket, og eventuell presedensverknad må derfor vurderast nøye. Det skal leggst til rette for at redningstenesta kan drive øvingskøyning med snøskuter i område der det kan ventast moglege redningsaksjonar (jf. Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder). Dette skal vera vareteke gjennom øvingsplanen til hjelpekorpsset, jf. vurdering ovanfor. Likebehandlingsprinsippet gjer at det kan bli vanskeleg å sortere mellom aktørar som har behov for å gjere skredvurderingar. Vi har ikkje motteke tilsvarende søknader frå t.d. andre hjelpekorps i Jotunheimen, frå NVE, Hydro Energi eller guidefirma. Dersom ein først opnar opp for bruk av snøskuter for gjennomføring av skredvurderingar som i dette tilfellet, må ein kunne rekne med fleire liknande søknader i etterkant. Fleire enkeltsaker vil skape presedens og vil kunne gå ut over verneverdiane og verneformålet, jf. naturmangfaldlova § 10 om samla belastning.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men åpnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Ved vurdering av om tiltaket er i strid med verneformålet og om det påvirkar verneverdiane nemneverdig, må vi ta utgangspunkt i verneformålet slik det er gitt i verneforskrifta for nasjonalparken § 1.

Jotunheimen og Utladalen er viktige friluftsområde, og i følgje verneformålet ska *ålmenta ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging*. Hurrungane har vorte eit særleg populært område for toppturar. Den frivillige redningstenesta er derfor viktig for sikkerheita til folk på tur. Samstundes har dei som er på tur i desse områda rett til «uforstyrra naturoppleving». I verneformålet står dessutan omsynet til dei andre verneverdiane sterkare enn omsynet til friluftsliv. Omsynet til dei andre verneverdiane blir vurdert i det følgjande.

Snøskredvarslinga utarbeider dalglege snøskredvarsel der *beredskap* er ei av hovudmålgruppene for tenesta. Det vil vere i strid med verneforskrifta å gi dispensasjon til ein aktivitet som forskrifta set eit konkret forbod mot, og der ein ser at konsekvensane kan vere i strid med verneformålet og naturverdiane når ein ser på samla belastning over tid.

Naturverdiane i området er godt dokumentert både gjennom Naturbase, Artsdatabanken, oppsyn i området ved Statens naturoppsyn, og etter mange års forvaltningspraksis, jf. nml § 8 (kunnskapsgrunnlaget). Det er god oversikt over kva som kan påvirke natur og miljø

negativt. Det vart gjennomført sårbarheitskartlegging for fugl i Vest-Jotunheimen i 2018, med særleg fokus på rovfugl, og data om villrein er godt dokumentert gjennom fagnotat om kunnskapsstatus for villrein i Vest Jotunheimen (Øyjordet, I. 2016), og særleg ved oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for villrein i arbeidet med kvalitetsnormen i 2023 (tilgjengeleg på www.villrein.no). Om vinteren lever villrein på sparebluss, med lav som hovudnæring. Dette er næringsfattig kost, og energisparing er like viktig for dyra som tilgang på føde. Vinteren er ei såleis ei sårbar tid for villrein, og dyra må ikkje utsetjast for stress vinterstid.

Av omsyn til verneformål og verneverdiar er det særleg omsynet til villrein som bør vega tungt. I Vest-Jotunheimen byrjar fostringsflokkene trekket mot kalvingsområda rundt 10. april, og kalvinga byrjar ca. 1. mai, dvs. at hovudtyngda er rundt 10. mai. Kalvinga varer ein heil månad, det er stor variasjon i kalvingstidspunktet frå simle til simle. Fostringsflokkane er særleg sårbare frå tida då simlene byrjar å bli tunge, dvs. frå rundt 1. april, og ut heile våren og forsommaren. Vi kallar det yngletid fram til inngongen av juli månad. Bukkeflokkane kan henge igjen i Hurrungane-området, då området er viktig vårbeite for bukkane. Reinen er altså særleg sårbar når det nærmar seg trekketid, dvs. frå starten av april og utover i mai, og ein bør i størst mogleg grad unngå motorferdsel i desse områda etter 1. april.

Motorisert ferdsel frå snøskuter vil kunne forstyrre fugl og vilt. Det vil kunne vere til skade for hekkande rovfugl, særleg kongeørn og jaktfalk er utsett tidleg på vinteren i etableringsfasen. Det er hekkande rovfugl innanfor området, men det er ikkje merka av sårbarheitssoner som rører ved ID 26.

Det er generelt svært viktig å minimere uroing av villrein og andre dyre- og fugleartar i ei sårbar tid på våren, og det er viktig at motorferdsel blir avgrensa til det som er strengt naudsynt. I medhald av naturmangfaldlova § 9 skal forvaltingsmyndigheita ta omsyn til «førevar-prinsippet» og vurdere den samla belastinga i området (naturmangfaldlova § 10). Området er mykje brukt av turfolk frå påska og framover. Bruk av snøskuter for vurdering av snøskredfare er ein del av den samla belastinga i dette området, og bruk av snøskuter for dette formålet kjem i tillegg til allereie godkjende kjentmannsturar i det same området i regi av den same aktøren. Dessutan leverer snøskredvarslinga daglege snøskredvarsel (www.varsom.no) der ei av to målgrupper er *beredskap*. Dersom det blir opna opp for bruk av snøskuter til å gjennomføre skredvurderingar, må vi rekne med fleire slike søknader både frå andre hjelpekorps, men også andre sentrale aktørar som har ansvar for drift og vedlikehald av installasjonar/infrastruktur innanfor verneområda. Det må i så tilfelle også reknast med at det kjem tilsvarende søknader i andre nærliggjande verneområde som t.d. Breheimen og Reinheimen. Oppkøyrd skuterspor kan i tillegg leie fleire skiløparar inn i eit sårbart område. Samstundes blir villreinstammen i Vest-Jotunheimen stadig meir pressa av forstyrningar som gjer at reinen trekker unna, og den vesle sårbare villreinstammen får mindre og mindre urørte område til disposisjon. Fragmentering av leveområde og forstyrningar frå menneskeleg aktivitet er dei største truslane mot villreinen. Verneverdiane skal vere overordna andre interesser, og det å ta vare på leveområde for villrein er ein viktig del av verneformålet. Ut frå økosystemtilnærming og samla belastning kan det ikkje anbefalast å gi dispensasjon frå verneforskrifta til den omsøkte aktiviteten. Dette kan bidra til å auke motorferdsel i eit område der det er ønskje om å oppretthalde villmarkspreget.

Bruk av snøskuter i dette området etter 1. april vil kunne gå ut over villrein, og blir vurdert å vere i strid med verneformålet då det å «*ta vare på leveområde for villrein*» er ein viktig del av verneformålet i nasjonalparken, jf. verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 1. Førevar-prinsippet (jf. naturmangfaldlova § 9) kjem difor også til anvending. Vilkår for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 første ledd er dermed ikkje oppfylt. Dvs. at det er ikkje heimel i naturmangfaldlova § 48 for å gje dispensasjon til bruk av snøskuter for gjennomføring av skredvurderingar.

For å ta vare på verneverdiane i dette området i eit langsiktig perspektiv må det takast ei overordna vurdering av den samla påverknaden, og ikkje gjevast enkeltløyve som vil skape presedens for påfølgjande søknader (jf. forvaltingsplan).

Oppsummering:

Etter ei samla vurdering er det ikkje heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd til å gje dispensasjon i dette tilfellet. Bruk av snøskuter for vurdering av snøskredfare vil kunne vere forstyrrende for villrein i den mest sårbare tida av året. Å ta vare på leveområde for villrein er ein viktig del av verneformålet. Prinsippet om samla belastning (nml. § 10), og føre-var-prinsippet (nml § 9) er vektlagt i vurderinga.

På grunn av at dei planlagte skredfarevurderingane vil føregå i den mest sårbare tida for villrein, er tiltaket vurdert til å vere i strid med verneformålet og det vil kunne påverke verneverdiane nemneverdig. Vilkåra for å kunne gi dispensasjon i medhald av nml. § 48 er dermed ikkje oppfylt.

Vår skjønsmessige vurdering er at det heller ikkje vil vere forsvarleg å gje dispensasjon i denne saka ut frå presedensverknaden av eit løyve. Gjennom handsaming av tidlegare saker om bruk av snøskuter, er det av omsyn til verneverdiar og verneformål etablert praksis å unngå bruk av snøskuter i spesielt sårbare periodar for fugle- og dyreliv. Det gjeld også innan dei gule sonene i forvaltingsplanen.

Klagen har ikkje tilført saka nye moment som ikkje var kjent på vedtakstidspunktet.

Ønsket om at nasjonalparkstyret skal vurdere saka på ein annan måte bør avvisast.

Nasjonalparkstyret blir tilrådd å oppretthalde vedtaket om avslag på ID 26, og å sende saka over til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd. Med oversendinga følgjer klagen og alle tidlegare dokument i saka.

Ei overordna vurdering vil vere svært nyttig også for seinare saker av same kategori.

Til Miljødirektoratet

Frå Luster Røde Kors Hjelpekorps

Deres ref. 2023/14852-5 432.3

Vår ref. Bjørn Hesjevoll Winge

Gaupne, 23.02.24

Klage på vedtak om avslag på ID26 i øvingsplan for 2024-2027

Vi viser til vedtak frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i møte den 9. februar 2024, utvalssak 7/2024.

Vi vil med dette klage på vedtaket om avslag på ID26 i vår øvingsplan for perioden 2024-2027. ID26 omfattar skred-, føre- og framkommelegheitvurdering for snøskuter i området Turtagrø - Dyrhaugsryggen - Ringsdalen - Lauvnostind – Bukkanosi i perioden mars tom. mai.

Øvingsplanen for 2024-2027 er i stor grad gjenbruk av tilsvarende plan for perioden 2020-2023, men med nokre tilpassingar der ein har erfart at toppturtrafikken har auka og at mengda redningsaksjonar har auka. Vi har redusert og fjerna turar der ein erfarer at behovet er mindre, m.a. inkluderte tilsvarende løyve i førre periode (ID18 i perioden 2020-2023) også traséen inn til Fanaråkbreen. Området som ID26 omfattar har særleg stor utfart blant toppturentusiastar, og trafikken er aukande utover mot slutten av skisesongen. Området ligg høgt, er delvis nordvendt og dette medfører at ein oftast har skitilhøve heilt fram mot pinse. Når skitilhøva minkar i resten av både området i Indre Sogn og elles i heile Sør-Noreg er dette området blant dei siste som framleis vert besøkte av toppturentusiastar, og trafikken vert med det stor i eit avgrensa område.

Med mykje folk på eit avgrensa område aukar òg talet redningsaksjonar i det same området. Våren (april-mai) 2023 var Luster RKH involvert i seks skarpe aksjonar i det aktuelle området, i tillegg kjem aksjonar som alpine redningsgrupper, luftambulans- og redningshelikoptertenesta gjennomfører utan vår bistand.

Det vert i grunngjeving for avslaget m.a. vist til at «*Observatørane som bidreg med målingar/opplysningar til snøskredvarslinga gjennomfører oppdraget utan motoriserte hjelpemiddel, og slik sett må ein kunne vente at også LRKH sine mannskap bør kunne gjere det når formålet er skredvurdering utanom oppdrag.*» Dette er for det meste korrekt, sjølv om vi som ledd av våre turar òg har hatt med NVE/Varsom sine observatørar ved fleire tilfelle. Det som derimot er viktig å merke seg er at observatørane hjå Varsom har i skredsesongen som betalt arbeid å utføre arbeidet innanfor si eiga arbeidstid. Våre mannskap har for det meste heiltidsjobb utanfor sine roller i Røde Kors, og utfører arbeid for redningstenesta 100% på frivillig basis – på dugnad. I tillegg til aksjonar, øving på basis-kunnskap som fyrstehjelp, samband, grunnleggande søk og redning og administrativt arbeid skal ein finne tid til turar som avslagne ID26. Det er fullstendig urealistisk å forvente at ein skal kunne utføre dette utan motoriserte hjelpemiddel, då ein tur som gjerne vil ta 2-3 lange dagar på ski kan gjennomførast på nokre kveldstimar med snøskuter.

Norges Røde Kors

Post: Postboks 1 Grønland, 0133 Oslo
Besøk: Hausmanns gate 7, 0186 Oslo
Sentralbord: + 47 22 05 40 00

www.rodekors.no
post@redcross.no

Fakturering: EHF-format, 30 dager forfall og ansattreferanse
Organisasjonsnummer: 864 139 442
Bank: 8200 01 76318

Det er mykje fokus på konflikt mellom vår ferdsel og villrein i aktuelle område, og avslaget fokuserer på *unøydige* tiltak. Dette er viktig, men vi vil presisere at vi ikkje har opplevd faktiske slike konflikter dei seinare år – vi har ikkje møtt på villrein i dette området i aktuell periode som ID26 omhandlar. Samstundes er området i same perioden tett befolka av menneskeleg ferdsel på ski, på enkelte dagar kan det vere store trafikale problem rundt Turtagrø, langs Tindevegen og det er mange hundre menneske i området som ID26 berører. Å hevde at vår ferdsel kan definerast som unøydig er difor urimeleg og samanlikna med øvrig menneskeleg ferdsel i området gjev våre turar sær marginal tilleggsbelastning.

Røde Kors Hjelpekorps er ein stor og viktig del av redningstenesta i Noreg, og dei frivillige organisasjonane vert stadig skildra som ein bærebjelke i redningstenesta. For å kunne utføre aksjonane på vegne av helsetenesta, Politiet og Hovudredningssentralen på ein sikker og effektiv måte er det kritisk viktig at våre mannskap får høve til å førebu seg på hendingar som ein med stor sikkerheit veit vil oppstå, òg i framtida. I høve dette har vi innhenta uttale frå lokalt politi (vedlagt) som stadfestar vårt behov for å vere best mogleg førebudde til kommande aksjonar. Gjennomføring av ID26 bidreg nettopp til dette.

Vi vil nemne at ID26 m.fl. vart handsama under møte i [Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune 06.02.24](#). Den vart også der tilrådd avslagen med nesten identisk same grunngjeving som Nasjonalparkstyret for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde nytta, i all hovudsak at ein må kunne forvente at Luster RKH utfører arbeidet utan snøskuter. ID26 vart like fullt godkjent i Plan- og forvaltningsutvalet, men avgrensa til tre turar per år (mot søkte fire turar). Det kan vi leve greitt med.

Med bakgrunn i dette ber vi Miljødirektoratet om å godkjenne ID26 som søkt i perioden mars tom. mai månader, med totalt 12 turar for perioden 2024-2027.

Beste helsing

Bjørn Hesjevoll Winge
Operativ leiar, Luster Røde Kors Hjelpekorps

Vedlegg:

Uttale frå Politiet i Sogn
Protokoll frå møte i Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune, 06.02.2024

Norges Røde Kors

Post: Postboks 1 Grønland, 0133 Oslo
Besøk: Hausmanns gate 7, 0186 Oslo
Sentralbord: + 47 22 05 40 00

www.rodekors.no
post@redcross.no

Fakturering: EHF-format, 30 dager forfall og ansattreferanse
Organisasjonsnummer: 864 139 442
Bank: 8200 01 76318





notat

Til:

Dato: 22.2.24

Fra: Politistasjonssjef Sogn politistasjonsdistrikt

Kopi til:

Gradering/klassifisering

Saksbehandler:

Versjon:

UTTALE FRÅ POLITIET I SOGN

Luster Røde Kors Hjelpekorps (LRKH) har bedt om ein uttale frå politiet i Sogn i samband med avslag på ID26 i øvingsplanen for 2024 – 2027.

Vest politidistrikt har i brev av 7.12.23 gjeve tilsvar på øvingsplanen. ID26 er definert å liggja utanfor vårt mandat, og er difor ikkje vurdert. Men politiet har bla. godkjent kjentmannskøyring i om lag same område (bla. ID8, 9, 10 og 13).

I tillegg til at ID26 ligg utanfor politiet sitt mandat, så har eg heller ikkje tilstrekkeleg kompetanse til å vurdera alle konsekvensane ved denne type aktivitet innanfor nasjonalparken. Det viktigaste for meg er å få fram at politiet er avhengig av eit godt samarbeid med og bistand frå LRKH til søk og redning i fjellheimen. Deira kompetanse og innsats reddar liv.

Fjellområdet i og rundt Turtagrø er eit populært turområde – særleg vintertid. Normalt har me ulike typar redningsoppdrag i dette området fleire gonger i løpet av vintersesongen. Det er eit krevjande fjellområde å ferdast og å driva redningsoperasjonar i. Det å ha eit lokalt Røde Kors som kjenner fjellområda og dei skiftande forholda er avgjerande for berga liv.

Eg ynskjer ikkje ta stilling til klagen frå LRKH, men vil berre presisera kor viktig det er at dei får så gode rammer som råd til å utøva tenesta si.

Med det bakteppe støttar eg at LRKH sin ID26 i øvingsplanen for 2024 - 2027 vert gjenstand for ny drøfting i samsvar med klagen som er sendt.

Med helsing

Magne Straumstein

Politistasjonssjef Sogn politistasjonsdistrikt

Møteprotokoll

Utval	Plan- og forvaltningsutvalet
Møtestad	Rådhuset
Dato	06.02.2024
Tidspunkt	kl 09:00 - 12:00

Frammøtte	Parti
Anette Stegegjerdet Norberg	AP
Svein Tore Heltne	AP
Arne J Hauge	FrP
Bård Flattun Lilleeng	H
Ann Kristin Sperle	SP
Olav Høyheim Einan	SP
Sandhya Karlsen Holene	V

Andre som møtte:

Rådmann Jarle Skartun frå kl. 10.30, frå sak 7-13.

Stabsleiar Ole Gunnar Krakhellen, heile møte, fungerande rådmann i sak 1-6.

Fagansvarleg Åshild Ekrene, sak 3-6 og 8.

Naturforvaltar Marte Mæland, sak 3 og del av 12.

Plansjef Knut Vidar Svanheld, sak 7-13.

Byggesakshandsamar Haakon Stauri Begby, sak 9 og del av 12.

Underskrifter:

Svein Tore Heltne

Arne J Hauge

Bård Flattun Lilleeng
leiar plan- og forv.utvalet

Jarle Skartun
rådmann

Saksliste

Saknr	Sakstittel
01/24	Konstituering av møte
02/24	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
03/24	Øvingsplan for Luster Røde Kors Hjelpekorps 2024-2027
04/24	Søknad om endring frå kommunal til privat veg og innføring av bompeng - skogsbilveg gbnr. 191/1 - Gardshaug
05/24	Forskriftsendring forskrift om frist for spreiding av gjødselvarer av organisk opphav, Luster kommune, Sogn og Fjordane
06/24	Klagehandsaming- Omgjering av vedtak om konsesjon ved overtaking av gbnr. 186/3 mfl.
07/24	Dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan Gaupne sentrum planid 2009004 - etablering av bussparkering
08/24	Via Ferrata klatresti - dispensasjon frå LNFR-føremålet i arealdelen og byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8 - Tiltak på gbnr. 172/12, 160/2 og 168/6
09/24	Ny handsaming - ark på fritidsbustad i Solvorn - Solvornvegen 315 - gbnr. 177/6
10/24	Mindre endring av detaljreguleringsplan Heggmyrane - planid 2013005
11/24	Utviding av Høyheimsvik båthamn - søknad om endring av reguleringsplan for Høyheimsvik etter forenkla prosess planid: 2007002
12/24	Orienteringar, drøftingar og open post
13/24	Referatsaker
14/24	Delegerte saker

01/24 Konstituering av møte

- Opprop
- Godkjenning av innkalling
- Godkjenning av sakliste
- Godkjenning av dagsorden/gjennomføring av møte
- Val av to til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte :

Plan- og forvaltningsutvalet 06.02.2024

Handsaming

- Opprop - *alle faste medlemmar til stades.*
- Godkjenning av innkalling - *godkjent.*
- Godkjenning av sakliste - *godkjent.*
- Godkjenning av dagsorden/gjennomføring av møte - *godkjent, handsaming av saker i samsvar med sakliste.*
- Val av to til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte - *Svein Tore Heltne og Arne Hauge vart valde til å til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.*

PFU - 01/24 vedtak

Svein Tore Heltne og Arne Hauge vart valde til å til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

02/24 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Protokoll frå sist møte, den 7.12.23 vert referert.

Plan- og forvaltningsutvalet 06.02.2024

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

PFU - 02/24 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 7.12.23 vart referert utan merknader.

03/24 Øvingsplan for Luster Røde Kors Hjelpekorps 2024-2027

Rådmannen si tilråding:

Med heimel i «Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag» § 6 og kommunale retningslinjer for handsaming av motorferdselsaker i Luster kommune, gjev Luster kommune søkjar Røde Kors Luster Hjelpekorps løyve til motorferdsel i tidsrommet 10.2.2024 til 1.5.2027 etter øvingsplan vist nedanfor, på vilkår.

ID	Tidsrom	Føremål	Stad	Tal kjøretøy	Tal dagar	Villrein/verneområde
2 3	Palmehelg , fredag til mandag	Påskeberedskap Nørstedalen, lengste ruta i Breheimen, kritisk viktig ved uvær.	Huldehaugen - Nørstedalsseter - Turtagrø	4	8	Ja / Breheimen
2 4	Palmehelg , fredag til mandag	Påskeberedskap passasjen ved tappetunnellen Bualøyfti-Midtdalsvatnet	Nørstedalsseter - Medalsbu - Nørstedalseter	4	8	Ja
2 5	Hele påske.	Påskeberedskap, klarere scootertrase for pasienttransport lukehus ved Fivlemyranedammen	Nørstedalsseter - Fivlemyrane - Nørstedalseter	4	16	Ja
2 7	Januar-1. april	Ettersyn og vedlikehold av RKH4 VHF samband.	Turtagrø - Steinanosi via Galgeberg	3	16	Ja
3 0	Uke 4 til uke 17	GW kartlegging. Service Nødnett - bistå DSBs entreprenør med transport til reflektorpunkt.	Turtagrø - Nørstedalsseter - Tussen	4	1	Ja / Breheimen

Vilkår:

- All aktivitet som kan planleggast utanom søndagar og helgedagar skal gjennomførast på kvardagar og laurdagar.
- Alle skuterane skal vere merkte med organisasjonen sin logo eller namn, dette gjeld også om dei er private. Alternativt kan føraren bere vest med godt synleg logo.
- Utskrift av dispensasjon skal vera med på turane, for framvising ved eventuell kontroll.

- Før turen gjennomførast skal SNO kontaktast for å avklare om det er villrein i området. Om naudsynt skal turen utsettast for å ikkje forstyrre dyra. Om det vert observert villrein skal del takast omsyn og vente til dyra er trekt unna og la dei passere, eller køyre om dyra i le vindretning på minst 500 m avstand. Meld frå til SNO om villreinobservasjon.
- Det skal ikkje køyrast meir enn naudsynt, og køyringa skal gå føre seg på ein måte som er skånsom og minst mogleg sjenerande for vilt og menneske i fjellet.
- Dersom det er mogleg ved å slå saman ulike ærend eller på annan måte, skal Røde Kors redusere talet på turar med snøskuter.
- Rapport/ køyrebok skal sendast til kommunen etter kvar sesong.

Vi gjer merksam på at det også er naudsynt med grunneigar sitt samtykke, samt løyve frå aktuelle vernemyndigheiter.

Plan- og forvaltningsutvalet 06.02.2024

Handsaming

PFU er opptekne av den viktige jobben som Røde Kors gjer, og har tillit til dei forvaltar sine løyve godt for å minimere ferdsel til behovet.

PFU sette fram framlegg om følgjande endringar i rådmannen si tilråding i sak 3/24:

ID 26 vert delvis innvilga med 3 turar pr. år som gjennomførast innan pinsehøga, eller innan 1.juni dersom pinsa er i mai.

ID 23 vert innvilga med 4 turar pr. år.

ID 24 vert innvilga med 4 turar pr. år.

ID 27 kan gjennomførast i perioden som omsøkt, innan 1. juni.

Plan og forvaltningsutvalet legg og til at om Røde Kors klarar å redusere tal turar i forhold til kva som er innvilga, så skal ikkje talet gjennomførte turar føregåande år leggest til grunn når ny søknad handsamast.

Rådmannen si tilråding, med PFU sitt framlegg til endringar vart samrøystes vedteken

PFU - 03/24 vedtak

Med heimel i «Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag» § 6 og kommunale retningslinjer for handsaming av motorferdselsaker i Luster kommune, gjev Luster kommune søkjar Røde Kors Luster Hjelpekorps løyve til motorferdsel i tidsrommet 10.2.2024 til 1.5.2027 etter øvingsplan vist nedanfor, på vilkår.

ID	Tidsrom	Føremål	Stad	Tal køyretøy	Tal dagar	Villrein/verneområde
23	Palmehelg, fredag til mandag	Påskeberedskap Nørstedalen, lengste ruta i Breheimen, kritisk viktig ved uvær.	Huldehaugen - Nørdstedalsseter - Turtagrø	4	8	Ja / Breheimen
24	Palmehelg, fredag til mandag	Påskeberedskap passasjen ved tappetunnellen Bualøyfti-Midtdalsvatnet	Nørdstedalsseter - Medalsbu - Nørdstedalseter	4	8	Ja
25	Hele påske.	Påskeberedskap, klarere scootertrase for pasienttransport lukehus ved Fivlemyranedammen	Nørstedalsseter - Fivlemyrane - Nørdstedalseter	4	16	Ja
27	Januar-1. april	Ettersyn og vedlikehold av RKH4 VHF samband.	Turtagrø - Steinanosi via Galgeberg	3	16	Ja
30	Uke 4 til uke 17	GW kartlegging. Service Nødnett - bistå DSBS entreprenør med transport til reflektorpunkt.	Turtagrø - Nørdstedalsseter - Tussen	4	1	Ja / Breheimen

Endring:

ID 26 vert delvis innvilga med 3 turar pr. år som gjennomførast innan pinsehelga, eller innan 1.juni dersom pinsa er i mai.

ID 23 vert innvilga med 4 turar pr. år.

ID 24 vert innvilga med 4 turar pr. år.

ID 27 kan gjennomførast i perioden som omsøkt, innan 1. juni.

Plan og forvaltningsutvalet legg og til at om Røde Kors klarar å redusere tal turar i forhold til kva som er innvilga, så skal ikkje talet gjennomførte turar føregåande år leggest til grunn når ny søknad handsamast.

Vilkår:

- All aktivitet som kan planleggast utanom søndagar og helgedagar skal gjennomførast på kvardagar og laurdagar.
- Alle skuterane skal vere merkte med organisasjonen sin logo eller namn, dette gjeld også om dei er private. Alternativt kan føraren bere vest med godt synleg logo.

- Utskrift av dispensasjon skal vera med på turane, for framvising ved eventuell kontroll.
- Før turen gjennomførast skal SNO kontaktast for å avklare om det er villrein i området. Om naudsynt skal turen utsettast for å ikkje forstyrre dyra. Om det vert observert villrein skal del takast omsyn og vente til dyra er trekt unna og la dei passere, eller køyre om dyra i le vindretning på minst 500 m avstand. Meld frå til SNO om villreinobservasjon.
- Det skal ikkje køyrast meir enn naudsynt, og køyringa skal gå føre seg på ein måte som er skånsom og minst mogleg sjenerande for vilt og menneske i fjellet.
- Dersom det er mogleg ved å slå saman ulike ærend eller på annan måte, skal Røde Kors redusere talet på turar med snøskuter.
- Rapport/ køyrebok skal sendast til kommunen etter kvar sesong.

Vi gjer merksam på at det også er naudsynt med grunneigar sitt samtykke, samt løyve frå aktuelle vernemyndigheiter.

04/24 Søknad om endring frå kommunal til privat veg og innføring av bompeng - skogsbilveg gbnr. 191/1 - Gardshaug

Rådmannen si tilråding:

- Luster kommune legg ned vegen til Gardshaug, frå krossen Nedrelid, som kommunal veg. Vegen vert tilbakeført til privat eigarskap.
- John Geir Sperle får løyve til å ta vegavgift for bruk av bilvegen frå krossen mellom Nedrelid og Gardshaug opp til endepunktet på skogsbilvegen Gardshaugvegen. Strekninga er på ca. 1400 meter. Satsane vil vere:

personbil: sommer kr. 70, sesongkort kr. 700 vinter kr. 100; sesongkort kr. 1000

Plan- og forvaltningsutvalet 06.02.2024

Handsaming

Utvalet stilte spørsmål til om saksutgreiinga godt nok tek med seg dei prinsipielle sidene ved å ha to sesongkort, i staden for eitt årskort, med ein høgare kostnad enn andre bomvegar i kommunen. PFU vil at det skal vurderast om dei føreslegne satsane kan gje ein presedens både i nivå på bompengesatsar og to ulike sesongkort. PFU ønskjer også at det vert avklara om gebyr etter veglova §56 for ikkje betalte bompengar.

Utvalet vedtok samrøystes tilrådinga, men utsette siste setning med fastsetjing av bompengesatsar

PFU - 04/24 vedtak

- Luster kommune legg ned vegen til Gardshaug, frå krossen Nedrelid, som kommunal veg. Vegene vert tilbakeført til privat eigarskap.
- John Geir Sperle får løyve til å ta vegavgift for bruk av bilvegen frå krossen mellom Nedrelid og Gardshaug opp til endepunktet på skogsbilvegen Gardshaugvegen. Strekninga er på ca. 1400 meter.

05/24 Forskriftsendring forskrift om frist for spreieing av gjødselvarer av organisk opphav, Luster kommune, Sogn og Fjordane

Plan- og forvaltningsutvalet 06.02.2024

Handsaming

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 05/24 vedtak

Plan- og forvaltningsutvalet vedtek å sende forslag til revidert forskrift «Forskrift om frist for spreieing av gjødselvarer av organisk opphav, Luster kommune» på høyring. Høyringsfrist 1. april.

06/24 Klagehandsaming- Omgjering av vedtak om konsesjon ved overtaking av gbnr. 186/3 mfl.

Plan- og forvaltningsutvalet 06.02.2024

Handsaming

Anette Stegegjerde Norberg sette fram følgjande framlegg på vegne av AP og V :

1. Klage frå advokat Mellingen vert ikkje teken til følgje.
2. Plan - og forvaltningsstyret viser til utgreiinga frå administrasjonen som gjeld priskontroll, og finn ikkje å kunne avslå søknad om konsesjon ut frå kjøpesummen, jf konsesjonslova § 9a.
3. Med heimel i § 6a innvilgar plan- og forvaltningsutvalet konsesjon til Oddvar Vigdal for overtaking av gbnr. 186/3 mfl. i Luster kommune for å legge egedomen til gbnr. 36/1 som han eig og driv frå før.

Det var gode grunnar for å få spørsmålet om priskontroll utgreidd.

Klagar har ikkje vunne fram med sin klage og skal ikkje ha sakskostnadene dekte av det offentlege.

Votering:

AP sitt framlegg fekk 3 røyster (AP og V)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 4 røyster (SP, H og Frp) og vart vedteke.

PFU - 06/24 vedtak

Plan- og forvaltningsutvalet:

1. opphevar tilleggsvedtak i pkt. 2 i sak 78/23 med heimel i forvaltningslova § 33, 2.ledd: *Plan - og forvaltningsutvalet omgjer etter eige tiltak vedtaket i sak 70/23 etter forvaltningslova § 35 bokstav c, og ber administrasjonen koma attende med ei sak der prisvurdering av kjøpet er gjort. Kjøpar må varslast om dette vedtaket.*
2. innvilgar konsesjon til kjøpar Oddvar Vigdal som vedteke i sak PFU- sak 70/23: *Med heimel i konsesjonslova av 28.11.2003 innvilgar plan- og forvaltningsutvalet konsesjon til Oddvar Vigdal for overtaking av gbnr. 186/3 mfl. i Luster kommune for å legge eigedomen til gbnr. 36/1 som han eig og driv frå før.*

07/24 Dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan Gaupne sentrum planid 2009004 - etablering av bussparkering

Plan- og forvaltningsutvalet 06.02.2024

Handsaming

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 07/24 vedtak

1. Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune er positive til å gje dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan Gaupne sentrum planid 2009004 i medhald av plan- og bygningsloven § 19-2 med føremål å etablere bussparkering i tilknytning til haldeplass, og ber rådmannen sende saka på høyring.
2. Plan- og forvaltningsutvalet stør at prosessen vurderer midlertidig dispensasjon med mehald av plan- og bygningsloven § 19-3.
3. Plan- og forvaltningsutvalet prioriterer alternativ 1, men meiner begge alternativa må følgje saka på høyring.

08/24 Via Ferrata klatresti - dispensasjon frå LNFR-føremålet i arealdelen og byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8 - Tiltak på gbnr. 172/12, 160/2 og 168/6

Plan- og forvaltningsutvalet 06.02.2024

Handsaming

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 08/24 vedtak

Med heimel i plan- og bygningsloven § 19-2 gir plan- og forvaltningsutvalet søkjar Ketil Raaum følgjande dispensasjonar:

1. Frå arealføremålet LNF bestemt i kommuneplanen for bygging av Via Ferrata.
2. Frå kravet om utarbeiding av detaljreguleringsplan i føresegnene til kommuneplanens arealdel § 11.1.1.
3. Frå byggeforbod i 100-metersbeltet langs sjø dersom dette er naudsynt.

Dispensasjonen er gitt på følgjande vilkår:

1. Vestland fylkeskommunen v/ infrastruktur og veg skal gi løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse før byggearbeida startar.
2. Det skal dokumenterast skredsikkerheit frå geolog før oppstart av byggearbeidet
3. Tretrappa skal utformast i nøytrale farger for å gli mest mogleg inn i terrenget
4. Naturfagleg kompetanse hjå Luster kommune skal vere med å godkjenne detaljert plassering gjennom edellauvsskogen i nedre del av trappa. Trappa skal tilpassast naturgrunnet slik at minst mogleg av eksisterande vegetasjon vert skadd, og at at daude trær får ligge i fred. Avbøtande tiltak skissert i rapport for Naturrestaurering skal leggjast til grunn for gjennomføring av tiltaket.
5. All parkering skal skje i tunet og ikkje på dyrka eller dyrkbar mark. Tilrettelegging for sanitære forhold og liknande skal skje i hovudhuset på garden.
6. Det skal ligge føre godkjenning etter både jord- og konsesjonslov før byggearbeidet kan starte. Dispensasjonen fell vekk dersom slikt løyve ikkje blir gitt.
7. Det skal ikkje leggjast til rette for ytterlegare tilkomst til start/slutt til Via Ferrata/Sognetrappa av omsyn til jordvern og landbruksinteressene.
8. Rådmannen får fullmakt til å handsame byggesøknaden administrativt

09/24 Ny handsaming - ark på fritidsbustad i Solvorn - Solvornvegen 315 - gbnr. 177/6

Plan- og forvaltningsutvalet 06.02.2024

Handsaming

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 09/24 vedtak

Plan- og forvaltningsutvalet held fast på avslaget frå 2021.

10/24 Mindre endring av detaljreguleringsplan Heggmyrane - planid 2013005

Rådmannen si tilråding:

Med heimel i plan- og byningsloven § 12-14 2. ledd vert gjeldande detaljreguleringsplan Heggmyrane planid 2013005 endra på følgjande punkt sett i forhold til forslag som var på høyring:

1. BUH1 vert endra til FR/ UH1 med justerte føresegner og vist atkomst.
2. BFR8 vert teke inn i planen og føresegnene. Fram til PFU-møte skal det gjerast ei vurdering om arealet vist som 3 tomter kan bli 4.
3. Justering av veg SKV4 vert vedteke.
4. Nye fareområde vert teke inn i planen med tilhøyrande føresegner.
5. Oppdaterte føresegner vert vedteke.

Følgjande vert endra i forhold til forslaget som vart lagt ut til høyring:

1. Turveg mellom verneområde og BSA6 vert tilbakeført til gjeldande plan ned mot BFR8, men må leggest på øversida av BFR8 og inn på trase vist i endringsforslaget vest for BFR8.

Følgjande vert ikkje vedteke endra:

1. Utviding av BSA6 og omlegging av turveg tilpassa skissert endring av BSA6.
2. Ny parkeringsplass o_SPP4

Plan- og forvaltningsutvalet 06.02.2024

Handsaming

Rådmannen v/plansjefen orienterte om saka og la fram oppdatert kartgrunnlag som synte dei tilrådde endringane.

Rådmannen si tilråding, med endring/avklaring i pkt 2. framlagt i møte, vart samrøystes vedteken.

PFU - 10/24 vedtak

Med heimel i plan- og byningsloven § 12-14 2. ledd vert gjeldande detaljreguleringsplan Heggmyrane planid 2013005 endra på følgjande punkt sett i forhold til forslag som var på høyring:

1. BUH1 vert endra til FR/ UH1 med justerte føresegner og vist atkomst.
2. BFR8 vert teke inn i planen og føresegnene. Jf kartvedlegg vert arealet godkjent med 4 tomtar.
3. Justering av veg SKV4 vert vedteke.
4. Nye fareområde vert teke inn i planen med tilhøyrande føresegner.
5. Oppdaterte føresegner vert vedteke.

Følgjande vert endra i forhold til forslaget som vart lagt ut til høyring:

1. Turveg mellom verneområde og BSA6 vert tilbakeført til gjeldande plan ned mot BFR8, men må leggast på øversida av BFR8 og inn på trase vist i endringsforslaget vest for BFR8.

Følgjande vert ikkje vedteke endra:

1. Utviding av BSA6 og omlegging av turveg tilpassa skissert endring av BSA6.
2. Ny parkeringsplass o_SPP4

11/24 Utviding av Høyheimsvik båthamn - søknad om endring av reguleringsplan for Høyheimsvik etter forenkla prosess planid: 2007002

Plan- og forvaltningsutvalet 06.02.2024

Handsaming

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 11/24 vedtak

1. Plan og forvaltningsutvalet er positiv til omsøkt planendring, og tilrår at saka vert behandla som mindre endring etter plan- og bygningsloven § 11-14 andre ledd.
2. Før endeleg vedtak kan fattast, må saka blir forelagt for berørte sektormyndigheiter og naboar, jf. plan- og bygningslova § 12-14 tredje ledd.

12/24 Orienteringar, drøftingar og open post

Plan- og forvaltningsutvalet 06.02.2024

Handsaming

Orientering:

- "Ulovlegheitsoppfølging" Hestnes. Rådmannen v/plansjefen orienterte.

Det ligg føre 28 tilsynsrapportar frå tilsyn byggesak som ein no føl opp.

Det er; Bygging på kommunal grunn, manglande sikring av støttemurar, utnyttingsgrad, manglande inngjerding, garasjar og støttemurar i grense og på kommunal grunn samt manglande ferdigattestar. Større og mindre saker.

- Båthamn Solvorn - status. Rådmannen v/plansjefen orienterte.

Noverande KPA har godkjent småbåthamn i Neset. Stort engasjement frå Solvorn Båtlag om å få regulert båthamn i Habn/Hamn. Det vart avvist i KPA-plan av 2019. Det er store utfordringar med å få til småbåthamn i Solvorn og Habn/Hamn spesielt. Trafikk/parkering, dyrka/dyrkbar mark og tilgang på grunn er krevjande. Saka vert følgt opp i KPA.

- Tilbakemelding Åsen. Rådmannen orienterte.

Det vart vist til e-post frå Åsen som det no er svara på, jf RS 2/24, angående kommunalisering av veg og etterprøving av rastiltak på eigedommen.

Open post:

- **Bustadfelt Bolstadmoen.** -viktig med oppfølging av saka, jf at heimel til tiltak for å gjennomføre reguleringsplan går ut i 2024. Rådmannen føl opp saka.
- **Luster omsorgssenter/oppvekstsenter.** - vurdering/revurdering av rasfare som grunnlag for bruk av område. Rådmannen melder tilbake status.
- **Søknad frå Hafslo Røde kors - Øvingskøyring snøscooter.** -sak etterlyst då det er behov for køyring før neste møte i PFU. Rådmannen vurderer behov for ekstra møte når saka er klar for handsaming.

PFU - 12/24 vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

13/24 Referatsaker

Plan- og forvaltningsutvalet 06.02.2024

Handsaming

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 13/24 vedtak

Referatsaker vert tekne til orientering.

14/24 Delegerte saker

Rådmannen si tilråding:

Informasjon om delegerte saker vert teken til orientering.

Plan- og forvaltningsutvalet 06.02.2024

Handsaming

Det var ikkje merknad/spørsmål til delegerte saker.

PFU - 14/24 vedtak

Informasjon om delegerte saker vert teken til orientering.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2023/14705-4

Saksbehandlar: Eldrid Nedrelo

Dato: 08.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	16/2024	15.03.2024

Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2024 - Montering av nye solcellepanel på hytta i Koldedalen

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 bokstav a) Hydro Energi dispensasjon til å montere solcellepanel på taket på hytta i Koldedalen i Utladalen landskapsvernområde.

Det er lagt særleg vekt på at tiltaket ikkje vil påverke verneformålet og verneverdiane nemneverdig.

Dispensasjonen er gjeven med følgjande vilkår:

- Solcellepanela skal vera svarte og matte/ha ein coating for antirefleksjon slik det er skildra i søknaden.
- Kwart panel skal ha mål slik det er opplyst om i søknaden, 180 cm x 120 cm.
- 12 panel kan monterast flatt på takflata som vender mot sør.
- Panela skal plasserast liggjande litt inn på taket i tråd med 3D-bileta vedlagt søknaden.

Det er lagt særleg vekt på at tiltaket ikkje vil påverka verneformålet og verneverdiane nemneverdig.

Dette løyvet er berre handsama etter verneforskrifta og naturmangfaldlova.

Det må sendast eigen søknad om motorferdsel knytt til tiltaket, til kommunen i medhald av motorferdsellova og nasjonalparkstyret i medhald av verneforskrifta. Vedtak om motorferdsel er delegert til forvaltar.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Oppdatert søknad om etablering av solcelleanlegg på hytta til Hydro Energi AS i Koldedalen av 14.02.24
- Spørsmål om tilleggsopplysningar til søknaden ved e-post av 28.11.23
- Søknad om etablering av solcelleanlegg på Hyro Energi AS si hytte i Koldedalen av 27.11.23

Saksopplysningar

Hydro Energi AS søkjar om følgjande:

«Med referanse til FOR-2014-11-14-1399 Forskrift om Utladalen landskapsvernområde, Luster og Årdal kommunar, Vestland, §3 søker Hydro Energi AS løyve til å få montere solcelleanlegg på vår hytte i Koldedalen i Årdal kommune.

Etter at arbeidet med tunnelsystemet frå Gravdalsdammen til Koldedalen var ferdig tidleg på 60 tallet vart hytta i Koldedalen teken i bruk som sikringshytte for Hydro Energi. Inn til Koldedalen er det ei 22kV linje som er avgreina frå 22kV linja mellom Årdal og Eidsbugarden. For å oppretthalde sikker forsyning til Eidsbugarden har Hydro Energi kobla ut linja til Koldedalen. Hydro Energi har ikkje teke stilling til kva som skal skje med linja inn til Koldedalen.

Det er no naudsynt å montere eit komplett solcelleanlegg for å gi straum til småelektrisk utstyr som lys, ladepunkter, vasspumpe, avtrekksvifte o.l. Utvendig er dette planlagt med panel montert på taket. Arbeidet er planlagt sommaren 2024 og vil kreve nokre passeringar med bil frå bommen ved Uradøla og inn til hytta.

Solcelleanlegget er dimensjonert med 12 panel, kvart i storleik breidde x høgd 180 cm x 120 cm plassert liggjande litt inn på taket frå gesimsen og derfor lite synleg frå nedsida på hytta. Panela har ein coating for antirefleksjon som også optimaliserar cellene for å få maksimert energiopptaket. Refleksjon er eit skjeldan problem med dagens panel.

Vonar at søknaden no er utfyllande for å kunne handsame den i midten av mars.»

Fire illustrasjonar/3D-bilete av hytta med solanlegg følgjer søknaden:








Hytta tilhørende Hyrdo Energi i Koldedalen.

Hytta til Hydro Energi ligg innanfor Utladalen landskapsvernområde ved enden av vegen i nordenden av koldedalsvatnet i Årdal kommune.



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 19.01.2024.

Verneformål – forskrift

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskapsverdiane i området som er mest relevant i dette tilfellet, jf. verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 14.11.2014 § 1. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter.

Jf. verneforskrifta § 1 er formålet med Utladalen landskapsvernområde «å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.
- ---
- naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogsliv til høgfjell og artar knytte til desse.
- ---

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.1 er landskapet verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som .. oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar.. som pregar landskapet sitt særpreg og karakter..

Verneforskrifta har ein spesifisert heimel som opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til ombygging og utviding av eksisterande bygningar, anlegg og innretningar, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 bokstav a).

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument.

Etablering av solcellepanel på bygningane er ikkje omtala i planen, men det er bl.a. gitt føringar for utviding og ombygging av bygningar:

Kap. 8.2. Turisthytter og andre hytter, buer og naust gir bl.a. følgende føringar for utviding eller ombygging av bygningar:

I landskapsvernområdet er alle inngrep som vesentleg kan endra landskapets art eller karakter forbode, medrekna m.a. oppføring av bygningar, anlegg m.v. (framlegg verneforskrift § 3.1.1). Vanleg vedlikehald er tillate. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til m.a. ombygging og utviding av eksisterande bygningar (framlegg verneforskrift § 3.1.3a), oppføring og mindre utviding av bygningar og innretningar som er naudsynte for drift av turisthytter til utviding av eksisterande og oppføring av nye bygningar som er naudsynte for landbruksformål og istandsetjing av seterhus (framlegg verneforskrift § 3.1.3).


Retningslinjer:

Det vil i utgangspunktet ikkje bli gjeve løyve til nye bygg utover dei som det tidlegare (i samband med handsaminga av vernevedtaket) er gjeve løyve til.

Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal utførast i tradisjonell og lokal byggestil og på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området.

Forvaltningsplanutkastet deler verneområdene i ulike soner, etter tilretteleggingsgrad, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tek vi sikte på å ta vare på områdene markert med grønt på forvaltningsplankartet mest mulig uforstyrret. Sonene gjeld både for tekniske inngrep og ulike aktiviteter. Hytta til Hydro Energi i Koldedalen ligg i såkalla brukssone.

I forvaltningsplanen står bl.a. følgjande om soneinndelinga: «Med unntak av nokre mindre område definert som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep, omfattar brukssona dei områda som ikkje er omfatta av urørt natur. Den overordna strategien for brukssona er at den tilrettelegginga som er der i dag kan haldast ved like eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endingar skal det ikkje koma nye tiltak utover slike som er nemnde spesielt i planen.



Naturmangfaldlova

Søknaden skal vurderast etter naturmangfaldlova. Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lova §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit som berører naturmangfald, og vurderinga og vektlegginga skal gå fram av vedtaket.

Presedens

Presedensverknaden vert vurdert som høg, difor legg forvaltninga vekt på presedens når det omsøkte tiltaket blir handsama i denne saka. Eit moderat svart, solcellepanel som ikkje reflekterer lyset, plassert godt inn på deler av taket på denne hytta, vert ikkje sett på som problematisk. Derimot kan verneverdiane verta forringa om det skulle bli opna for så store flater med solcellepanel på kulturhistoriske bygningar.

Vurdering

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til ombygging/utviding. Med ombygging meiner ein bygningsmessige endringar innanfor eksisterande grunnflate. Som ombygging reknar ein også tiltak som inneber bruk av andre materialar og/eller dimensjonar for ytterpanel, dører og

vindauger, pipeløp og taktekkning. Oppføring av solcellepanel på taket kjem inn under denne regelen. I ein dispensasjon frå reglane i verneforskrifta skal grunngevinga for vedtaket vise korleis forvaltingsmyndigheita har vurdert verknadane som dispensasjonen kan få for verneverdiane, og kva vekt det er lagt på dette.

Forvaltingsplanen seier m.a. at alle byggearbeid skal utførast *på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området.*

Ut frå opplysningane gitt i søknaden er tiltaket vurdert som søknadspliktig, då delar av taket på hytta vil bli dekkja av andre materialar enn opphavleg.

Eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høgfjell, brear og geologiske avsetningar.. er ein viktig del av verneformålet med Utladalen landskapsvernområde. Hytta til Hydro Energi i Koldedalen fungerer i dag som sikringshytte, og det er berre denne hytta i nordenden av vatnet. Den gamle 22kV linja som er avgreina frå 22kV linja mellom Årdal og Eidsbugaren er kobla frå, og det er derfor behov for å montere eit solcelleanlegg som skal gi straum til småelektrisk utstyr som lys, ladepunkt, vasspumpe, avtrekksvifte osv.

Ved vurdering av om det *kan* gjevast dispensasjon til omsøkt tiltak skal nasjonalparkstyret vurdere ein dispensasjon i lys av verneformålet, naturtilhøva i det einskilde området osv. Ved vurdering av om tiltaket er i strid med verneformålet og om det påverkar verneverdiane nemneverdig, må vi ta utgangspunkt i verneformålet slik det er gitt i verneforskrifta § 1.

Naturverdiane i området er dokumentert gjennom Naturbase, Artsdatabanken, oppsyn i området ved Statens naturoppsyn, og etter mange års forvaltingspraksis, jf. nml § 8 (kunnskapsgrunnlaget). Det vart gjennomført sårbarheitskartlegging for fugl i Vest-Jotunheimen i 2018, med særleg fokus på rovfugl, men ikkje i dette området. Data om villrein er godt dokumentert gjennom fagnotat om kunnskapsstatus for villrein i Vest-Jotunheimen (Øyjordet, I. 2016), og særleg ved oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for villrein i arbeidet med kvalitetsnormen for villrein i 2023 (tilgjengeleg på www.villrein.no). Villreinen slutta å bruke desse områda aust for Utladalen i slutten av 80-åra.

Det er ikkje registrert trua eller sårbare naturverdiar i området. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilfredsstillande for å vurdera saka, jf. nml. § 8, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt.

Verneområdeforvaltninga skal vurdera verknaden eit tiltak kan få på økosystemet, og den samla belastninga av tiltaket jf. nml. § 10. Temaet solcellepanel er ikkje omtala i forvaltingsplanen for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, og det føreligg ikkje retningslinjer for oppføring av solcellepanel i Utladalen landskapsvernområde. Søknaden omfattar 12 stk. panel (180 cm x 120 cm), liggande litt inn på taket frå gesimsen slik det er illustrert i 3D-teikningar vedlagt søknaden. Taket på hytta er mørk grått-svart farga, og solcellepanelet vil ikkje skilja seg vesentleg frå taket, gitt at det ikkje reflekterer sollyset. Med vilkår om bruk av coating for anitrefleksjon vert legging av nytt solcellepanel vurdert til i liten grad å påverka landskapets art og karakter i forhold til bygningen.

Sjølv om tiltaket er eit reversibelt tiltak ved at installasjonen enkelt kan fjernast, er presedensverknaden vurdert som høg. Det er montert solcellepanel mange stader, både i dette og andre verneområde, og denne saka vil ha verknad også for andre søknader om solcellepanel. Solcellepanelet vil ikkje vera synleg frå nedsida av hytta slik det er plassert i dette tilfellet, og heller ikkje frå baksida. Ein vil derimot kunne sjå det frå litt lenger opp i fjellsidene. Føresett at det nye solcellepanelet er av ein type som ikkje gir gjenskin, og ikkje reflekterer slik som eldre solcellepanel gjerne har gjort, vil ikkje det nye anlegget gjere bygningen meir framtrudande i landskapet enn det eksisterande taktekket. Hytta til Hydro Energi har ikkje særlege bygningsverdiar som må takast vare på. Landskapets art og karakter vert difor truleg vesentleg påverka av eit solcellepanelet som er plassert godt inn på taket.

I retningslinene frå Miljødirektoratet for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48 står det: «Tiltakets omfang har betydning for graden av påvirkning på verneverdiene. Dette har igjen betydning for presedensvurderingen, ved at store tiltak får potensielt større konsekvenser sammen med andre tilsvarende tiltak enn det som er tilfelle for små tiltak. Man vil dermed akseptere mindre risiko for presedens ved store tiltak enn ved mindre tiltak. Eksempler på tiltak av stort omfang, er oppføring av nye bygninger. Små uthus i tilknytning til hytte kan imidlertid etter forholdene anses som tiltak av mindre omfang. Det samme gjelder tilbygg. Terskelen for å gi dispensasjon til tilbygg til eksisterende hytter slik at disse kan oppgraderes til tidsmessig standard, skal ligge lavere enn for å gi dispensasjon til nybygg».

Vurderinga til Miljødirektoratet er tillagt stor vekt. Terskelen skal vera lågare for å gje dispensasjon slik at eksisterande bygg kan oppgraderast til tidsmessig standard. Forvaltninga vurderer solcellepanel som eit mindre tiltak. Ved å stille relevante vilkår er tiltaket vurdert til ikkje å påverke verneverdiane nemneverdig. Det blir i denne saka lagt til rette for eit større areal med solceller enn dei små panela som har kome opp på mindre private hytter andre plassar i verneområdet. Men denne anleggshytta har ei anna utforming og ein annan funksjon enn hyttene elles i verneområdet, og eit løyve tilpassa behova på hytta som ligg i eit område prega av andre inngrep og tekniske installasjonar blir ikkje vurdert å skape presedens for andre saker.

Nml. § 11 er vurdert som lite relevant i denne saka, då tiltaket ikkje vil gje skader på miljøet. Sidan den gamle 22 kV linja mellom Årdal og Eidsbugarden er kobla frå, er det ikkje tilgang på elektrisk straum på hytta per i dag. Hydro Energi nyttar hytta som sikringshytte. I søknaden skriv dei at det er behov for straum til småelektrisk utstyr som lys, ladepunkt, vasspumpe, avtrekksvifte osv. For å ha ein tidsmessig standard på hytta, vurderer forvaltar det som naudsynt med tilgang på straum til desse føremåla. Solceller vert sett på som fornybar energi og som eit betre alternativ enn t.d. dieselaggregat for å løyse energibehovet.

Teknologien innanfor fornybar energi er under stadig utvikling. Solcellepanel slik det er søkt om, er vurdert til å vere den beste miljømessige løysinga med den kunnskapen som er tilgjengeleg pr. i dag (jf.nml. § 12).

Etter vår vurdering vil ikkje dette tiltaket, med gjevne vilkår, stride mot formålet med vernevedtaket jf. § 1, og heller ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 bokstav a) kan det derfor gjevast løyve til tiltaket.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2024/2603-2

Saksbehandlar: Eldrid Nedrelo

Dato: 08.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	17/2024	15.03.2024

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2024 - Montering av nye solcellepanel på Fannaråkhytta - DNT Oslo og Omegn

Innstilling fra forvalter

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gir med hjemmel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 bokstav a) DNT Oslo og Omegn dispensasjon til å montere solcellepanel på taket på Fannaråkhytta.

Det er lagt særlig vekt på at tiltaket ikke vil påvirke verneformålet og verneverdiene nevneverdig.

Dispensasjonen er gitt med følgende vilkår:

- Solcellepanela skal være svarte/mørk grå og matte/ha en coating for antirefleksjon.
- Solcellepanela skal monteres flatt på den bratteste, sydvendte takflata som vender mot sør.
- Solcellepanela kan dekke hele eller deler av takflata slik det går fram av bilde 1 og 2 vedlagt søknaden (jf. avsnitt under saksopplysninger i denne saka).

Det er lagt særlig vekt på at tiltaket ikke vil påvirke verneformålet og verneverdiene nevneverdig.

Denne tillatelsen er kun behandla etter verneforskrifta og naturmangfoldlova.

Det må sendes egen søknad om nødvendig motorferdsel knytta til tiltaket, til kommunen i henhold til motorferdsellova og nasjonalparkstyret i henhold til verneforskrifta. Vedtak om dispensasjon for motorferdsel er delegert til forvalter.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om tillatelse til takmonterte solcellepanel på Fannaråkhytta ved e-post av 19.02.2024
- Oppdaterte opplysningar til søknaden ved e-post av 08.03.2024.

Saksopplysninger

Som nevnt i tidligere samtaler med Eldrid Nedrelo planlegger DNT Oslo og Omegn å utvide solcellekapasiteten på fannaråkhytta. Det er ikke mer egnet veggplass på hytta slik at

eventuelle nye paneler må monteres på taket. Det søkes derfor herved tillatelse fra Jotunheimen nasjonalpark om montering av solcellepaneler på den sydvendte takflaten på hovedhytta på Fannaråken. I forbindelse med solceller på taket på Sprongdalshytta tok vi kontakt med Luster kommune, de anser ikke et slikt tiltak for søknadspliktig fasadeendring.

Begrunnelse

Per i dag er det montert 2 stk solcellepaneler til forbruksstrøm (ca 200 w totalt) til drift av det elektriske anlegget på hytta. I tillegg er det 2 stk. eldre paneler som drifter anlegget for brannalarmen. Disse panelene er alle montert på hyttas sydvegg (se bilde nedenfor). Vinkelen på panelene gjør det slik at ladeeffekten blir relativt liten, i tillegg til at det er liten installert effekt samt få dager med ren sol på Fannaråken. Mengden paneler er til sammenlikning mindre enn på de fleste selvbetjeningshytter, tatt i betraktning at dette er en betjent hytte med kassapparat, bookingsystem og en del teknisk utstyr er det ikke nok solstrøm på anlegget. Konsekvensen blir at det kjøres mye aggregat for å lade batteribanken samt kjøre diverse pumper. Ved å øke mengden tilgjengelig strøm på anlegget åpner det seg i tillegg en mulighet for å benytte diverse utstyr på kjøkkenet som i tur kan redusere bemanningsbehovet og muligens gjøre driften mer lønnsom.



Solceller bør plasseres sydvendt for å ha best mulig effekt. På sydveggen er det lite tilgjengelig plass grunnet vinduer, dører og inngangsparti. I tillegg er deler av veggen under skygge fra påbygg og takutstikk store deler av dagen noe som reduserer ladekapasiteten. Det er heller ikke ønskelig å ha masse paneler så nære bakken da disse enkelt kan bli skadet av folk eller bli tildekket av sekker o.l. folk setter fra seg. Paneler som er montert vertikalt er heller ikke like effektive ettersom vinkelen i forhold til sola reduserer ladingen.

Det er derfor ønskelig å montere solcellepaneler på taket av hytta. Her er det masse tilgjengelig plass og takvinkelen gir naturlig god retning på panelene i forhold til sola. Nyere paneler er mørkere i fargen enn de som er på hytta per i dag, disse vil gå mer i ett med takfargen enn dagens løsning på vegg (se eksempel fra Trulsbu nedenfor). Ved installering av paneler på taket kan panelene som i dag drifter alarmanlegget fjernes og man kan heller benytte de som i dag lader forbruksstrømmen i stedet. Mengden paneler på veggen kan dermed halveres.




Eksempel takmontererte paneler Trulsbu

Beskrivelse av tiltak


Det planlagte tiltaket er å dekke heler eller deler av den sydvendte takflaten med paneler. Bare den bratteste delen av taket benyttes som markert nedenfor. Mtp. værforholdene der oppe er det ønskelig å ha en stor mengde paneler, det er derfor det søkes om å dekke hele takflaten. Deter dessuten en minimal ekstrakostnad og veldig lite ekstra transport knyttet til dette. Batteribanken på hytta oppgraderes også samtidig som det trekkes en 230v kurs. Denne gjør det mulig å kjøre diverse kjøkkenmaskiner og muligens også drifte en del pumper som i dag krever aggregat eller bensindrift. Tiltaket er planlagt utført like i forkant av sesongåpningen, i forbindelse med den ordinære provianttransporten. Egen søknad mtp. transport sendes senere.



Ved e-post av 08.03.2024 opplyser søker at det ligg an til mørke, nesten svarte paneler som er utenpåliggende. Etersom paneldimensjonene er låst blir det ikke slik at hele taket dekkes av paneler. Det er aktuelt å legge 12 paneler fordelt på to rader (bildet nedenfor) evt. oppdelt som vist i bilde 2, litt avhengig av hvordan det passer med plassering av pipa.



Bilde 1. Plassering av 12 solcellepaneler sammenhengende fordelt på to rader.




Bilde 2. Plassering av solcellepanel, alternativ med to felter.

Bildet nedenfor viser hytta sett fra sør på litt avstand.



Fannaråkhytta ligger på toppen av Fannaråken i Jotunheimen nasjonalpark, Luster kommune.



Hjemmelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av vedtekter, sist revidert 19.01.2024.

Verneformål – forskrift

Hensynet til verneverdiene i området er vurdert, særlig i forhold til landskapsverdiene i området som er mest relevant i dette tilfellet, jf. verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.2014 § 1. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller virke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter.

Føremålet med Jotunheimen nasjonalpark er å «*ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep.*

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg*
- *Vakre og eigenarta landskap*
- --

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.1 er *landskapet verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar*

Verneforskrifta har en spesifisert hjemmel som opner for at forvaltningsmyndigheten kan gi tillatelse til *ombygging og mindre utviding av eksisterande bygningar* jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 bokstav a).

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikke oppdatert etter revidert verneforskrift som blei godkjent 14.11.14, men utkastet fra 2008 har blitt brukt som veiledende dokument.

Etablering av solcellepanel på bygningene er ikke omtalt i planen, men det er bl.a. gitt føringer for utvidelser og ombygging av bygninger:

Kap. 8.2. Turisthytter og andre hytter, buer og naust gir bl.a. følgende føringer for utviding eller ombygging av bygninger:

I nasjonalparken er landskapet verna mot inngrep av alle slag, herunder m.a. oppføring, utviding eller ombygging av bygninger (framlegg verneforskrift § 3, 1.1a). Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til mindre utviding eller ombygging av eksisterande bygningar og til bygging av nye bygningar og innretningar som er naudsynte for drifta av turisthyttene (framlegg verneforskrift § 3.1.3a).


Retningslinjer:

Det vil i utgangspunktet ikkje bli gjeve løyve til nye bygg utover dei som det tidlegare (i samband med handsaminga av vernevedtaket) er gjeve løyve til.

Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal utførast i tradisjonell og lokal byggestil og på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området.

Forvaltningsplanutkastet deler verneområdene i ulike soner, etter tilretteleggingsgrad, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tar vi sikte på å ta vare på områdene markert med grønt på forvaltningsplankartet mest mulig uforstyrra. Sonene gjelder både for tekniske inngrep og ulike aktiviteter. Fannaråkhytta ligger i såkalt brukssone, teig 9.

I forvaltningsplanen står bl.a. følgende om soneinndelinga: «Med unntak av nokre mindre område definert som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep, omfattar brukssona dei områda som ikkje er omfatta av urørt natur. Den overordna strategien for brukssona er at den tilrettelegginga som er der i dag kan haldast ved like eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endingar skal det ikkje koma nye tiltak utover slike som er nemnde spesielt i planen.



Naturmangfoldlova

Søknaden skal vurderes etter naturmangfoldlova. Etter naturmangfoldlova § 7 skal prinsippa i lova §§ 8-12 legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet som berører naturmangfold, og vurderinga og vektlegginga skal gå fram av vedtaket.

Presedens

Presedensvirkningen blir vurdert som høy, derfor legger forvaltninga vekt på presedens når det omsøkte tiltaket blir behandla i denne saka. Et moderat svart, solcellepanel som ikke reflekterer lyset, plassert på deler av, eller hele taket på denne hytta, blir ikke sett på som problematisk. Derimot kan verneverdiene bli forringa dersom det skulle bli opna for store flater med solcellepanel på kulturhistoriske bygninger.

Vurdering

Forvaltningsmyndigheten kan gi tillatelse til ombygging/utviding. Med ombygging menes bygningsmessige endringer innenfor eksisterende grunnflate. Som ombygging regnes også tiltak som innebærer bruk av andre materialer og/eller dimensjoner for ytterpanel, dører og vinduer, pipeløp og takteking. Oppføring av solcellepanel på taket kommer inn under denne regelen. I en dispensasjon fra reglene i verneforskrifta skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Forvaltningsplanen sier bl.a. at *«alle byggearbeid skal utførast på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området. Og ellers at «Den overordna strategien for brukssonen er at den tilrettelegginga som er der i dag kan haldast ved like eller fornyast.»*

Ut fra opplysningene gitt i søknaden er tiltaket vurdert som søknadspliktig, da hele eller deler av taket på hytta vil bli dekket av andre materialer enn opprinnelig.

«Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste toppane i Noreg.. og Vakre og eigenarta landskap..» er en viktig del av verneformålet med Jotunheimen nasjonalpark. DNT har behov for å utvide solcellekapasiteten på Fannaråkhytta. Det er ikke mer egnet veggplass på hytta slik at eventuelle nye paneler må monteres på taket. Ladeeffekten på de eksisterende vegghengte panelene er relativt liten, det er liten installert effekt og det vises til at det er få dager med sol på Fannaråken. Det kjøres mye aggregat for å lade batteribanken, samt for å kjøre diverse pumper. Ved å øke mengden tilgjengelig strøm på anlegget vil en også kunne effektivisere drifta av hytta og redusere bemanningsbehovet. Solcellene må plasseres sydvendt for å ha best mulig effekt og det er ønske om å plassere panelene på hele takflaten. Det vises til at mengden paneler på veggen kan halveres. Det vises også til at nyere paneler er mørkere i fargen enn de som er på hytta i dag, og at de vil gå mer i ett med takfargen enn dagens løsning på vegg.

Ved vurdering av om det *kan* gis dispensasjon til omsøkt tiltak skal nasjonalparkstyret vurdere en dispensasjon i lys av verneformålet, naturforholdene i det enkelte området osv. Ved vurdering av om tiltaket er i strid med verneformålet og om det påvirker verneverdiene nevneverdig, må vi ta utgangspunkt i verneformålet slik det er gitt i verneforskrifta § 1.

Naturverdiene i området er dokumentert gjennom Naturbase, Artsdatabanken, oppsyn i området ved Statens naturoppsyn, og etter mange års forvaltningspraksis, jf. nml § 8 (kunnskapsgrunnlaget). Det blei gjennomført sårbarhetskartlegging for fugl i Vest-Jotunheimen i 2018, med særlig fokus på rovfugl, men ikke i dette området. Data om villrein er godt dokumentert gjennom fagnotat om kunnskapsstatus for villrein i Vest-Jotunheimen (Øyjordet, I. 2016), og særleg ved oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for villrein i arbeidet med kvalitetsnormen for villrein i 2023 (tilgjengeleg på www.villrein.no). Området rundt

Hurrungane og Sognefjellet er viktige vinterbeiter for villrein, og også vårbeite og sommerbeite for bukkene. Vi kan ikke se at tiltaket vil ha noen effekt på fuglelivet med vilkår som blir satt. Noen har uttrykt bekymring for reflekser fra solcellepaneler på hyttetak og om dette kan ha betydning for villreinens arealbruk. Det opplyses om at de fleste solcelleanlegg som produseres i dag er ikke-reflekterende. Det er ikke observert villrein oppe på Fannaråken og hytta ligger så høgt at evt. lysrefleksjon ikke vil påvirke villrein.

Fannaråkytta er åpen for allmennheten. Formålet med tiltaket er å effektivisere drifta av hytta, men vi kan ikke se at det vil medføre økt trafikk i området, da hytta har begrensa overnattingskapasitet.

Aktuell byggeperiode er om sommeren, og det er ikke registrert trua eller sårbare naturverdier i området i den perioden. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilfredsstillende for å vurdere saka, jf. nml. § 8, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er derfor ikke tillagt vekt.

Verneområdeforvaltninga skal vurdere virkningen av et tiltak på landskapet, og den samla belastninga av tiltaket jf. nml. § 10. Temaet solcellepanel er ikke omtalt i forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, og vi har ikke egne retningslinjer for oppføring av solcellepanel i Jotunheimen nasjonalpark.

Søknaden omfatter liggende solcellepanel som dekker deler av den bratteste, sydvendte delen av taket. Taket på hytta er mørk grått, og solcellepanelet vil ikke skille seg vesentlig fra taket på de andre bygningene på stedet, forutsatt at det ikke reflekterer sollyset. Solcellepanelet vil sees på avstand når en kommer mot hytta på stien fra Turtagrø fra sør. Forutsatt at det nye solcellepanelet er av en type som ikke gir gjenskinn, vil ikke det nye anlegget gjøre bygningen mer framtrædende på stedet, eller i landskapet enn det eksisterende taktekket. Fannaråkytta har ikke særlige bygningsmessige verdier som det må tas vare på. Landskapets art og karakter blir derfor ikke vesentlig påvirket av et solcellepanel som er plassert flatt på taket. Med vilkår om bruk av solcellepanel som har en coating for antirefleksjon blir legging av nytt solcellepanel derfor vurdert til i liten grad å påvirke landskapets art og karakter i forhold til bygningen. Det vil være en fordel at gamle «blå» panel kan fjernes. Ettersom de eldre panelene kommer til det stadium at de må skiftes ut bør det vektlegges at panelene på hytta er av samme type for å få et mest mulig enhetlig preg.

I retningslinjene fra Miljødirektoratet for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldlova § 48 står det: *«Tiltakets omfang har betydning for graden av påvirkning på verneverdiene. Dette har igjen betydning for presedensvurderingen, ved at store tiltak får potensielt større konsekvenser sammen med andre tilsvarende tiltak enn det som er tilfelle for små tiltak. Man vil dermed akseptere mindre risiko for presedens ved store tiltak enn ved mindre tiltak. Eksempler på tiltak av stort omfang, er oppføring av nye bygninger. Små uthus i tilknytning til hytte kan imidlertid etter forholdene anses som tiltak av mindre omfang. Det samme gjelder tilbygg. Terskelen for å gi dispensasjon til tilbygg til eksisterende hytter slik at disse kan oppgraderes til tidsmessig standard, skal ligge lavere enn for å gi dispensasjon til nybygg».*

Vurderinga til Miljødirektoratet er tillagt stor vekt. Terskelen skal være lavere for å gi dispensasjon slik at eksisterende bygg kan oppgraderes til tidsmessig standard. Forvaltninga vurderer solcellepanel som et mindre tiltak. Ved å stille relevante vilkår er tiltaket vurdert til ikke å påvirke verneverdiene nevneverdig. Det blir i denne saka lagt til rette for et større areal med solceller enn de små panela som har kommet opp på mindre private hytter andre steder i Jotunheimen og Utladalen. Men Fannaråkytta har ei anna utforming og et annet tilbud enn både andre DNT-hytter, og de mindre hyttene ellers i verneområdet. En tillatelse tilpassa behova på hytta som ligger i denne brukssona blir ikke vurdert å skape presedens for andre saker.

Ifølge retningslinjene vil terskelen for presedensvirkning være lavere i en nasjonalpark enn i et landskapsvernområde. Selv om tiltaket er et reversibelt tiltak ved at installasjonen enkelt kan fjernes, er presedensvirkningen vurdert som høy, særlig med tanke på de andre turisthyttene i Jotunheimen og i andre verneområder. Men ifølge retningslinjene fra Miljødirektoratet skal det også vektlegges om søker har spesielle behov for å få gjennomført tiltaket, f.eks. behovet for tilgang på strøm for drift av hytta som kan erstatte behovet for f.eks. dieselaggregat og som erstatning for bruk av vannkraft.

Nml. § 11 er vurdert som lite relevant i denne saka, da tiltaket ikke vil gi skader på miljøet. Ladeeffekten på de eksisterende vegghengte panelene er relativt liten, det er liten installert effekt og det vises til at det er få dager med sol på Fannaråken. Det kjøres mye dieselaggregat for å lade batteribanken, samt for å kjøre diverse pumper. Ved å øke mengden tilgjengelig strøm på anlegget vil en også kunne effektivisere drifta av hytta på kjøkkenet. For å ha en tidsmessig standard på hytta, vurderer forvalter det som nødvendig med tilgang på strøm til nødvendig drift. Ifølge forvaltningsplanen er den overordna strategien for brukssona at den tilrettelegginga som er der i dag kan holdes ved like eller fornyes. Solceller blir sett på som fornybar energi og som et bedre alternativ enn f.eks. dieselaggregat for å løse energibehovet. Det vil også kunne redusere transportbehovet til Fannaråken vesentlig.

Teknologien innenfor fornybar energi er under stadig utvikling. Solcellepanel slik det er søkt om, er vurdert til å være den beste miljømessige løsningen med den kunnskapen som er tilgjengelig pr. i dag (jf. nml. § 12).

Etter vår vurdering vil ikke dette tiltaket, med gitte vilkår, stride mot formålet med vernevedtaket jf. § 1, og heller ikke påvirke verneverdiene nevneverdig. Med hjemmel i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 bokstav a) kan det derfor gis tillatelse til tiltaket.

Arkivsaksnummer: 2023/15410-3

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 07.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	18/2024	15.03.2024

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - rådgjevande utval - oppnemning - 2024 - 2027

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har gode erfaringar med gjeldande samansetnad av det rådgjevande utvalet, og vidarefører etabelert ordning med følgjande justering: Begge dei nye informasjonssentra på vestsida blir representert i utvalet, på linje med Norsk Fjellsenter som frå før er autorisert som informasjonssenter for Jotunheimen.

Med heimel i pkt. 6.8 i *Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer* av 19.01.2024 fattar Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen slikt vedtak om Rådgjevande utval:

- *Representasjon frå Luster (2 medlemmar)**
- *Representasjon frå Lom (2 medlemmar)**
- *Representasjon frå Vang (2 medlemmar)**
- *Representasjon frå Vågå (2 medlemmar)**
- *Representasjon frå Årdal (2 medlemmar)**
- *DNT Oslo og Omegn (2 medlemmer)*
- *Forum for Natur og Friluftsliv i Oppland (2 medlemmer)*
- *Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane (2 medlemmer)*
- *Norsk Fjellsenter (1 medlem)*
- *Utladalen Naturhus (1 medlem)*
- *Fortun Grendalag (1 medlem)*
- *Visit Sognefjord AS (1 medlem)*
- *Nasjonalparkriket Reiseliv (1 medlem)*
- *Visit Jotunheimen (1 medlem)*
- *Visit Valdres (1 medlem)*
- *Villreinnemnda for Sogn og Fjordane (1 medlem)*

*Dei 5 kommunane blir for kvar valperiode bedne om oppnemning av to representantar, der minst den eine også skal vera grunneigarrepresentant (medlem av fjellstyret eller sameige). Det kan vera naturleg at fjellstyra og sameiga sjølve peikar ut sin representant.

Organisasjonane melder eventuelle endringar av sine kontaktpersonar til sekretariatet, og der den faste representanten ikkje kan møte vert det oppmoda om å møte med ein vara.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer oppnevnt i medhold av naturmangfoldloven § 62. Fastsatt av Miljødirektoratet 19.01.2024
- Styresak 59/2015 - *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Medlemmer til Fagleg rådgivende utvalg 2016-2019*

Saksopplysningar

I sak 59/2015 vart det gjort vedtak om samansetnad av Rådgjevande utval (kursiv, svart skrift), og kontaktpersonane vi har hatt i perioden 2020-2023 er vist med blå skrift i oversikten under. Organisasjonane har vore bedne om å melde eventuelle endringar av kontaktperson(ar) når dette har vore aktuelt.

«Med heimel i pkt. 9 i Vedtekter for nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjer Nasjonalparkstyret vedtak om følgjande samansetnad av fagleg rådgivende utval:

- *Representasjon frå Luster (2 medlemmar) – Arne J. Hauge og John Rolf Bjørnevåg*
- *Representasjon frå Lom (2 medlemmar) – Erik Frisvold og Svanhild Lyngved*
- *Representasjon frå Vang (2 medlemmar) – Jon Lerhol og Lars Skrinrud*
- *Representasjon frå Vågå (2 medlemmar) – Karola Wentzel og Pål Grev*
- *Representasjon frå Årdal (2 medlemmar) – Jasmin Eminovic og Ole Bjarne Hovland*
- *DNT Oslo og Omegn (2 medlemmer) –Tor M. Stenseng og Lise Havik / Andrea Vestvik*
- *Forum for Natur og Friluftsliv i Oppland (2 medlemmer) – Ole M. Fossli og Tom O. Dahl*
- *Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane (2 medlemmer) Ket Fossen*
- *Norsk Fjellmuseum (1 medlem) – Nå: Norsk Fjellsenter, dagleg leiar Mai Bakken*
- *Utladalen Naturhus (1 medlem) – Johannes Skahjem/Samuel Båtsvik/Torunn T. Laberg*
- *Visit Sognefjord AS (1 medlem) – Ståle Brandshaug (har aldri møtt) / Heidi Hauge*
- *Nasjonalparkriket Reiseliv (1 medlem) – Ole Erik Bjørnstadhaugen*
- *Jotunheimen Reiseliv (1 medlem) – Nå: Visit Jotunheimen, Mari A. Wedum*
- *Valdres Destinasjon AS (1 medlem) – Nå: Visit Valdres, Julia Helgesen*
- *Villreinnemnda for Sogn og Fjordane (1 medlem) – Ole Bjarne Hovland*

Det blir sendt brev til dei 5 kommunane der ein ber kommunestyret om oppnemning av to representantar, der minst den eine også skal vera grunneigarrepresentant (medlem av fjellstyret eller sameige). Det vil vera naturleg av fjellstyra og sameiga sjølve peikar ut sin representant.»

Rådgjevande utval kjem ikkje inn under ordninga statleg oppnemnde organ som skal ha møtegodtgjersle etter reglane i Statens personhåndbok. Det blir gjeve refusjon av reiseutgifter etter Statens satsar, og overnatting og servering er dekt over styrebudsjettet.

Heimelsgrunnlag

Delegering

I medhald av pkt. 6.8 i *Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer* datert 19.01.2024 skal det etablerast eit rådgjevande utval for nasjonalparkstyret:

«6.8 Oppnevne rådgivende utvalg

Nasjonalpark-/verneområdestyret skal oppnevne et rådgivende utvalg. Utvalget skal bestå av representantar for de ulike interessene i området. Formålet er å legge til rette for et godt samarbeid mellom forvaltningsmyndigheten, offentlige organ, grunneiere, næringsliv, frivillige organisasjoner og samiske interesser der det er relevant.

Rådgivende utvalg kan bl.a. bestå av representantar for grunneiere og rettighetshavere, friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjoner (f.eks. natur- og miljøorganisasjoner) og særlig berørte offentlige organer. Nasjonalpark- og verneområdestyret bør ha minst ett årlig dialogmøte med rådgivende utvalg.»

Vurdering

Rådgjevande utval skal vera ein ressurs for styret, med lokalkunnskap og informasjon om ulike brukarinteresser innan verneområdet. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har eit fast årleg møte med Rådgjevande utval, kombinert med eit ordinært styremøte. Møtestad følgjer ei rullering med møtestad i dei ulike kommunane kvart femte år. Med dette er det også høve til synfaringar slik at styret og utvalet får gjort seg kjent i ulike delar av verneområda og får informasjon om ulike tilretteleggingstiltak eller utfordringar i forvaltninga.

Nasjonalparkstyret og -sekretariatet har også etablert praksis med å invitere desse som observatørar til møta i Rådgjevande utval:

- Fjelloppsynet frå fjellstyra i Lom, Luster, Vågå, Årdal og Vang
- Administrativt kontaktutval med 1 representant frå kvar kommune og kvar fylkeskommune
- Ein representant frå kvar av miljøvernavingane i Innlandet og Vestland.

Enkelte gonger har ein også med ekstern innleiar som set fokus på bestemte tema. I 2023 var det tema Villrein og arbeidet med kvalitetsnorm og tiltaksplanar for villrein, med innleiing av Siri Bøthun.

Samansetnad av rådgjevande utval for Jotunheimen og Utladalen byggjer på den gamle ordninga med tilsynsutval i kvar kommune, som var heimla i verneforskriftene frå oppretting av vernet i 1980. Tilsynsutval vart teke ut ved revisjon av verneforskriftene 14.11.2014. Det var gode erfaringar med modellen, og som ei vidareføring av opplegget med kommunale tilsynsutval fekk kvar kommune to representantar, der minst ein skulle representere bruksrett/grunneigarrett.

Fjellstyra har derfor vore representert både i tilsynsutval og i vårt første rådgjevande utval, og vi har også praktisert å invitere med dagleg leiar i fjellstyra som observatør, sidan dei forvaltar størsteparten av verneområda etter fjellova. Ein god dialog er derfor viktig for å kunne ivareta parallelle behandlingar etter ulike lovverk. Det same gjeld for dei administrative kontaktutvala, da det også er saker som krev behandling både etter verneforskrift og lovverk forvalta av kommunen, i første rekkje plan- og bygningslova og motorferdsellova.

Utladalen Naturhus har vore sentrale når det gjeld praktisk utføring av skjøtsel, og fekk plass i rådgjevande utval da dette vart etablert. Med autorisasjon av to nye informasjonssentra på vestsida, er det klart at også besøkssenteret i Fortun skal ha plass i Rådgjevande utval, på linje med vårt tidlegare autoriserte informasjonssenter – Norsk fjellsenter.

Ut over denne utvidinga ser vi ikkje behov for å endre samansetnaden av utvalet, og tilrår ei vidareføring av dagens modell. Enkelte aktørar, som Visit Sognefjord, har i liten grad møtt i utvalet. Sekretariatet vil ta kontakt og høyre om dei ser for seg å supplere med ein vararepresentant, slik at også reiselivet i Vestland blir representert. På austsida har vi tre destinasjonsselskap, som i stor grad har delteke i møta med Rådgjevande utval.

Det at DNT-Oslo og Omegn og Forum for Natur og Friluftsliv i dei to fylka er inviterte inn med to representantar kvar kjem av at desse aktørane dekkjer mange ulike aktivitetar.

DNT-OO har vore representerte med ein som er knytt til drift av hyttene, og ein med ansvar for sti- og løypenett. Forum for Natur- og friluftsliv representerer fleire natur- og friluftslivsorganisasjonar på regionalt nivå, og har fått to representantar for å dekke breidda i dette nettverket. FNF - Oppland/Innlandet har praktisert å ha med ein frå administrasjonen på regionalt nivå og ein lokal representant, medan FNF i vest sjeldan har møtte med fleire enn ein. Dette er noko som det er opp til organisasjonsane sjølve å handtere, og frå sekretariatet si side set vi pris på oppslutnad og engasjement.

ST 19/2024 Eventuelt